

**Kjell Lars Berge, Trine Gedde Dahl  
og Stephen Walton (red.)**

**Skriftkultur**

© Forfatterne 2004

Trykk: Lobo Media AS  
Omslagsdesign: Aud Gloppe

ISSN 1502-6000  
ISBN 82-90954-25-5

Utgitt av Norsk sakprosa i samarbeid med  
Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF)  
Utgivelsen er finansiert av NFF

Norsk språkråd og Ivar Aasen-instituttet har støttet utgivelsen

Norsk Sakprosa  
INL  
Postboks 1013 Blindern  
0315 Oslo

Tlf : (+47) 22 85 67 11  
Faks: (+47) 22 85 71 00  
E-post: [norsk-sakprosa@inl.uio.no](mailto:norsk-sakprosa@inl.uio.no)  
Internett: [www.hf.uio.no/inl/sakprosa](http://www.hf.uio.no/inl/sakprosa)

# Innhold

Skriftkultur.....	5
<i>Kjell Lars Berge</i>	
Skriftkultur – kva er det? .....	15
<i>Leidulf Melve</i>	
I stället för nynorska. Folkrörelser, modernitet och skriftkultur – ett svenskt perspektiv.....	43
<i>Olle Josephson</i>	
Pragerskolen og skriftlighedssproget – et tjekkisk perspektiv .....	59
<i>Karen Gammelgaard</i>	
Kultursemiotiske perspektiv på skriftkulturen .....	71
<i>Jostein Børtnes</i>	
Nynorskens sanselege kropp – eit kulturanthropologisk perspektiv.....	83
<i>Ole M. Høystad</i>	
Sex and rock'n'roll, but probably not many drugs: Nynorsk skriftkultur.....	97
<i>Stephen Walton</i>	
Domenet for den nynorske skriftkulturen .....	109
<i>Vidar Lynghammar</i>	
Jorda rundt i kavbåt og andre klassikarar.....	125
<i>Per Egil Hegge</i>	



# **Skriftkultur**

Kjell Lars Berge

I denne boka trykkes et utvalg artikler opprinnelig holdt som foredrag ved et seminar om skriftkultur som prosjektmiljøet Norsk sakprosa 2000-2003 arrangerte i samarbeid med Norsk språkråd og Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda i 28.–29. november 2002. Seminaret ble arrangert på Universitetet i Oslo. Temaet for seminaret var ”skriftkultur”. En svært viktig grunn til at Ivar Aasen-instituttet stod som samarbeidspartner, var at Høgskulen i Volda ganske nylig hadde etablert et studium i nynorsk skriftkultur. Derfor var – og er – temaet for de fleste foredragsholderne/artikkelforfatterne den nynorske delen av den norske skriftkulturen.

Når begrepet ”skriftkultur” ble valgt som begrep for seminaret og som tittel og i innledningen til denne artikkelsamlingen, er det ment som et ord som skal dekke betydningsområdet for det engelske fagordet ”literacy”. Det har ikke vært enkelt å finne noen fullgod norsk eller nordisk avløserterm for ”literacy”, og mange løsninger har vært presentert. Ett av de beste forslagene er nettopp ”skriftkultur”. Så hvorfor ikke bestemme oss for det? Termen ”skriftkulturforskning” vil i så fall dekke det fagområdet som det refereres til med den engelske termen ”literacy studies”.

Men hvorfor skulle prosjektmiljøet Norsk sakprosa arrangere et seminar om skriftkultur generelt og involvere seg i nynorsk skriftkultur spesielt? Vi svarer på spørsmålet med en liten orientering om noen utvalgte temaer i skriftkulturforskningen.

## **Hvorfor skriftkultur?**

I prosjektmiljøet Norsk sakprosa 2000-2003 har det overordnede formålet gjennom hele prosjektpersonen vært å etablere forskningen på sakprosaens tekster og tekstkulturer som et tekstvitenskapelig fag, på linje med studiet av skjønnlitteratur og religiøse tekster for eksempel. Strategien har *ikke* vært å ta hensyn til, tilpasse eller underlegge studiet av sakprosa etablerte måter å studere tekster på innenfor andre fagtradisjoner. Hensikten har vært å prøve ut ulike muligheter som forskjellige tekstorienterte fagtradisjoner tilbyr, slik som retorikk, diskursanalyse, tekstlingvistikk, genreanalyse m.m. Noen av disse forskningstradisjonene har pekt seg ut som mer opplagte å knytte an til enn andre når sakprosa-forskningen skal utvikles som en vitenskapelig disiplin.

Skriftkulturforskning er en svært viktig forskningstradisjon for den som vil forske på sakprosaen i fortid og nåtid. Sakprosa er skriftkultur, og skriftkulturforskningen tilbyr redskaper for å studere hvordan og hvorfor sakprosaen etableres i en skriftkultur, og hvordan og hvorfor den utvikler og endrer seg.

Men skriftkulturforskningen er en kompleks og sammensatt disiplin med mange forskjellige utgangspunkt og problemstillinger. De grunnleggende forståelsene er ikke særlig etablerte. Likevel er de fleste av de grunnleggende problemstillingene innenfor dette feltet relevante for studiet av sakprosa. La oss nevne noen av dem:

Studier av ”literacy”/skriftkultur har i norske fagmiljøer for en stor del vært studier av alfabetiseringen av samfunnet og individer i samfunnet. I en slik tradisjon er kjernen i skriftkulturforskningen avskaffelsen av analfabetisme. Analfabetisme forstås av mange skriftkulturforskere som en slags kulturell lidelse eller mangel. Og der den er utbredt, vurderes den som en av de viktigste hindringene for at komplekse samfunn kan utvikle seg. Studiet av skriftkultur/literacy er derfor det samme som studiet av alfabetiseringsprosesser. Typiske problemstiller i alfabetiseringstradisjonen av skriftkulturforskningen har vært lese- og skriveferdighetsnivået i ulike samfunn, hvordan man lærer seg å lese og skrive, hvem det er som leser og skriver, og hvorfor noen mennesker har problemer med å utvikle en akseptabel lese- og skriveferdighet. Det er publisert flere viktige bidrag til studiet av norsk skriftkultur der en tilnærming av denne typen er den framtredende, f.eks. Kjell Ivar Vannebos *En nasjon av skriveføre: om utviklinga fram mot allmenn skriveferdighet på 1800-tallet* (1984), eller Bente Hagtvæt, Frøydis Hertzberg, og Kjell Ivar Vannebos antologi *Ferdigheter i fare? Om lesing og skriving i dagens samfunn* (1994).

Som en forstår, er denne tilnærmingen til studiet av skriftkultur preget av å være praktisk-pedagogisk orientert. En er opptatt av strategier for hvordan lese- og skriveferdighetene blant barn og unge kan utvikles, hvordan tendensene til såkalt ”funksjonell” analfabetisme blant voksne kan motarbeides, og hvordan man skal komme videre fra det nivået lese- og skriveferdighetene i samfunnet står på. Mellom denne typen skriftkulturforskning og fagfeltet språkplanlegging er avstanden ikke lang. Ikke minst er det opplagt i et land med en skriftkulturell tradisjon som Norge. I Norge er det tradisjon for omfattende rettskrivningsreformer der hensikten har vært å tilpasse skriftspråket til talespråket så langt som overhodet mulig. Motivasjonen for denne tilnærmingen av tale og skrift på tallens premisser har hele tida vært å gjøre tilgangen til skriften enkel for folk flest. Et viktig ideologisk premiss for rettskrivningsarbeidet har vært at jo nærmere skriften står talen, jo mer tilgjengelig blir skriftkulturen for hverdagsmennesker uten spesiell faglig ballast eller skolering. Det var en av grunnene til at skriftkulturseminaret hadde interesse for Norsk språkråd også. På seminaret ble forslagene til den nye nynorsknorma som da forelå, diskutert, uten at det er markert direkte i noen av de foredragene som er trykt i denne boka.

Men den internasjonale literacy-forskningen har etter hvert blitt betydelig mer og omfattende enn studiet av alfabetisering og det praktiske pedagogiske arbeidet med alfabetiseringen. Skriftkulturforskning er også studiet av skriftsystemer, studiet av hva skrift brukes til og skriftkulturer generelt. Og den er opptatt

av skriftkulturens påvirkning på individer og grupper av individer. En problemstilling som har vakt stor interesse i denne utvidede skriftkulturforskningen, har vært om, og i så fall hvordan, skriften og ulike typer skriftssystemer kan strukturere og påvirke våre måter å tenke på, og hvordan skriften organiserer samhandlingen i et samfunn. Blant de tekstene som etablerte en slik brei skriftkulturforskning, kan den klassiske artikkelen til den engelske antropologen Jack Goody og landsmannen litteraturviteren Ian Watt "The consequences of literacy" fra 1963 nevnes. Jack Goody har gjennom et omfattende forfatterskap utviklet tankene fra denne teksten i bøker som *The domestication of the savage mind* (1977) og *The interface between the written and the oral* (1987)<sup>1</sup>. Walter Ongs bok fra 1982 *Orality and literacy: the technologizing of the word* er en populær versjon av de tankene og ideene som Goody og andre utvikler i andre publikasjoner. Et nordisk bidrag til samme fagtradisjon er Jan Lindhardts bok fra 1989 *Tale og skrift: to kulturer* utgitt bl.a. i skriftserien til Landslaget for norskundervisning.

Denne litteraturen og forskningsretningen har gitt skriftkulturforskningen en utpreget kognitiv og teknologideterministisk forankring. Men den er omstridt, for å si det mildt. Grunnleggende hevder man at skriftteknologien påvirker tenkingen direkte. Antakelsen er gjerne ledsaget av forestillinger om at visse skriftsystemer påvirker vår måte å tenke på i spesielle retninger og strukturerer den på særskilte måter - derav determinismen. I en viss periode var det en etablert forestilling innenfor denne tradisjonen at alfabetisk eller fonologisk basert skrift påvirket tenkningen på en måte som la til rette for moderne vitenskap og rasjonalitet. Teknologi- og vitenskapsrevolusjonen i den europeiske kulturen skulle altså kunne forklares med en utbredt bruk av fonologisk skrift. Walter Ong (og Jan Lindhardt for øvrig) er en innflytelsesrik talemann for et slikt syn. Et sentralt kapittel i Ongs bok heter da også "Writing restructures consciousness" (Ong: 78). Ikke minst her i Norge har Ong blitt lest mye.

Å nærme seg skriftkulturer på en slik måte, innebærer at man antar at samfunn kan studeres, forstås og klassifiseres alt ettersom de har utviklet og tar i bruk skriftspråk eller ikke. Ikke overraskende har fundamentet for antakelsene - at visse skriftsystemer påvirker og strukturerer tenkingen etter visse mønstre - blitt imøtegått. Innflytelsesrike bidrag til en kritikk av en kognisjons- og teknologideterministiske forståelser av skrift og skriftkultur er Sylvia Scribner og Michael Coles bok *The psychology of literacy* fra 1981. I Scribner og Coles bok kritiseres forestillingen om at våre skriftsystemer legger bedre til rette for moderne rasjonalitet enn andre, på en måte som var svært overbevisende. Helt avgjørende for Scribner og Coles troverdighet var at deres kritikk var basert på grundige empiriske studier av den afrikanske Vai-kulturen, der flere skriftsystemer ble brukt ved sida av hverandre. Et svært viktig moment i den sammen-

---

<sup>1</sup> Goody var en av bidragsyterne til et av seminarene som la grunnen for studiet av nynorsk skriftkultur, publisert som artikkelen "Modernity, Nation and Written Culture" i boka med samme navn redigert av J. Peter Burgess og Odd Monsson.

hengen som denne samlingen av foredrag er, er at Scribner og Coles bok la grunnen for en mer sosio-kulturelt orientert tilnærming til skriftkultur. Tankene deres bidro til at skriftforskerne gikk over fra å interessere seg for skriftens kognitive konsekvenser til å interessere seg for de kulturelle og sosiologiske følgene av bruken av skrift i meningsskapende samhandling mennesker i mellom (Melve 2001).

I den sosio-kulturelt orienterte skriftkulturforskningen er den overordnede problemstillingen hva skrift brukes til et samfunn, hvordan skriftkulturen stimulerer til utviklingen av visse genrer og skrivemåter, hvilke disse skriftkulturelle genrene er, hvorfor de er utviklet slik de er, og hvem det er som bruker disse forskjellige genrene. Man er opptatt av hvorfor og i hvilke sammenhenger og kontekster skrift brukes som kommunikasjon mellom individer, grupper og institusjoner. Gode eksempler på bøker som argumenterer for og presenterer en slik skriftkulturforskning, er den engelske lingvisten Brian Streets *Literacy in theory and practice* fra 1984 og David Bartons *Writing in the Community* fra 1991 (sammen med Roz Ivanic) og *Literacy: an introduction to the ecology of written language* fra 1994. Denne skriftkulturforskningen står meget sterkt i dag. Her i Norge har det de seineste åra blitt utgitt to meget viktige norske bidrag til denne versjonen av skriftkulturforskningen gjennom Jostein Fets skjellsettende empiriske studier av skriftkulturen på Sunnmøre: *Lesande bønder: litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840* (utgitt i 1995), samt hans helt ferske bok *Skri-vande bønder: skriftkultur på Nord-Vestlandet 1600-1850* (2003). Siden starten på 1960-tallet har skriftkulturforskningen har følgelig utviklet seg i en utpreget samhandlingsorientert retning.

Sakprosa er som nevnt skriftkultur. Derfor er store deler av den skriftkulturelle fagtradisjonen interessant for sakprosaforskningen. Men spesielt rik på spennende muligheter er kanskje den sistnevnte bruksorienterte, sosio-kulturelt definerte skriftkulturforskningen. Denne skriftkulturforskningen gir sakprosaforskeren redskaper til å studere hvordan sakprosaen etableres, hvordan den utvikler seg og hvordan sakprosaen plasserer seg i den samlede skriftkulturen i et samfunn.

Det som likevel skiller skriftkulturforskningen fra mye av den språk- og tekstvitenskapen som sakprosaforskningen også må forholde seg til og innarbeide i teori- og metodegrunnlaget, er at den i grunnen er *antropologisk* orientert. Følgelig er skriftkulturforskningen helt klart mer opptatt av å studere kontekst enn å undersøke tekst og teksters strukturer. Tekstene og språket som brukes i dem, er interessant i den grad de representerer skriftkulturene. Tekst og språk studeres ikke nødvendigvis med en språk- eller tekstvitenskapelig tilnærming. Samfunnet beskrives og klassifiseres ut i fra i hvilken grad det brukes skrift i organiseringen av samfunnet, hvordan det brukes skrift i samfunnet, hvilke yrker og arbeidsoppgaver i samfunnet som krever skriftspråk, hvilken praktisk, kulturell og symbolsk verdi skriften har i samfunnet, f.eks. som kilde til og redskap i

utøvelsen av makt. Et godt eksempel på en slik skriftkulturklassifiserende tilnærming er Jack Goodys bok *The logic of writing and the organization of society* fra 1986. I denne boka er grunnlaget for komplekse samfunn beskrevet ut i fra, og delvis forklart med, bruken av skrift. Undersøkelsen av hvordan samfunnet er bygd opp, tar utgangspunkt i de ulike skriftkulturene som til sammen utgjør samfunnet: religionen ("The word of God"), økonomien ("The word of Mammon"), administrasjonen ("The state, the bureau and the file") og rettsvesenet ("The letter of the law"). Et av Goodys poenger er at bruken av skrift gjør det mulig med komplekse organisasjoner innenfor disse feltene. Takket være skriften har denne typen organisasjoner en høyt utviklet hukommelse (et arkiv er et tekstlager, et bibliotek er et tekstmuseum) og tilgang til et redskap som tillater en kritisk og distanserende selvrefleksjon. Dermed legges det også til rette for mulighetene til samfunnsendring. Et godt eksempel på det er utviklingen av den vitenskapelige artikkelen i Toscana og England rundt 1600 (Halliday & Martin 1993, Bazerman 1988). Den vitenskapelige artikkelen er en strengt kvensjonalisert skriftspråklig genre som gjør det mulig for folk å etterprøve vitenskapelige forsøk, finne forskningsbasert kunnskap og bidra til teknologisk nyskaping.

I skriftkulturforskningen er man også opptatt av å forstå skrift som teknologi, og skriftens historie som teknologihistorie. Derfor er det kort avstand fra skriftkulturforskningen til medieforskningen. I mye medieforskning er det en stor interesse for hvordan utviklingen av ulike teknologier legger til rette for og stimulerer til visse typer medier, slik som bøker, aviser, radio, tv og Internett. Slik kan forskningen på skrift og bruken av skrift suppleres med studier av andre semiotiske måter å skape mening på, for eksempel bilder, typografi og design. Internasjonalt har det de siste åra utviklet seg en stor interesse for det som kalles *multimodalitet*, dvs. hvordan det i en og samme tekst kan brukes flere meningskapende ressurser samtidig (Kress & van Leeuwen 1996). Ett godt eksempel er en avisforside, et annet et nettsted. Det er selvsagt ikke noe nytt under sola her. En hvilken som helst velbevart kirke fra middelalderen gir vel så gode eksempler. At protestantene når de herjet på som verst og var mest ihuga, hadde stor glede av å ødelegge disse sanselige smykkeskrinene og erstatte dem med kalkevegger der kun skriften og Skriften fikk bli igjen, illustrerer mer enn tydelig nok at skrift i visse sammenhenger kan tillegges magisk makt. Ikonoklaster og puritanere i alle varianter har gjennom hele historien og i ulike religioner ment at skriften og den skriftbaserte teksten har en spesiell verdi som en intellektuell og umiddelbar representasjon av guddommens tale. Den visuelle kulturen er derimot sanselig, frodig og verdslig, og følgelig truende.

## **Hvorfor nynorsk skriftkultur?**

Jeg har allerede nevnt det opplagte svaret på spørsmålet. Det nylig etablerte masterstudiet i nynorsk skriftkultur var og er en viktig faglig nyskaping i den norske vitenskapskulturen. Dette originale studietilbudet fortjente en presentasjon for et akademisk publikum også i hovedstaden, og for et forskningsmiljø som ønsker å

studere den norske sakprosaen både på nynorsk, landsmål, bokmål, riksmål og dansk. At det nettopp er nynorsken som det utvikles et skriftkulturelt studium for, kan kanskje overraske, så opptatt som man innenfor nynorsk- og Aasen-filologien har vært av å legitimere nynorsk skriftspråk og utbredelsen av det, med særtrekkene til norske dialekter og den talespråklige variasjonen som finnes der. Den tradisjonelle og dominerende norskfilologien har ment at den konstituerende egenskapen ved nynorsken har vært å reflektere visse gjennomgående (dvs. "norske") trekk ved disse norske dialektene. Og dessuten har man vært opptatt av å skille ut fra det nynorske skriftspråket trekk som har vært ansett som fremmede for norske dialekter (f.eks. orddanning med hjelp av affiksene an-, be, -het og -else og nominaliseringskonstruksjoner allment). Debatten om hvordan nynorsken skal struktureres som skriftspråk, har ofte, ja oftest, vært basert på forestillinger om hvilke egenskaper norsk talespråk på bygdene har, og ikke skriften og skriftradisjonen. Den siste har en tendens ikke bare til å bli oppfattet som sekundær, men også som truende. I dette forordet er det ikke uinteressant å vise til Helge Sandøys artikkel "Tale og skrift - to kulturar?" (Sandøy 2002: 113-134) som et klart uttrykk for slike ideer. Artikkelen ble opprinnelig holdt som et foredrag på ett av oppstartseminarene for masterstudiet i nynorsk skriftkultur. Når denne artikkelen spesielt nevnes, er det fordi den artikulerer den frykten en etablert talespråklig orientert forsker med nynorsk som målform, kan føle når skriftspråksforskere tar til orde for et mer nyansert syn på forholdet mellom tale og skrift, og talespråkskultur og skriftkultur, enn det som har vært vanlig i Norge. Mens han går til frontalangrep på norske og nordiske skriftkulturforskere, trekker han følgende konklusjon:

Jan Lindhardt gav i 1989 ut boka *Tale og skrift - to kulturer*, der han viser til dei store framstega som kjem med skriftkulturen, og til at skriftmålet riv seg laus fra talen. Med eit slikt utgangspunkt blir neste steget i den tankerekkj lett at ein seier talen er blitt mindre viktig for skrifta, og så er steget - som lelsen sluttar seg til - at talen er mindre verd. I det siste har eg faktisk sett at folk vågar å skrive avisinnlegg igjen om at talemålet representerer *ei forflating*. Så lenge dialektrørsla verka, var det visse kulturelle restriksjonar mot slik formuleringar. No kjem dei att. (op.cit: 123)

At Sandøy i artikkelen går til angrep på de problematiske sidene ved skriftkulturforskningen som jeg har omtalt ovenfor, er ikke poenget her. Denne fikseringen ved talespråk innenfor nynorskfilologien, som Sandøy er en utmerket representant for, har bidratt til at oppmerksomheten sjeldent har blitt rettet mot de skriftlige dimensjonene ved det språklige kulturarbeidet nynorsken har bidratt til. Man har sett bort fra at nynorsken og nynorskkulturen siden midten av 1850-tallet har vært et laboratorium for skriftkulturelle eksperiment. Med etableringen av studiet i nynorsk skriftkultur vil det med nødvendighet skje en dramatisk endring i tilnærmingen. Endringen vil måtte føre med seg at hovedfokuset i studiet av nynorsk skifter fra talespråklig variasjon til skriftspråklig variasjon. Og når en legger vekt på å studere skriftspråklig variasjon, studerer man tekster og

de genrene som tekstene forholder seg til og brukes som meningsskapingsressurs for. Dermed blir det også viktig å studere de sammenhengene disse tekstene skrives i og i hvilke sammenhenger genrene er utviklet, samt hvilke behov og funksjoner de skal ivareta - uten nødvendigvis å skjele til talespråket.

At normeringsideologien i liten grad har tatt utgangspunkt i skriften og skriftkulturen, har også bidratt til at nynorsk skriftkultur har vært lite studert. Seminaret og denne artikkelsamlingen skal da også være en oppfordring til å gjøre den nynorske skriftkulturen til en selvfølgelig gjenstand for undersøkelser.

### ***Om bidragene***

Alle foredragene på konferansen er gjengitt i denne artikkelsamlingen. Det som ikke er gjengitt, er kommentarene til de ulike innleggene.

Leidulf Melve fikk æren av å innlede både seminar og artikkelsamling. Melve er stipendiat i historie ved Universitetet i Bergen. Han har etterhvert etablert seg som en av Norges fremste kjennere av skriftkulturforskning. På Det Norske Samlaget utgav han i 2001 boka *Med ordet som våpen: tale og skrift i vestleg historie*. Denne boka er den første presentasjonen av skriftkulturforskning på norsk. Melve presenterer de konstituerende problemstillingene og frontene i skriftkulturforskningen, og gir oversikt over noen av de viktigste epokene i skriftkulturhistorien. Han avslutter med å knytte sine synspunkter og presentasjoner til temaet nynorsk skriftkultur.

Olle Josephsons bidrag *I stället för nynorska. Folkrörelser, modernitet och skriftkultur – ett svenskt perspektiv* presenterer meget viktig svensk grunnforskning om utviklingen av de skriftkulturene de mange folkebevegelsene på 1800-tallet bidro til. Josephson er docent i svensk språk, og er leder for Svenska språknämnden. Josephson har vært medansvarlig for de viktige og nyskapende forskningsprosjektene *Arbetarrörelsen och språkbruket* (Josephson 1996) og *Svensk sakprosa* (Melander & Olsson 2001, Englund & Ledin 2003). Josephson viser hvilke konsekvenser denne skriftkulturelle utviklingen fikk for utviklingen av svensk riksspråk. Et av Josephsons mange viktige poenger og innsikter er at selv om man i Sverige – i motsetning til i Norge – mangler en folkebevegelse som argumenterer for et skriftspråk som er forankret i vanlige folks talespråk, har den skriftkulturelle utviklingen fulgt den samme retningen som her. Det avgjørende for en slik utvikling er at skriftspråket tas i bruk av folkebevegelsene på deres premisser og blir tilpasset genrer som er hensiktsmessige for de politiske og kulturelle arenaene som folkebevegelsene opptrer på.

Et spennende laboratorium for skriftspråksutvikling har vært Tjekkia og Tjekkoslovakia. I hovedstaden Praha har dessuten et av de viktigste, mest originale og mest innflytelsesrike forskningsmiljøene på skriftforskning blitt utviklet. Førsteamuanensis i tjekkisk ved Universitetet i Oslo, Karen Gammelgaard, presenterer i sin artikkel *Pragerskolen og skriftlighedssproget – et tjekkisk pers-*

pektiv denne forskningen og de praktiske språkplanleggingsoppgavene den vokste fram av. Pragerskolen har vært - og er - en av de toneangivende retningene innenfor den funksjonalistiske språkforskningen. Et grunntrekk ved skolen er at den foreslår å utvikle skriftspråket ut i fra de oppgaver det skal fylle i samfunnet. Skriftspråkene må altså tilpasses de genrene og stilregistrene som finnes i en skriftkultur. Merkelig nok har denne forskningstradisjonen hatt liten innflytelse på norsk språkforskning og språkplanlegging.

Et av de få forskningsmiljøene internasjonalt som kopler studiet av kontekst med studiet av meningsskaping gjennom språk og tekst er Tartu-skolen. I artikkelen *Kultursemiotiske perspektiv på skriftkulturen* presenterer Jostein Børtnes dette viktige tverrfaglige og disiplinoverskridende forskningsmiljøet. Skolen ble etablert på Universitetet i Tartu i Estland under den sovjetiske perioden. Det ble ledet av litteraturforskeren Jurij Lotman. Tartu-skolens kulturforståelse er utpreget dynamisk, og den er opptatt av kulturenes grenser og kulturelle grenseoverskridelser. Skolen legger også stor vekt på å forstå som språk kommunikativt og gjennom de tekster som skapes i kulturen. Børtnes illusterer skolens problemstiller og gjør dem levende for oss gjennom å beskrive sine egne kulturelle reiser i norsk språk og i norske skriftkulturer. Børtnes er professor i russisk litteratur ved Universitetet i Bergen.

I artikkelen *Nynorskens sanselege kropp. Eit kulturanthropologisk perspektiv* presenterer Ole M. Høystad noen problemstillinger som lett kan overses i skriftkulturelle sammenhenger. Høystad ønsker å sette fokus på forholdet mellom språk og våre kroppslige og sanselige erfaringer. Språket er innvevd i dem, og kan ikke forstås og gis mening uavhengig av dem, mener Høystad. Fra denne litt uvante posisjonen argumenterer han for at nynorsken gjennom sin spesielle skriftkulturelle tradisjon, er plassert spesielt tett opp til slike kroppslige erfaringer og forståelser. Høystad er professor i kulturstudier ved Høgskolen i Bø.

Stephen J. Walton, Norges første professor i nynorsk skriftkultur, får i artikkelen med den heftige tittelen *Sex and rock'n'roll, but probably not many drugs: nynorsk skriftkultur* slippe til med en presentasjon av det nye studietilbudet han er faglig ansvarlig for. Walton diskuterer faget og det fagsynet det nynorske skriftkulturstudiet bygger på, skisserer noen faktiske og mulige konflikter knyttet til studiet av nynorsk skriftkultur og opprettelsen av det.

Tidligere i denne innledningen argumenterte jeg for og oppfordret til forskning på nynorsk skriftkultur. Det lille som finnes av slike studier har ofte tatt utgangspunkt i skjønnlitteratur på nynorsk (f.eks. Stegane 1987). I artikkelen *Domenet for den norske skriftkulturen* presenterer Vidar Lynghammer sin egen forskning på hva nynorsk har blitt brukt til i sakprosaen. Lynghammers bidrag er basert på hovedoppgaven hans fra 2002: *Nynorsk sakprosa 1900-1999. Nynorsk skriftkultur sett gjennom den nynorske sakprosaen*. Lynghammer har deltatt i prosjektmiljøet Norsk sakprosa ved Universitetet i Oslo. I artikkelen dokumenterer Lynghammer et av sine viktigste funn: Domenet for nynorsk sakprosa har

vært stabilt helt siden starten i 1900. Det har verken blitt mindre eller større. Nynorsken har altså ikke utvidet sitt bruksområde i samsvar med de store skriftkulturelle endringene på 1900-tallet.

Redaktør i Aftenposten Per Egil Hegge avslutter boka, for øvrig som han avsluttet konferansen, med et spenstig kåseri der han reflekterer over egne erfaringer med nynorsk skriftkultur fra oppveksten i Trøndelag til et yrkesliv i Oslos mediaverden.

## Referanser

- Bazerman, Charles. 1988. *Shaping Written Knowledge: The Genre and Activity of the Experimental Article in Science*. Madison, University of Wisconsin Press: Wisconsin.
- Englund, Boel & Ledin, Per. (red.) 2003. *Teoretiska perspektiv på sakprosa*. Studentlitteratur: Lund.
- Goody, Jack & Watt, Ian. 1963. "The consequences of literacy". I: *Comparative Studies in History and Society*, 5, 304 - 345.
- Goody, Jack. 1986. *The Logic of Writing and the Organization of Society*. Cambridge UP: Cambridge.
- Halliday, MAK, Martin Jim R. 1993. *Writing Science*. The Falmer Press: London.
- Josephson, Olle (red.) 1996. *Arbetarna tar ordet. Språk och kommunikation i tidig arbetarrörelse*. Stockholm
- Kress, Gunther & van Leeuwen, Theo. 1996. *Reading Images*. Routledge: London.
- Melander, Björn & Olsson, Björn (red.) 2001. *Verklighetens texter. Sjutton fallstudier*. Studentlitteratur: Lund.
- Melve, Leidulf . 2001. *Med ordet som våpen: tale og skrift i vestleg historie*. Oslo: Samlaget.
- Helge Sandøy. 2002. "Skrift og tale - to kulturar?" I: J. Peter Burgess og Odd Monsson (red.) *Modernity, Nation and Written Culture*. Høyskoleforlaget: Kristiansand. 113-134.
- Stegane, Idar. 1987. *Det nynorske skriftlivet: nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon*. Oslo: Samlaget.



# **Skriftkultur – kva er det?**

## ***Skriftkultur og ålmentefigurasjonar frå mellomalderen til moderne tid***

Leidulf Melve

### ***Innleiing***

Kva er skriftkultur? Slik spørsmålet står, er det misvisande. Skriftkultur kan ikkje forståast som eit eintydig fenomen, men dreier seg om ei rekke meir eller mindre forbunde fenomen som av og til samhandlar og produserer eit gjeve *skriftkulturelt uttrykk*. Mitt perspektiv er historisk. Då dette seminaret drøftar nynorsk skriftkultur, vil eg freiste å dra opp nokre lange historiske liner der eg ser på oppkomsten av ein nynorsk skriftkultur som eit historisk fenomen i samband med kontinentale forgjengrar så vel som med ein 'folkeleg' skriftkultur i Noreg. Desse forgjengjarane – kontinentale og norske - har i alle fall ein ting sams i form av at det er tale om bruk av skrift som protest eller opposisjonsreiskap. Med andre ord, i staden for å nytte den meir vanlege tilnærminga til ein gjeven historisk skriftkultur, nemleg å ta utgangspunkt i korleis staten disiplinerer bruken av skriftkulturen, eller korleis framståande sosiale grupper tileigner seg den nye teknologien i kunnskapsmessig samband, vil eg nytte eit nedanfrå og opp-perspektiv. Den nynorske skriftkulturen var i stor mon ei opposisjonsrørsle som drog nytte av den skrivne kommunikasjonsforma som utgangspunkt for sementering av ein nynorsk identitet, så vel som ein kommunikasjonsbasis som gjorde denne kulturen betre kjend. Eit slikt nedanfrå-og-opp-perspektiv vil vonleg òg gje til kjenne noko av kompleksiteten bak ein gjeven skriftkultur. I tillegg er det eit like viktig poeng at den nynorske skriftkulturen som eit historisk fenomen betre kan forståast om han vert sett inn i ein historisk samband som tek omsyn til både komponentane i omgrepet skrift-kultur. Eit siste perspektiv som høyrer med i forståinga av skriftkultur som opposisjonsverktøy, er ei forståing av den sosiale omgjevnaden som vanlegvis er den viktigaste premissleverandøren, nemleg ei ålmente på den eine sida og dei strukturane som omgjev ei gjeven historisk ålmente på den andre. Med andre ord, strukturendringar i ålmenta står i samband med korleis ei gjeve kommunikasjonsform – i dei fleste høve skrift – kan fungere som grunnlag for identitetsdanning og opposisjon.

### ***'Skrift'***

Om me deler opp omgrepet 'skriftkultur', og fyrst spør kva er 'skrift'?, vil ein med Marshall McLuhan seie at 'skrift' fyrst og fremst er ein teknologi. Denne teknologien er, framleis i følgje McLuhan, i stand til å setje i gang kognitiv, sosial, og institusjonell utvikling nesten av seg sjølv. Teknologien er med andre

ord autonom, og overgangen frå munnleg til skriftleg samkvem er knytt til overgangen frå eitt 'verdsbilete' til eit anna.<sup>2</sup> Med innføringa av alfabetet i det antikke Hellas starta ein kognitiv omformingsprosess som ikkje berre leidde til den filosofiske revolusjonen i den athenske bystaten, men også til ei rekke andre fenomen som framsteg i naturvitenskap og utvikling av etnisk identitet og dernest statsdanning.<sup>3</sup> No skal eg ikkje gå for mykje inn på argumenta til denne retninga som eg har kalla 'brotsynet' ('Great-Divide'),<sup>4</sup> men berre nemna at stikkordet her er samanlikning: med den skriftlege kommunikasjonsforma oppstod høvet for eit 'ekstraminne' som i neste omgang kunne jamførast anten med andre tekstar eller med den samstidige stoda. Eit illustrerande døme er når Aristoteles i Metafysikken innleier med ei oppsummering av kva som tidlegare hadde vorte gjort på dette området, før han presenterer sin eigen filosofi. Det vanskeleg å tenkje seg ei slik omfattande jamføring utan skriftlege førelegg. Av andre kognitive prosessar som vert sette i gang av skriftbruk, er abstraksjon og logisk deduksjon vanlege å nemne. I analysen av Platon og skriftkulturen til Havelock vert idélæra eit resultat av skriftleggjeringa av samfunnet i perioden.<sup>5</sup>

Når eg no har definert skrift som ein 'teknologi', må det understrekast at det heller ikkje her er mogeleg å halde seg til eintalsforma. Innføringa av alfabetet er allereie nemnt, og sjølv om dette gav opphav til skriftkulturen slik me kjenner han i dag, må me ikkje gløyme at ulike former for epigrafikk, til dømes i Mesopotamia og Egypt, førebudde gjennombrotet til den alfabetiske skriftkulturen.<sup>6</sup> Runeskrifta som verka parallelt med den latinske skriftkulturen heilt til høgmellomalderen, er eit anna døme på mangfaldet av 'teknologiar'.<sup>7</sup> Sjølv om me held oss til den alfabetiske skriftkulturen, er denne òg mangfaldig frå eit teknologisk perspektiv. Dei fyrste brukarane av denne teknologien i antikken skreiv på alt anna enn papir slik me kjenner det, potteskår, innskrifter, og stundom papyrus og pergament er restar frå denne tidlege skriftkulturen.<sup>8</sup> Boka kom fyrst mykje sei-

---

<sup>2</sup> Marshall McLuhan, *The Gutenberg Galaxy: The Making of Typographic Man*, (Toronto, 1968 (1962)); McLuhan, *Understanding media: the extensions of man*, (New York, 1964)

<sup>3</sup> Viktige undersøkingar som i større eller mindre grad vurderer skriftteknologien som autonom inkluderer Eric A. Havelock, *Preface to Plato*, (Belknap Press, Cambridge and London, 1963); Jack Goody, *The Domestication of the Savage Mind*, (Cambridge, 1977); Walter Ong, *Orality and literacy: the technologizing of the word*, (London, 1982); Eric A. Havelock, *The Literate Revolution in Greece and Its Cultural Consequence*, (New Jersey, 1982); Eric A. Havelock, *The Muse Learns to Write*, (New Haven, London, 1986);

<sup>4</sup> Sjå Leidulf Melve, *Med ordet som våpen: tale og skrift i vestleg historie*, (Oslo, 2001), 17-31

<sup>5</sup> I tillegg til Havelock, *Preface*, sjå Havelock, *The Greek Concept of Justice. From Its Shadow in Homer to Its Substance in Platon*, (Cambridge, Mass., 1978)

<sup>6</sup> Litteraturen er omfattande og av nyare bidrag kan desse nemnast Jean Bottéro, *Mesopotamia. Writing, Reasoning, and the Gods*, (Chicago, 1992); Henri-Jean Martin, *The History and Power of Writing*, (Chicago, 1994)

<sup>7</sup> For eit nyare bidrag, sjå Birgit Sawyer, *The Viking-Age rune-stones: custom and commemoration in early medieval Scandinavia*, (Oxford, 2000)

<sup>8</sup> Ulike nyare blikk på den antikke skriftkulturen inkluderer William V. Harris, *Ancient Literacy*, (Cambridge, 1989); Rosalind Thomas, *Oral Tradition and the Written Record in Classical Athens*, (Cambridge, 1990); Rosalind Thomas, *Literacy and Orality in Ancient Greece*, (Cambridge, 1992); Jocelyn Penny Small, *Wax tablets of the mind: cognitive studies of memory and literacy in classical antiquity*, (London, 1997);

nare, på 400-talet e. Kr.,<sup>9</sup> minuskelskrift på 800-talet,<sup>10</sup> og papir fyrst på 1300-talet.<sup>11</sup>

Det me kort sagt har å gjere med i dei fyrste 2000 åra av den alfabetiske skriftkulturen er ein manuskriptkultur, bøker skrivne for hand der berre få titlar vart kopierte i fleire eksemplar, og forskjellane mellom ulike kopianar kunne vere markante. Standardisering kom fyrst med det som vanlegvis er sett på som ein neste fase i historia om den alfabetiske skriftkulturen, nemleg oppfinninga av prentepressa. Vitskapsmannen Francis Bacon uttala på 1600-talet at i tillegg til krutet og kompasset, var prentepressa den viktigaste oppfinninga i menneskehistoria. Ei slik vurdering av det omkalfatrande potensialet til prenteteknologien har vorte gjenteke i moderne forsking. I denne samanhengen er det interessant at ein reknar prenteteknologien som ein viktig føresetnad for fundamentale historiske hendingar som renessansen og reformasjonen.<sup>12</sup> Avslutningsvis skal eg berre leggje til at med nye kommunikasjonsformer som radio, film, fjernsyn, og no seinast Internett har det skjedd viktige endringar i det kommunikasjonsmessige rammeverket med ei forskyving i tilhøvet mellom det munnlege og det skriftelege.<sup>13</sup>

## 'Kultur'

Om 'skrift' sett på som ein teknologi var og er eit mangfaldig fenomen, er det mykje verre å få grep om den siste lekken i omgrepene 'skriftkultur', nemleg 'kultur'. No er sjølvsagt ikkje dette rett tid og stad for å ta til med ein diskusjon om kulturomgrepene. I staden vil eg nytte 'kultur' som eit utgangspunkt for å problematisere oppfatningar av 'skrift' som ein teknologi. Såleis vert skriftkultur eit interessant omgrep då det indikerer at 'skrift' ikkje kan rivast laus frå 'kultur'. Med andre ord, den skriftelege teknologien må nødvendigvis brukast for å kunne føre til noko som helst. Og med ein gong ein talar om bruk, impliserer nødvendigvis dette òg ein sosial bruk. 'Kultur' er dermed integrert som ein del av 'det skriftelege', og me får omgrepene 'skriftkultur'. Innanfor literacy-forskinga har eit 'ideologisyn' som legg vekt på dei sosiale eller ideologiske føringane bak bruk av kommunikasjon, oppstått som ein reaksjon mot 'brotsynet'.<sup>14</sup>

<sup>9</sup> For ei nyare innføring som diskuterer kritisk eldre oppfatningar av 'boka', sjå Harry Y. Gamble, *Books and Readers in the Early Church. A History of Early Christian Texts.* (New Haven, 1995)

<sup>10</sup> Bernhard Bischoff, *Latin Palaeography, Antiquity and the Middle Ages,* (Cambridge, 1990)

<sup>11</sup> Martin, *The History and Power of Writing*, 209-223

<sup>12</sup> Den mest kjende og omdebatterte framstillinga er Elisabeth L. Eisenstein, *The printing press as an agent of change: communications and cultural transformations in early-modern Europe,* (Cambridge, 1979). Noko av kritikken mot Eisenstein er oppsummert i Melve, *Med ordet som våpen*, 161-166

<sup>13</sup> Sjå til dømes Neil Postman, *The disappearance of childhood*, (New York, 1982); Paul Levinson, *Digital McLuhan: a guide to the information millennium*, (London, 1999)

<sup>14</sup> Claude Lévi-Strauss, *Le pensée sauvage*, (Paris, 1962); Claude Lévi-Strauss, *Structural Anthropology*, (London, 1968); Harvey J. Graff, *The Literacy Myth. Literacy and Social Structure in the Nineteenth-Century*

Medan ein ståstad som forstår skrift som ein teknologi uavhengig av kulturell kontekst, no er sjeldan, har det vore ein tendens i seinare forsking til å gå for langt i andre retninga: skriftteknologien er fråteke all autonomi. Det heile vert redusert til eit spørsmål om dei ideologiske overvegingane som ligg bak ein gjeven bruk av teknologien. I følgje antropologen Brian Street er det knapt mogeleg å skilje munnleg og skriftleg kommunikasjon.<sup>15</sup> Og berre for å gjere biletet meir komplisert og for å understreke at dei to 'syna', 'brotsynet' og 'ideologynet', er omlaglege kategoriseringar, talar ein gjerne om ei tredje tilnærming innan literacy-forskinga: Det er ein 'mellomveg' som understrekar eit element av 'kontinuitet' i overgangen frå munnleg samkvem til skrift, og som legg vekt på 'potensialet' i skriftkulturen. Sjølv om dette 'potensialet' til å setje i gang kognitiv, sosial, og institusjonell utvikling er uttala, ser ein likevel ikkje skrifttekno-giensom 'autonom'. Til skilnad frå 'brotsynet' peiker denne teoretiske mellomvegen på at 'potensialet' må realiserast gjennom sosial bruk. Med dette er den sosiale konteksten innlemma i det teoretiske rammeverket.<sup>16</sup>

Når dette er sagt, er det ein samanheng mellom ulike teknologiar på den eine sida, og ein gjeven 'skriftkultur' på den andre.<sup>17</sup> Manuskriptkulturen var elitær; det var relativt få som kunne lese og endå færre som kunne skrive, både i antikken og i mellomalderen.<sup>18</sup> Og når det gjeld mellomalderen: latin som eit 'offisielt' språk saman med dominansen av geistlege utdanningsinstitusjonar leidde til ei 'monopolisering' av skriftkulturen for den geistlege eliten. Med den auka nytten av morsmål for skriftlege føremål frå 1200-talet av, saman med ein auka lese- og skrivekunne òg blant lekfolk, vert dette 'monopolet' skipa og skriftkul-turen vert sterkt utvida ved at den sosiale bruken ikkje lenger er utelukkande knytt til geistlege føremål. Såleis oppstår det nye litterære sjangrar på 12- og 1300-talet som primært appellerer til hoffsamfunna og den nye lesande borgarklassen i byane. Fleire litterære sjangrar veks fram. For mellomklassa dreier dette seg til dømes om litteratur for rekreasjon<sup>19</sup> samt ulike former for klagelitte-ratur.<sup>20</sup> Ved hoffa oppstod romansen i skriftleg form på morsmålet.<sup>21</sup> Ei slik dif-

*City*, (New York, San Francisco, London, 1979); Harvey J. Graff, *The Legacies of Literacy: Continuities and Contradictions in Western Culture and Society*, (Bloomington and Indianapolis, 1987)

<sup>15</sup> Brian V. Street, *Literacy in Theory and Practice*, (Cambridge, 1984); Brian V. Street, "Introduction: the new literacy studies", i Street (red.), *Cross-cultural approaches to literacy*, (Cambridge, 1993), 1-23

<sup>16</sup> Jenny Cook-Gumpertz, *The Social Construction of Literacy*, (Cambridge, 1986); Ruth Finnegan, *Orality and Literacy. Studies in the Technology of Communications*, (Oxford, 1988)

<sup>17</sup> Sider ved dette problemkomplekset er handsama i Leidulf Melve, "Krosstogstalen til Urban II. Om bruken av literacy-teori i analysa av mellomalderretorikk", i *Rhetorica Scandinavica*, 19 (2001), 52-66

<sup>18</sup> James W. Thompson, *The Literacy of the Laity of the Middle Ages*, (Berkeley, 1960 (1939)); A. Wendehorst, "Wer konnte im Mittelalter lesen und schreiben?", i J. Fried (Hrgb.), *Schulen und Studium im Sozialen Wandel des Hohen und Späten Mittelalters*, (Sigmaringen, 1986), 11-33; Malcolm B. Parkes, "The Literacy of the Laity in the Middle Ages", i M. B. Parkes, *Scribes, scripts and readers: studies in the communication, presentation and dissemination of medieval texts*, (London, 1991), 275-296

<sup>19</sup> Glending Olson, *Literature as Recreation in the Later Middle Ages*, (Ithaca, 1982)

<sup>20</sup> Janet Coleman, *Medieval Readers and Writers 1350-1400*, (New York, 1981)

ferensiering i ulike sjangrar indikerer ei litterær modning blant dei øvste sosiale laga. Ei tydelegare sekularisering i seinmellomalderen gjorde og sitt til at skiljet mellom geistleg og verdsleg litteratur vart mindre. Når ein likevel må rekne med ulike publikum, har det hovudsakleg med eit skilje mellom kva språk litteraturen var skrive på å gjere. Medan den latinske kulturen stod sterkt innan kyrkja trass i sekularisering, oppstod det ein eksplosjon i verdsleg morsmåslitteratur i seinmellomalderen.<sup>22</sup>

Men det var grenser for kor 'folkeleg' ein manuskriptkultur kunne bli grunna dei høge kostnadane ved handskrivne bøker. Prentepressa var såleis viktig for å gjere skriftleg materiale kjend for eit vidare publikum. Medan det vert feil å forklare den humanistiske renessansen som ein konsekvens av prentepressa – berre ein kikk på kronologien seier det meste: renessansen oppstod før oppfinninga til Gutenberg i 1455 – gjev det meir mening å sjå på reformasjonen som delvis avhengig av teknologien. Martin Luther sjølv var særstak imponert over kor fort skriftene hans vart spreia.<sup>23</sup> Og her er me ved eit viktig skilje: Medan manuskriptkulturen var hovudsakleg elitær, 'populariserte' prenteteknologien gradvis skriftleg materiale. Ei jamføring av den 'skriftlege' sida til dei to store religiøse omveltingane i høvesvis mellomalderen og tidleg moderne tid, Investiturstriden og reformasjonen, understrekar skilnaden. Medan det finst kring 150 ulike pamflettar frå Investiturstriden der mange berre finst i ei manuskriptutgåve,<sup>24</sup> er talet for prenta pamflettar frå tysktalande land i perioden 1500 til 1530 kring 10000.<sup>25</sup> Jamføringa er sjølvsagt urettvis, men er ikkje meint å gje noko meir enn eit inntrykk av skilnader. Når dette er sagt, vert det òg feil å sjå på tilhøvet mellom 'teknologi' og 'kultur' som eit eintydig høve. Berre det at relativt få kunne lese og skrive på 1500-talet, syner til strukturelle avgrensingar ingen 'teknologi' kunne få bukt med, same kor 'autonom' han er vurdert å vere. Det er truleg meir

---

<sup>21</sup> Robert F. Green, *Poets and Princepleasers: Literature and the English Court in the Late Middle Ages*, (Toronto, 1980); E. B. Vitz, *Orality and Performance in Early French Romance*, (Cambridge, 1999)

<sup>22</sup> Eit lite utval av nyare granskningar av morsmåslitteratur i seinmellomalderen frå eit 'literacy-perspektiv' inkluderer H. L. C. Tristram, "Die Fragestellung: Problembereich und Spannungsbreite der Medialität im älteren Irischen Schrifttum", i S. N. Tranter og H. L. C. Tristram (red.), *Early Irish Literature – Media and Communication. Mündlichkeit und Schriftlichkeit in der frühen Irischen Literatur*, (Tübingen, 1989), 13-39; Gabrielle M. Spiegel, *Romancing the Past, The Rise of Vernacular Prose Historiography in Thirteenth-Century France*, (Los Angeles, 1993); Dennis H. Green, *Medieval Listening and Reading: The primary reception of German literature 800-1300*, (Cambridge, 1994); Armando Petrucci, *Writers and Readers in Medieval Italy, Studies in the History of Written Culture*, (New Haven, 1995); Margaret Clunies-Ross (red.), *Old Icelandic literature and society*, (Cambridge, 2000)

<sup>23</sup> William A. Graham, *Beyond the Written Word. Oral aspects of scripture in the history of religion*, (Cambridge, 1987), 147

<sup>24</sup> Dei fleste er samla i *Monumenta Germaniae Historica, Libelli de lite*, I-III

<sup>25</sup> Hans-Joachim Köhler, "The *Flugschriften* and their Importance in Religious Debate: A Quantitative Approach", i P. Zambelli (ed.), *'Astrologi hallucinati': Starts and the End of the World in Luther's Time*, (New York, 1986), 153-176

korrekt å seie at prenteteknologien forsterka tendensar som allereie var kome med manuskriptkulturen.<sup>26</sup>

Ein tekst frå antikken og eit manuskript frå seinmellomalderen er to ulike skriftkulturelle univers og gjev til kjenne ein skriftkulturar som langt frå var statiske. I tillegg til oppfinninga av boka, minuskelskrift og papir, stod mellomalderperioden for ei rekkje 'tekniske nyvinningar' som leidde til endringar i leskulturen og la grunnlaget for prentekulturen. På 1100-talet byrjar ein 'leserevolusjon' i form av stillelesing.<sup>27</sup> Resultatet er høvet til å lese 'ekstensivt', og det er høgst truleg eit samband mellom denne nye leseteknikken og den kulturelle bløminga som har fått namnet 1100-talsrenessansen.<sup>28</sup> Stillelesing på si side står i samband med andre tekniske nyvinningar på den eine sida, og legg grunnlaget for seinare utviklingar på den andre. Her kan me nemne punktsetjing, overskrifter, indeks, noteapparat, og litteraturliste.<sup>29</sup> Med andre ord, fleirtalet av dei tekniske kjenneteikna som sjølv i dag utgjer den tekniske sida av 'boka', oppstod i mellomalderperioden. Såleis vart den 'standardiseringa' som kom i stand ved overgangen frå munnleg samkvem til ein 'skriftkultur', ytterlegare forsterka av ein teknologi som ikkje var avhengig av skrivrarar.

### **Skriftkultur og ålmentefigurasjon: nokre teoretiske refleksjonar**

Dersom 'skrift' har eit 'potensial', vert det i vår samanheng av interesse å spørje: 'potensial' for kven? Her er me attende til tilhøvet mellom ein elitær skriftkultur og ein plural eller folkeleg definert skriftkultur. Korleis skal ein forstå relasjonane mellom desse? Er det ulike variantar av ein overordna 'skriftkultur', eller er det fleire 'skriftkulturar' som fungerer delvis sjølvstendig og berre er knytt saman av bruken av ein sams teknologi? I kva grad endrar denne relasjonen seg med overgangen frå ein manuskriptkultur til ein prentekultur? Å seie at bruk av ei kvar kommunikasjonsform må forståast i ljós av den sosiale konteksten, hjelper ikkje så mykje om ikkje dei viktigaste sosiale strukturane er klårgjorte.

I denne skissa over bruk av skrift som identitetsskapande opposisjonsverktøy er det framfor alt 'strukturendringane i ålmenta' som må presenterast.<sup>30</sup> Desse strukturendringane er viktige å få grep om av di dei introduserer rammeverket

<sup>26</sup> Michael T. Clanchy, "Looking Back from the Invention of Printing", i David P. Resnick (red.), *Literacy in Historical Perspective*, (New Haven, 1983), 13

<sup>27</sup> Paul Saenger, "Books of Hours and the Reading Habits of the Later Middle Ages", i R. Chartier (red.), *The Culture of Print: Power and the Uses of Print in Early Modern Europe*, (Cambridge, 1989), 142-157; Saenger, *Space Between Words: The Origins of Silent Reading*, (California, 1997); Saenger, "Reading in the Later Middle Ages", i G. Cavalli & R. Chartier (Eds.), *A History of Reading in the West*, (Oxford, 1999), 120-148

<sup>28</sup> Charles Homer Haskins, *The Renaissance of the Twelfth Century*, (Cambridge, 1928); R. L. Benson, G. Constable, & C. D. Lanham (red.), *Renaissance and Renewal in the Twelfth Century*, (Toronto, 1991) (1982).

<sup>29</sup> Malcolm B. Parkes, *Pause and Effect. An Introduction to the History of Punctuation in the West*, (Berkeley, 1992); Richard H. Rouse & Mary A. Rouse, "Bibliography before print: the medieval *De viris illustribus*", i P. Ganz (red.), *The Role of the Book in Medieval Culture*, (Turnhout, 1986), 133-154.

<sup>30</sup> 'Strukturendringane til ålmenta' referer til den klassiske framstillinga til Jürgen Habermas, *Strukturwandel der Öffentlichkeit. Untersuchungen zu einer Kategorie der bürgerliche Gesellschaft*, (Luchterhand, 1969)

for bruken av kommunikasjon i høve til eit gjeve sett av strukturelle og institusjonelle variablar. I framstilling til Habermas, som framleis er det teoretiske utgangspunktet for dei fleste empiriske handsamingar av ålmenta, er 'statsdanning', 'kapitalisme', 'individualisme' og 'prent' dei fire strukturelle føresetnaden for framveksten til den 'borgarlege ålmenta'. Diskursen innan denne ålmenta er eit resultat av tre institusjonelle kriterium: han må vere open for alle tema, deltaking er ikkje avhengig av sosial status, og endeleg, ålmenta kan ikkje 'lukke seg'.<sup>31</sup> Denne idealtypiske framstillinga av den borgarlege ålmenta passar kanskje aller best som skildring av kafeane i London og dei litterære salongane i Frankrike på 1600- og 1700-talet. I desse 'romma' var 'opposisjon' ikkje berre legitimt, men òg naudsynt for å oppretthalde 'logikken i den offentlege debatten': utan kritiske røyster som tek opp tema som ikkje tidlegare er debatterte, ville ålmenta ha mista den argumentative dynamikken og til slutt ha 'lukka seg'.

I vår samanheng er det viktig at dette er ein 'ideotype' som knapt har eksistert i rein form. Delar av kritikken mot framstillinga til Habermas har nettopp gått på ambivalensen mellom den borgarlege ålmenta som teoretisk kategori på den eine sida og empirisk røyndom på den andre.<sup>32</sup> Vidare, om blikket vert rette utover den 'borgarlege ålmenta', er det òg eit poeng at dei strukturelle og institusjonelle kriteria i idealtypen er abstraherte frå den engelske ålmenta på 1600-talet og berre i liten grad opnar opp for å innlemme andre former for ålmenter i modellen. Til dømes er ålmenta i mellomalderen vurdert som 'representativ'. I motsetnad til den borgarlege ålmenta der 'det beste argumentet' skulle vere retningssjekkande for politisk handling, er ålmenta i mellomalderen ikkje argumerterande. Argumentasjon uavhengig av sosial status er her erstatta med sosial status som utslagssjekkande for krafta til utsegna. Ein 'herredømefri diskurs' som kjenneteiknande for den borgarlege ålmenta er kledd i eit mylder av rituelle og symbolske praksisar i form av innsigniar, habitus, gestar, og retorikk som til saman danna ein streng 'kode' for offentleg framferd.<sup>33</sup>

Med andre ord, Habermas' teoretiske oppfatning må modifiserast for å kunne gripe eit større mangfold av historiske ålmenter. Då fokusset her er på 'skrift', er det den fjerde strukturelle variabelen – 'prent' – som er av interesse i freistna-

---

<sup>31</sup> Habermas, *Strukturwandel*, 47-48: "sie verfügen daher über eine Reihe gemeinsamer institutioneller Kriterien. Zunächst ist eine Art gesellschaftlichen Verkehrs gefordert, der nicht etwa die Gleichheit des Status voraussetzt, sondern von diesem überhaupt absieht...Die Diskussion in einem solchen Publikum setzt zweitens die Problematisierung von Bereichen voraus, die bislang nicht als fragwürdig galten...Der gleiche Vorgang, der Kultur in Warenform überführt und sie damit zu einer diskussionsfähigen Kultur überhaupt erst macht, führt drittens zur prinzipiellen Unabgeschlossenheit des Publikums."

<sup>32</sup> Den beste kritiske innføringa til Habermas sin ålmentetenking er Craig Calhoun (red.), *Habermas and the Public Sphere*, (Cambridge, Mass., 1993)

<sup>33</sup> Habermas, *Strukturwandel*, 18-18: "Diese repräsentative Öffentlichkeit konstituiert sich nicht als ein sozialer Bereich, als eine Sphäre der Öffentlichkeit , vielmehr ist sie, wenn sich der Terminus darauf übertragen ließe, so etwas wie ein Statusmerkmal...Die Entfaltung der repräsentativen Öffentlichkeit ist an Attribute der Person geknüpft: an Insignien (Abzeichen, Waffen), Habitus (Kleidung, Haartracht), Gestus (Grußform, Gebärde) und Rhetorik (Form der Anrede, förmliche Rede überhaupt), mit einem Wort – an einen strenge Kodex ,edlen' Verhaltens."

den på å forstå det historiske sambandet mellom skrift som identitetsdannande opposisjonsverkty og ulike ålmentefigurasjonar. I staden for å nytte 'prent' som ein naudsynt føresetnad for i det heile teke kunne tale om ei 'ålmente', vil eg hevde at ei 'ålmente' òg kan vere tufta på andre kommunikasjonsformer som manuskript så vel som auralt og munnleg samkvem. Auralt kommunikasjon inneber høgtlesing av ein tekst. Som me skal sjå, står kommunikasjonsform i samband med ulike typar av ålmenter på den eine sida og diskursform innan for ein gjeven ålmentetype på den andre. Når det gjeld ålmentefigurasjonar, dreier det seg om ein skilnad mellom elitistiske, semi-elitiske, semi-plurale, og plurale figurasjonar. Diskursforma innanfor ein gjeven ålmentefigurasjon kan vere 'bunden', 'relativt autonom' og 'open'. Ein siste variabel som må vere med i modifiseringa av modellen til Habermas, er 'grad av institusjonalisering'. Den borgarlege ålmenta må i følgje Habermas vere institusjonalisert, men dette synest å vere eit for ekskluderande kriterium. I staden kan det vere fornuftig å tale om 'ikkje-institusjonaliserte', 'semi-institusjonaliserte', og 'institusjonaliserte' ålmenter. I figuren nedanfor er desse variablane vorte ordna i høve til ulike historiske periodar.<sup>34</sup>

No hevdar ikkje eg at verken figuren eller variablane under er uttømmande. Det teoretiske poenget er meir å syne korleis endringar i den skriftlege kommunikasjonsforma, frå manuskript til prent, er sentral for å forstå ulike aspekt ved ålmentedanning og bruk av skrift som identitetsdannande opposisjonsverkty. Eit andre teoretisk poeng er å peike på strukturelle likskapar og ulikskapar mellom den kontinentale og den norske skriftkulturen. Gjennom historiske døme vil denne jamføringa munna ut i ein presentasjon av somme tentitive årsakssamband som vonleg kan kaste nytt ljós over oppkomsten og funksjonen av den nynorske ålmenta som ei 'borgarleg ålmente'.

*Fig. 1. Ålmentefigurasjonar frå mellomalderen til moderne tid*

	Høg og sein-mellomalder	Tidleg moderne tid	Opplysningstid	1800-talet
Type ålmente	Elitistisk / Semi-elitistisk	Semi-Elitistisk / Semi-plural	Semi-plural / Plural	Plural
Diskursform	Relativ autonom	Relativ autonom	Open	Open
Grad av institusjonalisering	Ikkje og semi-inst.	Ikkje og semi-inst	Ikkje, semi og inst.	Ikkje, semi og inst.
Kommunikasjons-form	Munnleg, aural, skriftleg (manuskript)	Munnleg, aural, skriftleg (manuskript / prent)	Munnleg, aural, skriftleg (manuskript / prent)	Aural, skriftleg (manuskript / prent)

<sup>34</sup> Sjå nedanfor, fig. 1. Ålmentefigurasjonar frå mellomalderen til moderne tid

## **Skrift og ålmenta: nokre døme frå europeisk soge**

Føremålet med dei historiske døma er for det fyrste å illustrere den teoretiske modifiseringa av modellen til Habermas ved å introdusere dei fire variablane 'type av ålmente', 'diskursform', 'grad av institusjonalisering', og 'kommunikasjonsform'. Sidan fokuset her er på skriftkulturen, er det det sistnemnde, 'kommunikasjonsform', som skal tene som uavhengig variabel. Eit andre føremål er å illustrere poenget med å vurdere skriftkulturelle uttrykk – likegyldig om det er tale om manuskript eller prent – i ljós av den sosiale konteksten. 'Kultur' vert såleis ein andre sentral strukturell variabel. Denne variabelen, til skilnad frå den knytt til kommunikasjonsform, kan ikkje definerast på førehand og er i det heile teke umogeleg å få eit fullstendig overblikk over. Såleis vil den skisseaktige jamføringa mellom kontinental skriftbruk som identitetsskapande opposisjonsreiskap og norsk skriftbruk frå same historiske periode illustrere ikkje berre det teoretiske poenget med sosial kontekstualisering, men like mykje rette vinsten ved å tenkje komparativt og teoretisk i handsaminga av eit empirisk materiale.<sup>35</sup>

### **Investiturstriden**

Investiturstriden var den fyrste 'offentlege debatten' i middelalderssamfunnet. To parti, kongepartiet leidd av kong Henrik IV (1053-1106) og pavepartiet med den karismatiske paven Gregor VII (1073-1085) som førar, stod mot kvarandre i det som i siste instans var ein strid som handla om makt; kven skulle ha mynda til å definere grensene mellom det religiøse og det verdslege. Det var ein strid om 'den rette ordenen i verda' og gjekk såleis langt utover ein kamp om 'investitur'.<sup>36</sup> I vår samanheng er striden av særleg interesse då den leidde til ein pamflettdebatt som vara i nesten hundre år. Frå dei fyrste skriftlege åtaka på ulike sider ved verdsleggjeringa av kyrkja på 1030- og 1040-talet til dei siste pamflettane som leidde opp til konkordatet i Worms i 1122, som sette sluttstrek for striden, tel ein kring 150 pamflettar.<sup>37</sup> I tillegg til dette kjem eit stort tal brev, diplom og krøniker som òg må reknast som partsinnlegg i striden. 150 skriftstykke kan synast lite samanlikna med dei kring 10000 pamflettane frå reformasjonen. Men i ein høgmellomalderkontekster det eit stort tal, og berre det kvantitative omfanget indikerer korleis skrift vart sett på som tenleg for opposisjon og konfliktløysing.

---

<sup>35</sup> Sjå Leidulf Melve, 'Ein reflektert historiefagleg identitet?' Tankar om tilhovet mellom historie og sosiologi før og etter den språklege vendinga, i *Historisk Tidsskrift*, 81 (4), 2002, 443-489

<sup>36</sup> Litteraturen er enorm. Gode nyare innføringer inkluderer Uta-Renate Blumenthal, *The Investiture Controversy. Church and Monarchy from the Ninth to the Twelfth Century*, (University of Pennsylvania Press, Philadelphia 1988); Wilfried Hartman, *Der Investiturstreit*, (München, 1993); Gerd Tellenbach, *The Church in Western Europe from the Tenth to the Early Twelfth Century*, (Cambridge, 1993); Werner Goetz, *Kirchenreform und Investiturstreit, 910-1122*, (Stuttgart, 2000)

<sup>37</sup> For innføring i den polemiske litteraturen, sjå Carl Mirbt, *Die Publizistik im Zeitalter Gregors VII.*, (Leipzig, 1965 (1894)); Ian S. Robinson, *Authority and Resistance in the Investiture Contest, The Polemical Literature of the Late Eleventh Century*, (Manchester, 1978)

I høve til den teoretiske skjematiseringa av ulike ålmenter, var denne ålmenta semi-elitistisk. Grunna avgrensa lese- og skrivekunnskap var ordskiftet reservert for kyrkjemenn, og frå denne ståstaden var ålmenta elitistisk. Når det likevel dreier seg om ei semi-elitistisk ålmente, så har det å gjere med at nokre av hovudpoenga frå debatten vart spreia auralt gjennom opplesing av til dømes pavebrev og munnleg gjennom sladder formidla òg til vanlege folk. Under den mest intensive fasen av debatten, midt på 1080-talet, omtalar paveskribenten Manegold av Lautenbach pamfletten til ein av kongen sine støttespelarar på denne måten: 'den (pamfletten) er høyrt over alt i gatene og på marknadsplassen og er sladra over blant kvinnene i vevstovene.'<sup>38</sup> No må ein gå ut frå at Manegold overdriv, men frå andre kjelder som melder om liknande aural og munnleg formidling av bodskapen til eit breiare publikum gjev det grunnlag for å tale om ei 'semi-elitistisk' ålmente. I høve til det 'identitetsskapande' aspektet ved bruken av skrift i striden gjev det kanskje viktigaste skriftstykket, pave Gregor VII si rettferdigjering av bannlysinga av kong Henrik IV frå 1081, eit representativt innblikk i den identitetsskapande retorikken. I eskatologiske vendingar framstiller paven striden som ein konflikt mellom det 'gode og det vonde', og appellerer til det kristne samfunnet om å stå saman i kampen mot det vonde, personifisert av den tyske kongen: 'Kort sagt, all gode kristne, likegyldig kven dei er, kan meir rettmessig bli kalla kongar enn vonde fyrstar... dei fyrstnemnde er lekamen til den sanne Kristus; sistnemnde, lekamen til djevelen.'<sup>39</sup> Gregor VII var ekstrem, og det var ingen av skribentane som nekta for at einskapen til kyrkja, *unitas ecclesiae*, måtte vernast. Det den offentlege debatten på eitt nivå handla om, var ulike tolkingar av kva som utgjorde den 'kristne einskapen' og den 'rette ordenen'. Det er såleis indikerande at det mest omfattande skriftsstykket frå kongesida heiter 'Om vernet av den kyrkjelege einskapen' (*De unitate ecclesiae conservanda*). Dette skriftet er vidare av interesse då det stadfestar sambandet mellom den identitetsskapande funksjonen til skrift, opposisjon og konfliktløysing, og til skriftkulturen. I eit overberande augneblikk slår den anonyme forfattaren fast at bøker er ei velsigning fordi det berre er gjennom bokleg visdom ein kan få ein slutt på striden.<sup>40</sup> Og det skulle syna seg at skribenten fekk rett, sjølv den teknisk-juridiske løysinga på investiturstriden vart den gradvise utviklinga i det offentlege ordskiftet.

Når det gjeld dei to andre teoretiske variablane, diskursform og grad av institusjonalisering, har me her å gjere med ei relativt autonom diskursform og ei semi-institusjonalisert ålmente. Det fyrste har å gjere med at 'identiteten' til partia var tufta på ei gjeven tolking av den tekstlege fortida, og dette hermeneutiske mangfaldet gjer sitt til at diskursen ikkje kan seiast å vere 'bunden'. I høve til grad av institusjonalisering, er det semi-institusjonelle ein funksjon av om-

<sup>38</sup> Manegold of Lautenbach, *Liber ad Gebehardum*, (MGH, Ldl, I, 420) (eiga omsetjing)

<sup>39</sup> *Epistolae selectae*, (MGH, Ed. Caspar, VIII, 21, 557) (eiga omsetjing)

<sup>40</sup> *De unitate ecclesiae conservanda*, (MGH, Ldl, I, 234)

fanget og lengda på debatten på den eine sida og det faktum at det fanst halvof-fentlege institusjonar der stridsspørsmål kunne debatterast, nemleg råd og synodar. Hovudpoenget i vår samanheng er likevel at 'kommunikasjonsform' som den uavhengig variabelen er utslagsgjevande for denne høgmellomalderske ålmentestrukturen: ein manuskriptkultur med få lese- og skriveføre avgrensar nødvendigvis type ålmemente då han ikkje er 'open for alle.' Vidare, dei same avgrensingane i manuskriptkulturen forklarar òg kvifor diskursforma berre var relativt autonom. Til sist er det òg eit samband mellom den semi-institusjonaliserte forma og dei kvantitative sidene kring ein manuskriptkultur. Som me skal sjå, ei institusjonalisert ålmemente treng institusjonell produksjon av skriftleg materiale, noko som hovudsakleg føresette prent. Sjølv om pave- og kongekanselliet må reknast som institusjonaliserte skriftprodusentar, var samlede pamflettar frå investiturstriden private føretak med få eller ingen høve til omfattande kopiering.

## England i 1381

Bondeopprøret i England i 1381 illustrerer fleire nye aspekt ved bruk av skrift som identitetsskapande opposisjonsverkty. I seinmellomalderen fekk me som nemnt ei gradvis differensiering av skriftkulturen ved at morsmålet vart stendig viktigare, òg for politiske føremål.<sup>41</sup> Denne nye sida ved manuskriptkulturen var i sin tur delvis ei følgje av auka lese- og skrivekunne, òg blant lekfolk. Ei siste side av det kommunikasjonsmessige rammeverket i perioden er administrativ skriftbruk. Medan kansellia – geistlege eller verdslege – i høgmellomalderen var av rudimentær karakter og skriftbruk ikkje var ein systematisk del av det administrative apparatet, er kansellivesenet i seinmellomalderen 'moderne' i den forstand at skriftlege reglar og ordningar dannar utgangspunktet for den administrative rasjonaliteten.<sup>42</sup>

Desse tre kommunikasjonsmessige føresetnadene – morsmål, auka lese- og skrivekunne, og administrativ skriftbruk – dannar bakteppet bondeopprøret i England i 1381. No var ikkje ein 'folkeleg' opposisjon gjennom skriftbruk eit nytt historisk fenomen, dei tidlegaste kjettarrørslene kring tusenårsskiftet hadde stundom innslag frå 'dei som arbeider', for å nytta mellomaldersk terminologi. Når det er sagt, var den skriftkulturelle leiarskapen i desse tidlege kjettarrørslene reservert for den utdanna eliten, og 'folket' hadde nok i beste fall ei omtrentleg oppfatning av den kjetterske læra.<sup>43</sup> I seinmellomalderen, derimot, hadde skrift i større grad vorte ein bruksgjenstand, og bondeopprøret i England syner nettopp til at 'dei som arbeider' ikkje berre var innlemma i skriftlege kommunikasjons-

<sup>41</sup> Sjå ovanfor, 'Kultur'

<sup>42</sup> Hovudverket når det gjeld utviklinga av ein administrativ skriftkultur for England er Michael T. Clanchy, *From Memory to Written Record – England 1066-1307*, (London, 1993) (1978)

<sup>43</sup> For ei analyse av dei tidlege kjettarrørslene i ljós av skriftkulturen, sjå Brian Stock, *The Implication of Literacy, Written Language and Models of Interpretation in the Eleventh and Twelfth Centuries*, (New Jersey, 1983)

former, men endå viktigare, at 'folk' nytta skrift for eigne opposisjonelle føremål.

Utgangspunktet for striden var, som ved dei fleste bondeopprør, fordringar frå føydalmaktene kopla med utviding av geistlege privilegium. Desse skrivne fordringane, gjerne frå parlamentet, men òg frå lokale landherrar, vart nytta som utgangspunkt for diskusjonar i ølhuset, i kyrkja, eller i den lokale rettssalen. Den eine sida av kommunikasjonen var eit resultat av auka administrativ skriftbruk, og han leidde til ein gradvis 'tekstualisering' av samfunnet.<sup>44</sup> Det praktiske uttrykket for tekstualiseringa var dannninga av lokale ålmenter kring 'offentlege' stader i lokalsamfunnet.<sup>45</sup> No inneber ikkje dette at fleirtalet i denne lokale ålmenta var lesekunnige, men gjennom høgtlesing av administrative forordningar på morsmålet kunne 'folket' likevel ta del i skriftkulturen. I neste omgang formulerte skrivekunnige representantar for denne lokale ålmenta skriftlege svar, som så sirkulerte i lokalmiljøet. Denne debatten var langt mindre elitistisk enn debatten under investiturstriden då diskusjonen ikkje var reservert for dei intellektuelle i samfunnet. Dette gav vidare utslag i ein anna diskurs innanfor ålmenta. Der investiturdebatten hovudsakleg dreidde seg om politisk ekklesiologi, var 'lærd' i den forstand at han gjekk føre seg på Latin og knapt kunne forståast utan kjennskap til den heilage skrifta, kyrkjefedrane, kyrkjelov og sakramental teologi, var den politiske bodskapen her stutt, slagordsprega, og med bruk av rytme og alliterasjon: 'When Adam delved and Eve span, Who was then the gentleman?'<sup>46</sup>

I følgje Steven Justice som har studert opprøret inngåande frå eit skriftkulturrelt perspektiv, skapa dette kommunikasjonsnettverket ei tidleg form for klasse-medvit.<sup>47</sup> No kan ein sjølvsgart diskutere om det gjer meiningså tale om klasse-medvit i eit før-kapitalistisk samfunn. Det ein i alle høve kan slå fast, er at den offentlege debatten tufta på ein 'tekst' styrka 'identiteten' til lokalsamfunnet ved at makthavarane representerte gjennom eit skrift vart definert som ein antitese til den lokale sedvanen. I siste omgang vart sluttproduktet av dette lokale offentlege ordskiftet nedfelt i skrift og kommunisert til dei sentrale styresmaktene. Denne siste fasen i 'tekstualiseringa' har dermed to funksjonar. For det fyrste skapa den skriftlege formuleringa av den opposisjonen som opphavleg vart skapt i ein

<sup>44</sup> 'Tekstualisering' refererer til den praktiske bruken av ein tekst. Med andre ord, ein kontekstuelle analyse der ein spør kven som brukar ein tekst og kvifor dei vart nytta, sjå Brian Stock, "Textual Communities: Judaism, Christianity, and the Definitional Problem", i B. Stock, *Listening for the Text – On the Uses of the Past*, (Philadelphia, 1996)

<sup>45</sup> Freistnader på å kartlegge kommunikasjonsnettverket i seinmellomaldersamfunnet har peika på fem offentlege rom: hoffet, landsbyen, kloster/universitet, kyrkja, og byen. Tre kommunikasjonsstrukturar formidla mellom desse fem offentlege romma: i sambandet mellom kloster/universitet, kyrkja og byen var den nye klosterrørsla av Friarar viktig. For det andre opprettheldt omstreifarar kontakten mellom hoffet, landsbyen og byen. Og til slutt hadde brev ein viktig rolle i formidlinga mellom hoffet, kyrkja, og byen, sjå Werner Faulstich, Werner, *Medien und Öffentlichkeiten im Mittelalter, 800-1400*, (Göttingen, 1996)

<sup>46</sup> Sitert i Oliver Thompson, *Easily Led. A History of Propaganda*, (Gloucestershire, 1999), 49

<sup>47</sup> Steven Justice, *Writing and rebellion: England in 1381*, (Berkeley, 1994)

munnleg offentleg debatt, eit 'ekstraminne' som vart henta fram att seinare i striden, og ho tente såleis som utgangspunkt for vidare diskusjon. Men skrift hadde ein ekstern funksjon i tillegg til intern sementering av identitet, nemleg å tene som opposisjonsverkty i høve til sentralmakta. Med dette nytta folkelege segment det same 'våpenet' – eit skriftkulturelt uttrykk – attende mot styresmakten, og såleis underminerte dei noko av den symbolske verknaden av den administrative bruken av skrift.

Men medan me truleg her har å gjere med ei semi-plural ålmente, er diskursen i denne lokale ålmenta framleis berre 'relativt autonom'. Det semi-institusjonaliserte uttrykket er heller ikkje ulikt graden av institusjonalisering under investiturstridsdebatten. Skiljet ligg såleis i den semi-plurale ålmenteforma, og den meir aktive folkelege tileigninga og bruken av skriftkulturen er òg i dette høvet eit resultat av endringar i variabelen 'kommunikasjonsform'. Morsmål, auka lesekunne, og administrativ skriftbruk er nemnt, og i tillegg er må det aurale og munnlege innslaget i manuskriptkulturen understrekast. Medan utgangspunktet for og sluttpunktet av den offentlege debatten var eit skriftkulturrelt uttrykk, kviler heile dynamikken på aural og munnleg formidling og diskusjon av innhaldet i teksten. Som me skal sjå, denne kommunikasjonsdynamikken endrar seg berre gradvis og er sentral sjølv i debattkulturen under reformasjonen.

## Reformasjonen

Nokre hundre år fram i tid bankar Luther opp sine vidfemnde 95 tesar, og innlei med dette reformasjonen. Prenteteknologien hadde på denne tida vore aktiv i godt over 50 år, og det er liten tvil om at teknologien hjelpte godt til med å spreie den protestantiske bodskapen til breiare lag av folket. Allereie i 1520 hadde pressene i Wittenberg, Strasbourg, Basel og andre byar, som var sympatisk innstilte til reformasjonen, utsteda 300 000 kopiar av bøkene til Luther. Reformasjonen har med rette vorte sett på den fyrste medvitne freistnaden på å nytte prentepressa til å forme ei masserørsle.<sup>48</sup> Ei viktig side ved denne masseappellen var bruken av morsmålet. Sjølv om det vart skrive pamflettar både på Latin og på morsmålet, går det ikkje lenge før storparten av publikasjonane til Luther er på morsmålet.<sup>49</sup> Og saman med bruk av morsmål gjekk aural og munnleg formidling. Gissingar om graden av lese- og skrivekunne i den tidlege moderne perioden har ofte enda opp med i beste fall 30 prosent i storbyane, og høgst 5 prosent på landsbygda. Kommunikasjonsdynamikken var såleis mykje lik den me finn i mellomalderen, trass i ein enorm kvantitativ skilnad i produksjon av skriftleg materiale. Med andre ord, det er tale om ein 'tostegs kommunikasjonsprosess' der pamflettar i fyrste omgang påverka opinionsleiarar som prestar,

---

<sup>48</sup> A. G. Dickens, *The German Nation and Martin Luther*, (London, 1974), 103

<sup>49</sup> I 1518 var fordelinga femti-femti mellom Latin og morsmål, men berre tre år seinare er tilhøvet 9:10 i favør morsmålet, sjå Mark U. Edwards Jr., *Printing, Propaganda, and Martin Luther*, (Berkeley, 1994), 21

lærarar og dei lokale styresmaktene for durnest å bli spreia munnleg vidare til større segment.<sup>50</sup>

Frå ein innhaldsmessig ståstad, er det store skilnader på pamflettane. Jamført med våre to tidlegare døme – investiturstriden og bondeopprøret – er det særleg to skilnader. Dei innhaldsmessige skilnadane er eit utslag av ein medviten freistnad på å appellere til ei differensiert ålmente. Medan investiturstridspamflettane hovudsakleg var meint for det intellektuelle samfunnet, og eventuell vidareformidling i dei fleste høva var uintendert frå skribentane si side, verkar morsmålspamflettane til Luther å vere tilpassa lekfolk. Språket er lite teknisk og fjernt frå dei tekniske distinksjonane frå samtidig skolastisk litteratur. Luther unngår polemikk mot andre teologar, og legg i staden vekta på å formidle si eiga forståing av skrifta. Den meir lærde og polemiske sida ved debatten er reservert for dei Latinske pamflettane.<sup>51</sup>

Ein andre skilnad har å gjere med korleis denne skriftlege kommunikasjonen vart understreka av visuell propaganda. Igjen dreier det seg om ei differensiering av bodskapen i høve til det intenderte publikumet. Denne visuelle propagandaen – òg kalla ein *placard*<sup>52</sup> – intendert for grupper som vanta lesekunne, bestod i dei fleste høve av eit bilet som tok det meste av merksemda, og ein stutt tekst, vanlegvis i slagordform, som utdjupa innhaldet.<sup>53</sup> Dette har sjølvsagt samanheng med kven ein ønska å nå; reformfolka såg potensialet i prenteteknologien. Då lese- og skrivekunna på 1500-talet ikkje var monaleg høgare enn i seinmellomalderen, måtte ein ty til andre verkemiddel for å nå fram til 'folket'. Resultatet vart i alle høve ei mobilisering. Sjølv om det framleis var ein 'elite' som stod bak og trakk i trådane, er det liten tvil om at prenteteknologien for alvor førte 'folket' inn på banen som eit potensielt politisk publikum. Kommunikasjonsdynamikken, derimot, er mykje den same som i mellomalderdebattane, og dette trass i at prent hadde erstatta manuskript.

Eit blikk på dei katolske polemikkane som freista å imøtegå læra til Luther, understrekar fleire sider ved denne kommunikasjonsdynamikken. Innleiingsvis vart ikkje bruken reformfolka gjorde av prenta materiale på morsmålet tatt seriøst, og fyrist sist i 1520 kom dei fire fyrtre polemikkane som gjekk Luther i

---

<sup>50</sup> Hans-Joachim Köhler, "The *Flugschriften* and their Importance in Religious Debate: A Quantitative Approach", i P. Zambelli (ed.), '*Astrologi hallucinati*': Starts and the End of the World in Luther's Time, (New York, 1986), 153-176

<sup>51</sup> Mark U. Edwards Jr., *Luther's Last Battles. Politics and Polemics, 1531-46*, (Leiden, 1983)

<sup>52</sup> Roger Chartier, "General Introduction: Print Culture", i R. Chartier, (red.), *The Culture of Print. Power and the Uses of Print in Early Modern Europe*, (Cambridge, 1989), 4: "Such was the *placard*, a print piece in the form of a broadsheet designed to be read, handled or posted...Political broadsides and religious images are the major types of the *placard*..."

<sup>53</sup> Sjå Robert W. Scribner, Popular Culture and Popular Movement in Reformation Germany, (London, 1987); Robert W. Scribner, For the Sake of Simple Folk. Popular Propaganda for the German Reformation, (Oxford 1994)

møte.<sup>54</sup> Det vil i praksis seie at Luther hadde rådd grunnen åleine i tre år og dermed hadde hatt lang tid på seg til å forme ein identitet i opposisjon til den katolske læra hjå eit breitt publikum. Ei uro over den religiøse lojaliteten til 'folk flest' er klårt synleg i dei fyrste katolske polemikkane forfatta av Thomas Murner. Murner er redd at den kristne autoriteten skal bli underminert gjennom Luthersk kjetterske appell til 'enkle kristne'. Det var ikkje passande, i følgje Murner, at Luther involverte 'opprørsk og dumme vanlege folk (*gemein*)'.<sup>55</sup> Vidare, ein offentlege debatt hadde den følgja at 'vanlege folk' gjorde seg opp ei meiningspå eiga hand og dermed underminerte autoritet. Dette førte i sin tur til opprør. Murner freistar å avgrense rommet for legitim debatt: 'trusspørsmål skal ikkje drøftast for det uvitande vanlege folket'.<sup>56</sup> Og den nye rolla til morsmålet er frykta: 'Tidlegare har du publisert bøker på latin, men no har to teke til med å svare kvar lyd i si eiga form (morsmål), å svare kvar fornærming med ei fornærming og å tale uverdig om paven og dei høgaste autoritetane om trua i Europa'.<sup>57</sup> Murner var ikkje åleine om å innsjå denne faren då følgjene av morsmålpamflettar vart tekne opp att med jamne mellomrom i åra som kom.<sup>58</sup>

For å vende attende til utgangspunktet: sjølv om reformasjonen vitnar om den fyrste medvitne freistnaden på å nytte prentepressa til å skape ei masserørslle, er kommunikasjonsdynamikken mykje lik den me såg under bondeopprøret i 1381.<sup>59</sup> I både høva, og til skilnad frå investiturstridsdebatten, er det bruken av morsmålet som synest å vere mest utslagsgjevande. Vidare er det òg eit poeng at både hendingane syner til ein 'to-stegs-kommunikasjon' som føresetnad for å etablere den offentlege debatten. Munnleg overlevering av den avvikande læra frå lesekunnige la grunnlaget for mobilisering av 'vanlege folk'. På bakgrunn av dette har me å gjere med ein semi-plural type ålmente og ein relativ autonom diskurs innan denne ålmenta.<sup>60</sup> På desse punkta er kontinuiteten med seinmel-

<sup>54</sup> Alle var skrivne av Thomas Murner: *A Christian and Fraternal Admonition to the Highly Learned Doctor Martin Luther of the Augustinian Order at Wittenberg, That He Distance Himself from Several Statements He Made Concerning the New Testament of the Holy Mass and That He join Himself Once Again With Common Christianity* (11. november 1520); *Concerning Doctor Martin Luther's Teaching and Preaching, That They Are Suspicious and Not To Be Considered Completely Trustworthy* (24. november 1520); *Concerning the Papacy, That Is, the Highest Authority of Christian Faith, Against Doctor Martin Luther* (13. desember 1520); *To the Most Mighty and Enlightened Nobility of the German Nation, That They Protect the Christian Faith Against the Destroyer of the Faith of Christ, Martin Luther, a Seducer of Simple Christians* (juletider 1520)

<sup>55</sup> Sitert i Edwards Jr., *Printing*, 61 (eiga omsetjing)

<sup>56</sup> Sitert i Edwards Jr., *Printing*, 62 (eiga omsetjing)

<sup>57</sup> Sitert i Edwards Jr., *Printing*, 63 (eiga omsetjing)

<sup>58</sup> David V. N. Bagchi, *Luther's Earliest Opponents: Catholic Controversialists, 1518-1525*, (Minneapolis, 1991)

<sup>59</sup> Sjå ovanfor, England i 1381

<sup>60</sup> Mangfaldet av meir eller mindre institusjonaliserte offentlege fora har vorte understreka i nyare forsking, sjå til dømes Bob Scribner, "Heterodoxy, literacy and print in the early German Reformation", i Peter Biller & Anne Hudson (red.), *Heresy and Literacy, 1000-1530*, (Cambridge , 1994), 262: "We can distinguish six such partial forms, three formal and three informal. 1) official public opinion. 2) Ritualised public opinion. 3) Sectional public opinion. 4) Public opinion of sociability. 5) Public opinion of the streets and the market 6) Private public opinion."

lomalderen slåande. Og grunnen er sjølv sagt at kommunikasjonsstrukturane var mykje dei same, inkludert graden av lese- og skrivekunne.

Når me jamfører reformasjonsålmenta med den seinmellomalderske finn me hovudsakleg to skilnader. Fyrst, 'vanlege folk' var i mykje større grad oppfatta som eit politisk publikum sjølv om dei til liks med mellomalderålmenta ikkje tok aktivt del i den offentlege debatten. For det andre, prentepressa la grunnlag for ein grad av institusjonalisering vanskeleg – om enn ikkje heilt umogeleg<sup>61</sup> – i ein manuskriptkultur. Om ein reknar med motreformasjonen, dreier det seg om ein debatt som strekte seg over nesten to hundre år.<sup>62</sup> Det er i den samanhengen indikerande at den katolske kyrkja tok den praktiske konsekvensen av skrift som identitetsdannande opposisjonsreiskap ved å oppretta eit departement for propaganda fyrst i 1622.<sup>63</sup>

## Den franske revolusjonen

Endå nokre hundre år fram i tid, under den franske revolusjonen, er dei kommunikasjonsmessige føresetnadane heilt endra Talet på lese- og skrivekunnige er langt høgare enn under reformasjonen.<sup>64</sup> Dette har sjølv sagt å gjere med utdanning. Med eit mogeleg unntak av England,<sup>65</sup> er det fyrst på andre halvdel av 1700-talet og fyrste halvdel av 1800-talet – med innføringa av ålmennskulen og den påfølgjande 'leserevolusjonen' – at det er mogeleg å tale om 'ålmenn lese- og skrivekunne'.<sup>66</sup> Den franske revolusjonen finn såleis stad i ein overgangsperiode. Ein reknar med at monalege delar av innbyggjarane i dei store byane – særleg Paris – var i stand til å lese på andre halvdel av 1700-talet. På landsbygda derimot, verkar det som om munnleg og auralt samkvem framleis var regelen meir enn unnataket.<sup>67</sup> I tillegg har morsmålet, med god hjelp av den humanistiske rørsla, vunne kampen mot latinen, og fortrengt dette tidlegare universalspråket til daglegdags bruk.

<sup>61</sup> Investiturstridsdebatten vara i kring hundre år, sjå ovanfor, Investiturstriden

<sup>62</sup> For ei nyare handsaming av den franske reformasjonen med vekt på den offentlege debatten, sjå Jeffrey K. Sawyer, *Printed Poison. Pamphlet Propaganda, Faction Politics, and the Public Sphere in Early Seventeenth-Century France*, (Oxford, 1990)

<sup>63</sup> Robert Jackall, "Introduction", i R. Jackall (red.), *Propaganda*, (Hounds mills, 1995), 1

<sup>64</sup> Sjå til dømes Lucien Febvre & Henri-Jean Martin, *The Coming of the Book. The Impact of Printing 1450-1800*, (London, 1976); R. A. Houston, *Literacy in Early Modern Europe. Culture and Education 1500-1800*, (London, 1988)

<sup>65</sup> David Cressy, *Literacy and the Social Order. Reading and Writing in Tudor and Stuart England*, (Cambridge, 1980)

<sup>66</sup> Litteraturen er enorm. For eit nyare bidrag sjå Reinhard Wittmann, "Was there a Reading Revolution at the End of the Eighteenth Century?", i Guglielmo Cavallo & Roger Chartier (red.), *A History of Reading in the West*, (Oxford, 1999), 312: "Was there a reading revolution at the end of the eighteenth century? Yes... Around 1800, the public was largely anonymous, unhomogenous and fragmented – in short, modern- and an education in reading had long ceased to have a hold on the public."

<sup>67</sup> Natalie Zemon Davies, "Printing and the People", i N Z. Davies, *Society and Culture in Early Modern France*, (London, 1975), 189-226; Peter Burke, *Popular Culture in Early Modern Europe*, (Aldershot, 1988 (1978))

Mot denne bakgrunnen oppstod det i revolusjonsperioden ein tidlegare ukjend propagandaverksemde tufta på det skrivne ordet. Det er tale om kanskje så mykje som 70000 – 80000 pamflettar i tiåret kring revolusjonen.<sup>68</sup> Ikkje berre er omfanget utan samanlikning – til dømes jamført med propagandakampanjen under den franske reformasjonen på 15- og 1600-talet.<sup>69</sup> I tillegg kom påverknadene frå aviser og tidskrift.<sup>70</sup> Medan den seinmellomalderske skriftkulturen avgrensa korleis vanlege folk kunne dra nytte av skrifta, bondeopprøret hadde littærere representantar, og reformasjonen viste korleis skriftleg propaganda kunne ha ein praktisk verknad, vart den skriftlege propagandaen frå den franske revolusjonen fundamentet for ein 'identitet' som gjekk på tvers av sosiale grupper og lag. Innan den såkalla 'nyare kulturhistoria'<sup>71</sup> har det i dei siste femten åra vorte via stor merksemd til korleis den franske revolusjonen delvis var årsaka av skriftleg mobilisering i ulike sosiale lag på andre halvdel av 1700-talet. Advokatar,<sup>72</sup> frimurarar,<sup>73</sup> kapitalistar,<sup>74</sup> byborgarar,<sup>75</sup> storbønder,<sup>76</sup> framståande kvinner,<sup>77</sup> og sjølv vanlege 'folk' i distrikta<sup>78</sup> var forfattarar og mottakarar av skriftlege materiale med ulik grad av kritisk brodd mot regimet.

Ei oppfatning av 'offentleg meining' er kanskje eit sams trekk ved debattantane;<sup>79</sup> uavhengig av den mytologien som vart freista knytt til omgrepene,<sup>80</sup> og den

<sup>68</sup> Harvey Chisick, "The Pamphlet Literature of the French Revolution: An Overview", i H. Chisick (red.), *Pamphlet Literature of the French Revolution*, (Oxford, 1993), 152

<sup>69</sup> Donald Kelley, *The Beginning of Ideology. Consciousness and Society in the French Reformation*, (Cambridge, 1981), 235

<sup>70</sup> Jeremy D. Popkin, *Revolutionary News. The Press In France, 1789-1799*.

<sup>71</sup> Lynn Hunt, "Introduction: The French Revolution in Culture: New Approaches and Perspectives", *Eighteenth-Century Studies*, 22 (1989), 293-301

<sup>72</sup> David A. Bell, *Lawyers and Citizens: The Making of a Political Elite in Old Regime France*, (New York, 1994)

<sup>73</sup> Margaret C. Jacob, *Living the Enlightenment: Freemasonry and Politics in Eighteenth-Century Europe*, (New York, 1991)

<sup>74</sup> Jones, Colin, "The Great Chain of Buying: Medical Advertisement, the Bourgeois Public Sphere, and the Origins of the French Revolution", *AHR*, 101, (1996), 13-40

<sup>75</sup> J. A. W. Gunn, *Queen of the world: opinion in the public life of France from the Renaissance to the Revolution*, (Oxford, 1995)

<sup>76</sup> Roger Chartier, *The Cultural Origins of the French Revolution*, (Duke University Press, Durham and London, 1990)

<sup>77</sup> Nina Rattner Gelbart, Feminine and Opposition Journalism in Old Regime France: Le Journals des Dames, (Berkeley, 1987); Dena Goodman, "Enlightenment Salons: The Convergence of Female and Philosophic Ambitions", *Eighteenth-Century Studies*, 22 (1989), 329-350

<sup>78</sup> Darnton, Robert, *The Literary Underground of the Old Regime*, (London, 1982); Vivian R. Gruder, "Can we hear the voices of peasants? – France 1788", i H. Chisick (red.), *Pamphlet Literature of the French Revolution*, (Oxford, 1993), 167-191

<sup>79</sup> Sjå den historiografiske oppsummeringa til Anthony J. La Vopa, "Conceiving a Public: Ideas and Society in Eighteenth-Century Europe", i *The Journal of Modern History*, 64, (1992), 79-116

<sup>80</sup> Daniel Gordon, *Citizens without Sovereignty. Equality and Sociability in French Thought, 1670-1789*, (New Jersey, 1994)

ideologiske komponenten i omgrepet.<sup>81</sup> Den abstrakte oppfatninga av ei 'offentleg mening' skapa eit nytt politisk rom som ikkje var knytt til kongemakta.<sup>82</sup> Dette nye rommet – det sivile samfunnet – autoriserte og legitimerte ei ålmenta som ikkje berre var sjølvopprethaldande, men som òg utvida seg i høve til ein særskild logikk knytt til offentleg debatt: sidan ålmenta er grunnlagt på sjølve det offentlege ordskiftet uavhengig av statsstrukturar, vil den freiste å inkludere nye segment for dermed å oppretthalde og styrke fundamentet til det offentlege rommet. Sjølv om ein skal vere varsam med idealisere dette sivile samfunnet, er nærmar denne ålmenta seg Habermas' idealtypen.<sup>83</sup>

Og nettopp denne sjølvautoriserande logikken til den 'borgarlege ålmenta' er den sentrale faktoren når me skal forklara skiljet mellom reformasjonsdebatten og den offentlege debatten rundt den franske revolusjon. Ålmenta under reformasjonen vart etablert og oppretthalden av ein intellektuell elite og sidan breiare sosiale lag hadde rolla som passive mottakarar, bidrog dei ikkje til ålmenta sin logikk. . Og sjølv om den intellektuelle eliten var medviten om den latente politiske funksjonen til 'vanlege folk', er det lite truleg at desse 'vanlege folka' vurderte seg sjølv som eit politisk publikum. I den franske revolusjonen, derimot, har ein individuelle bidrag frå langt fleire sosial lag som i større eller mindre grad forstod logikken til den offentlege debatten. Eit døme på eit slikt medvit finn me hjå filosofen Daniel Mornet: 'Dette er kvifor hundrevis av skrifter utan filosofisk innhald og andre anonyme traktatar var blant årsakene som hadde den sterkeste verknaden på opinionen: dei klårgjorde dei politiske problema og stimulerte til refleksjon over politiske saker.'<sup>84</sup> Ein annan skribent, Morellet, går endå lengre og gjer den 'offentlege meninga' til ei epistemologisk kjelde for sanning og korrektsjon: "Dei fryktar det kritiske blikket til ålmenta ; som alltid er hardt og alltid rettvist, i langt større grad enn ein embetsmann, same kor opplyst han er....Diskusjon leier til idear som elles berre kunne ha blitt tileigna gjennom fleire års arbeid åleine"<sup>85</sup>

Frå eit institusjonelt perspektiv er dette soga om salongane og andre diskusjonsforum som tente som dei institusjonelle fora for den borgarlege ålmenta. Men å avgrense diskusjonen til slike Paris-miljø – i lag med den samtidige kafé-kulturen i London<sup>86</sup> - er truleg å gjere denne ålmenta meir elitistisk enn den var. I alle høve vil ei slik avgrensing gjere det vanskeleg å få grep om kommunika-

---

<sup>81</sup> Kenneth Margerison, *Pamphlets & Public Opinion: The Campaign for a Union of Orders in the Early French Revolution*, (Indiana, 1998), 5

<sup>82</sup> Keith Michael Baker, "Public opinion as political invention", i K. M. Baker, *Inventing the French Revolution. Essays on French Political Culture in the Eighteenth Century*, (Cambridge, 1990), 167-199

<sup>83</sup> Sjå ovanfor, Skriftkultur og ålmentefigurasjon: nokre teoretiske refleksjonar

<sup>84</sup> Sitert i Chartier, *Cultural Origins*, 67 (eiga omsetjing)

<sup>85</sup> Sitert i Daniel Gordon, "'Public Opinion' and the Civilizing Process in France: The Example of Morellet", I *Eighteenth-Century Studies*, 22 (1989), 315 (eiga omsetjing)

<sup>86</sup> Sjå til dømes Donna T. Andrew, "Popular Culture and Public Debate: London 1780", I *The Historical Journal*, 39, (1996), 405-423

sjonsdynamikken som låg til grunn for etableringa av det 'sivile samfunnet' som ei ramme for ålmenta. Her kan igjen eit jamførande perspektiv vere til hjelp. Me har sett at ein vesentleg skilnad mellom den offentlege debatten under reformasjonen og den franske reformasjonen var den rolla det politiske publikumet spelte, høvesvis ei passiv og ei meir aktiv rolle.

Denne faktoren skal står i nært samband med to andre. For det fyrste, ein meir aktiv resepsjon frå det politiske publikumet står i samband med den 'plurale' ålmenteforma under den franske revolusjonen så vel som den 'opne' diskursforma karakteristisk for denne ålmenta. Denne aktive resepsjonen har igjen kommunikasjonsmessige føresetnader i eit samfunn der skriftkulturen var tilgjengeleg for langt fleire enn under reformasjonen. For det andre, medan skrift som identitetsdannande opposisjonsverkty under reformasjonsdebattane vart retta mot den overnasjonale institusjonen i form av den katolske kyrkja og pavemakta, har skrift under den franske revolusjonen to funksjonar knytt til det sivile samfunnet. På den eine sida er prenta materiale identitetsskapande då denne kommunikasjonsforma føreset oppretthaldinga av ein 'logikk' i ålmenta. 'Denne skriftleg funderte identiteten vert i neste omgang viktig i opposisjonen mot makthavarane. Med Roger Chartier er det såleis mogeleg å spørja, 'skaper bøker revolusjonar'? Chartier sjølv svarer nei, men legg til at nytt skriftleg materiale og nye lesevanar la grunnlaget for ein meir kritisk mentalitet.<sup>87</sup>

### ***Skriftkulturen og ålmenta: nokre døme frå norsk soge***

Dei følgjande døma frå norsk soge er ikkje meint å utgjere ein streng jamførande motpart til den presenterte skissa av europeiske ålmentefigurasjonar. I staden har den fleire perpektiverande føremål. Eitt er å illustrere dei teoretiske modifiseringane av modellen til Habermas frå eit norsk perspektiv.<sup>88</sup> Eit anna er å peike på likskapar og ulikskapar mellom europeiske mønster og norske når det gjeld sambandet mellom skriftkulturen og ålmenta.. Og til sist skal døma danne grunnlag for ei betre forståing av dei kommunikasjonsteoretiske føresetnadene for oppkomsten av ei nynorsk ålmente.

### **Høgmellomalderen**

Det latinske alfabetet kom til Noreg med kristninga, og levde side om side ved runeskrift i kring 100 år. Jamfört med kontinentet, gjekk utviklinga seinare, og det er fyrst på slutten av 1100-talet og på fyrste halvdel av 1200-talet at det er mogeleg å tale om ein 'skriftkultur' i Noreg.<sup>89</sup> Kongsspegelelsen som er det klåraste uttrykket for den litterære kulturen på 1200-talet, har òg noko å seie om det norske målet: "Og om du vil verta fullkommen i lærdom, så lær alle tungemål,

---

<sup>87</sup> Chartier, *Cultural Origins*, 67-91

<sup>88</sup> Sjå ovanfor, Skriftkultur og ålmentefigurasjon: nokre teoretiske refleksjonar

<sup>89</sup> For oppsummering av forskinga, sjå Melve, *Med ordet som våpen*, 127-130

men aller helst latin og velsk (fransk), for dei måla går vidast, men gløym likevel ikkje ditt eige tungemål.”<sup>90</sup> Forfattaren er òg klar når det gjeld kor viktig bokleg eller skriftleg kunnskap er: ”For det har røynt seg at dei som tek kunnskapen sin or bøker, dei har betre skjøn enn alle andre...”<sup>91</sup>

Eitt av dei få døma på bruk av skrift som identitetsdannande opposisjonsverktøy i denne perioden er eit lite kampskrift som skulle forsvare kong Sverre i høve til ei meir aggressiv kyrkjemakt i andre halvdel av 1100-talet. Skriften, ’Ein tale mot biskopane’ frå slutten av 1100-talet, har mange likskaps-trekk med den polemiske litteraturen frå investiturstriden,<sup>92</sup> og til likst med denne litteraturen har det openbart hatt som målsetjing å appellere til ei ålmenta.<sup>93</sup> Fleire stader vert det referert til ålmenta, og i dei fleste høva står appellen i samband med opplysning. ”Det er kome ein så stor sjukdom på landet vårt at kvar mann er heilt nøydd til å finne dei orda som kan tene til å oppyse ålmenta, og som har mest sanning og kunnskap i seg”<sup>94</sup> heiter det i innleiinga. I tillegg til biskopane, er eit openbart intendert publikum lokale prestar, noko som forfattaren sjølv gjev uttrykk for: ”Det er ei villfaring nokre av prestane våre svevar i, at dei trur dei gjer ein god gjerning og bedrar sedane når dei ser ned på kongen sin...”<sup>95</sup> Men appellen synest å nå vidare enn til geistlege lag og dermed inkludere ’ulærde’ som publikum: ”No skal dykk vite og forstå det, både lærde og ulærde, at kongar og andre verdslege høvdinger ikkje er sett til å vere motstandarar av gud og den heilage kyrkja.”<sup>96</sup>

I ljós av den argumentative konteksten - ein generell appell om oppslutnad om kongedømet – må ’ulærde’ referere til verdslege stormenn. Det er heller ikkje utenkjeleg at storbønder var eit intendert publikum, for forfattaren gjer fleire stader saka til kongen og saka til ’folket’ til eitt i opposisjon mot den geistlege makta. Fleire andre indikatorar tyder òg på eit relativt breitt publikum. Éin har å gjere med at forfattaren omset dei mange latinske sitata: ”men me har skrive dette og sett det om til vårt mål for at ukyndige menn som før tok feil i slike saker, no skulle få vite den fulle og heile sanninga...”<sup>97</sup> I ein annan passasje oppgjev forfattaren ein av grunnane til at han har omsett latinen til morsmålet: ”Men me har skrive dette og omsett det til vårt eige språk for at dei som ikkje skjønte det så lenge det berre var skrive på latin, òg skal forstå det, enten dei er

<sup>90</sup> *Kongspegelen*, (Alf Hellevik (omsetj.), Oslo, 1951), 9

<sup>91</sup> *Kongspegelen*, 8

<sup>92</sup> For ei analyse av skriften i ljós av den polemiske litteraturen, sjå Erik Gunnes, *Kongens ære. Kontemakt og kirke i 'En Tale mot biskopene'*, (Oslo, 1971). Sjå òg Anne Holtsmark, *En tale mot biskopene. En sproglighistorisk undersøkelse*, (Oslo, 1931); Byrge Breiteig, *Studier i "En tale mot biskopene"*, (Trondheim 1966). Sverre Bagge, *Da boken kom til Norge*, (Oslo, 2001), 411-414

<sup>93</sup> Sjå ovanfor, Investiturstriden

<sup>94</sup> *En tale mot biskopene*, (Anne Holtsmark (omsetj.), Oslo, 1986), 263 (eiga omsetjing)

<sup>95</sup> *En tale mot biskopene*, 270 (eiga omsetjing)

<sup>96</sup> *En tale mot biskopene*, 271 (eiga omsetjing)

<sup>97</sup> *En tale mot biskopene*, 286 (eiga omsetjing)

lærde eller ulærde, no som det vert lest opp på vårt språk.”<sup>98</sup> Offentleg høgtlesing vert understreka i siste lekken av skriftet som fungerer som ein ’appell’ (*petitio*): ”Det me har skrive her og lest opp om løfter dei geistlege seier seg å ha fått...”<sup>99</sup>

No skal ein vere varsam med å generalisere for mykje ut frå desse utsegne-ne. Det som likevel må understrekast, er dei kommunikasjonsteoretiske likskapane med dei kontinentale variantane. Jamført med investiturstridsdebatten er det og i dette høvet tale om ein freistnad på å appellere til ei mangfaldig ålmente:<sup>100</sup> biskopar, prestar, stormenn og bønder må reknast som viktige grupper, men det er heller ikkje utenkeleg at skriftet hadde som funksjon å styrke det indre samhaldet i krinsen kring kong Sverre. I kva grad skriftet fekk praktisk verknad er det derimot vanskelegare å seie noko om. Men berre det faktum at det finst eit slikt skrift, seier noko om graden av skriftkulturell utvikling: å adressere eit skrift som hovudsakleg autoriserer seg sjølv gjennom å referere til andre skrifter til ei brei samansett ålmente, syner til ei skriftkulturell utvikling der skrift som konfliktløysar og opposisjonsreiskap er innsett. På eitt punkt har skriftet meir til felles med debatten under bondeopprøret i England i 1381,<sup>101</sup> begge bruker morsmålet og har appell om høgtlesing. Det er dermed ikkje berre mogeleg, men òg høgst truleg at formidlinga av skriftet føregjekk gjennom den same ’tostegskommunikasjonen’ som var karakteristisk for alle dei offentlege debattane fram til den franske revolusjonen. Offentleg høgtlesing av skriftet, kanskje av hirda kringom i landet, danna utgangspunktet for ein resepsjon som kanskje òg vart snappa opp av ’vanlege folk’.

Om me skal plassere ålmenta i høgmellomalderen i skjemaet, er det mykje som talar for same ålmentestrukturar som under investiturstriden. Ein kommunikasjonsdynamikk basert på munnleg, aural og skriftleg formidling står såleis i samband med ein semi-elitistisk type. Når det gjeld grad av institusjonalisering, er det vanskeleg å konkludere med noko anna enn ei ikkje-institusjonalisert ålmente. Ingenting vitnar om at ’Ein tale’ fekk skriftlege svar eller avleggjarar, og ein kontinuitet på lokalnivået seier kjeldene ikkje noko om.

### **Seinmellomalderen og tidleg moderne tid**

Den viktigaste skilnaden mellom ytringa og språksystemet ligg på meiningsplanet. Så lenge orda vert sette i sitt lingvistiske aspekt er dei ingen sine. Orda sin nøytrale, leksikalske meinings sikrar deira ålmenne forståing og gjer kommunikasjon mogeleg mellom brukarar som meir eller mindre meistrar same språk. Men det lingvistane så ofte gløymer, er at vi aldri hører orda i andre samanhengar enn i individuelle ytringar, les dei innafor konteksten av individuelle tekstar. I desse individuelle kontekstane, munnlege som skriftlege, får orda ei individuell, eineståande nyansering som del av ytringas urepeterbare, individuelle kontekst, ein kontekst som aldri kjem att. I dette perspektivet kan vi med Bakhtin sondere mellom tre aspekt orda vert eksponerte i for den talande: som nøytralt ord i språket, eit ord som er ingen sitt; som ein annans eller andres ord; og til slutt som mitt ord. For når eg brukar eit ord, vil eg alltid bruke det i *mi meaning*. I begge dei siste aspekta er ordet ekspressivt, men denne ekspressiviteten går ikkje inn i ordet *an sich*: den vert til i kontaktflaten mellom ordet og røynda innanfor den konkrete situasjonen som manifesterer seg i ei konkret ytring. Ordet fungerer i dette tilfelle som uttrykk for den enkelte si individuelle evaluerande posisjon (autoriteten, forfattaren, forskaren, far, mor, venen, læraren, etc.) — dvs. som abbreviatur for ytringa.<sup>122</sup>

### **Språk er kroppsleggjort, inkarnert, i form av ytringar i tale eller skrift**

Språkets inkarnasjon, er ein grunnføresetnad for Bakhtins språkteori og for hans teori om *talegenrane*. I motsetnad til den tradisjonelle lingvistikken, som ikkje gjekk ut over setningsnivå i sine analyser av språket, legg Bakhtin *ytringa* til grunn for sine. Det vil òg seie at han alltid reknar med eit utsegnssubjekt eller autor, som ytringas opphav, og ein lydar, den eller dei ytringa er rette mot. Og i motsetnad til den heller primitive kommunikasjonsmodellen vi hugsar frå Saussures *Cours de linguistique générale*, der den talande er aktiv og den lydande passiv, sjølv om rollene alternerer, er Bakhtin sine kommunikasjonspartnerar likeverdige, samhandlande deltagarar i ein *dialogisk* kommunikasjonsprosess, der det å lyde er like aktivt som å tale. Ytringa føreset og responderer på andres ytringar, samstundes som ho føregrip framtidige responsar. ”All forståing er svanger med svar og føder alltid eit svar — den lydande blir talande.” (Bakhtin 1998, 11). Dette er noko eg vil kome attende til. Men la oss fyrst sjå litt på talegenre-omgrepet til Bakhtin.

Talegenrar er eit vidfemnande omgrep. Det inkluderer så ueinsarta fenomen som kvardagsreplikkar på ned til eitt ord, og romanverk i mange bind, den standardiserte militærkommandoen (der alt, også intonasjonen er stereotyp), til djupt individuelle lyriske dikt, osv. (Bakhtin 1998, 2).

Bakhtin deler talegenrane inn i to hovudkategoriar: dei primære (eller enkle), og dei sekundære (komplekse). Sekundære talegenrar er alt frå romanar og sko-

---

<sup>122</sup> Mikhail M. Bakhtin, *Spørsmålet om talegenrane*, oms. og med etterord av Rasmus Slaattelid, Bergen: Ariadne, 1998, 32.

despel til alle former for vitskapeleg framstilling, store journalistiske genrar, og liknande. Slike sekundære genrar er høgt utvikla, velorganisert kulturell, estetisk, samfunnspolitisk, etc. kommunikasjon, for det meste skriftleg. I formingsprosessen tek sekundærgenrane opp og redistribuerer primære (enkle) talegenrar som vert danna i den endeframe talekommunikasjonen. Når desse primærgenrane vert opptekne i dei komplekse, vert dei transformerte og omfunksjonerte: dei taper sine endeframe relasjonar til den ikkje-språklege konteksten og til andres ytringar. Når t.d. kvardagsreplikken eller eit brev inngår i ein roman, er den kvardagslege forma og meininga deira gyldige berre innanfor fiksjonsuniverset sine grenser, som litterær-estetisk hending, ikkje som kvardagshending. Romanen, derimot, er ei ytring slik kvardagsreplikken eller brevet er det (han deler deira ålmenne natur), men er til skilnad frå dei ei sekundær, kompleks ytring (Bakhtin 1998, 3).

Som kjent vert det ofte hevdat at talemål og skriftspråk er heilt ulike ting. I den nynorske tradisjonen er det vel rett å si at ein aldri har godteke denne prinsipielle skilnaden mellom tale og skrift. Tvert i mot er det kontinuiteten mellom dei to ein legg mest vekt på. "Tida for etableringa av det nye skriftspråket fall saman med tida for allmenn lese- og skriveopplæring. Og det skriftspråket det er tale om, vart laga av folkemålet. Men det skjedde også etter akademiske mønster og føresetnader, same kor lite akademisk Aasen ville vere," seier Idar Stegane ein stad, og held fram: "Det galdt ikkje berre ei frigjering av folketunga, men òg ei skriftleg tradisjonsbygging." Pionerane, Aasen, Vinje og Garborg, "laut . . . vere folkelege i det akademiske":

Dei hadde ikkje språket i skrift. Dei måtte heile tida dra seg til minnes talemålet heiman or bygdene og elles kva dei måtte ha hørt kring land og strand, av bondestudentar og bønder i by'n, fiskarar og bryggjesjauarar, alt slikt laut dei ha for hand, for auga, i tankane når dei skreiv. Denne skrivesituasjonen måtte føre dei nærmare folket enn det var mogeleg eller nødvendig i eit tradisjonelt etablert skriftspråk med meir akademiske og embetsmannlege enn folkelege tradisjonar.<sup>123</sup>

Eg veit ikkje om det alt er vorte gjort, men framveksten av sekundære genrar frå dei primære måtte kunne la seg rekonstruere betre i den nynorske skriftkulturen enn t.d. i bokmålet.

Tradisjonelt har talegenrane vore ordna hierarkisk. Enkelte genrar vil vere førande. Ikkje berre innanfor sekundærgenrane men òg mellom dei primære genrane vil visse former for munnleg dialog føretrekkjast: salongdialogen, den intime samtalen mellom vener, den samfunnspolitiske eller filosofiske dialogen, etc. Når nye språksjikt kjem inn i standardspråket, fører det til at nye genrebestemte måtar å føre samtalé på også trengjer inn i språket, nye stilmiddel, nye

---

<sup>123</sup> Idar Stegane, "Nynorsk skriftkultur — ein møtestad mellom det folkelege og det akademiske," *Ivar Aasen-senteret eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur, Forprosjektet, des. 1992, Volda 1992*, 62-63, 62.

måtar å byrje og avslutte samtalen på, nye oppfatningar av tilhøve mellom den som talar og den som lyder (Bakhtin 1998, 7).

Akkurat i spørsmålet om genrehierarkisering har situasjonen endra seg sidan Bakhtin analyserte talegenrane på midten av 50-åra, i alle høve i vår nordatlan-tiske kultur. Omforminga frå hierarkiske til laterale relasjonar mellom kulturelle ytringar, verbale, visuelle og klanglege, er ein av dei mest spanande prosessane vi kan observere i kultureliten for tida. For dagens elite er samtidsmusikken på Ultimafestivalen likeså interessant og utfordrande som den klassiske musikkarven, eller den siste CD'en til Jazzkammer eller Jagajazzist. Eg er ikkje sikker på om det er nett slik også når det gjeld litteratur og biletkunst, men tendensen er der i alle fall. Eliten har språklege reiskapar til å gjere alt like interessant, medan besteborgarane tyr til smakssjablongar for å vere på den sikre, om ikkje rette sida.

Likevel, heller ikkje dagens globaliserte elite slepp unna dei authoritative ytringane. Tenk berre på all hype og spin som må til for at visse bøker, CD'ar og filmar skal veljast ut og verta løna med prisar av alle slag. Nokre ytringar vert trendsetjande og etterlikningsverdige. Innanfor språkmedia gjeld dette ikkje berre kunstlitteraturen, men også vitskapelege eller journalistiske tale- og skri-vemåtar. Bakhtin talar om *tileigningsprosessar* der ein på meir eller mindre kreativt vis tileigner seg *andres* ord og diskursar; ikkje språksystemets ord, men levande, inkarnerte ord, fulle av andres mening. Den authoritative (som ikkje er det same som den autoritære) ytringa føreset hjå Bakhtin omgrepet om *den tredje*: "All dialog finn stad liksom mot ein bakgrunn av den usynleg nærverande 'tredjes' responsive forståing."<sup>124</sup>

Ord og ytringar vert slik sett lekkar i ein kommunikasjonsprosess som finn stad innanfor ein gitt, avgrensa sfære. Innanfor denne sfæren er ytringane ikkje like gyldige i tilhøve til kvarandre, men responderer og reflekterer kvarandre. Alle ytringar er fulle av etterklangar frå andre(s) ytringar i same kommunika-sjonssfære. Ei ytring er primært ein respons på tidlegare ytringar som ho affirmerer, negerer, polemiserer mot, kompletterer, osv. Ei ytring er difor full av ulike typar responderande reaksjonar på andre(s) ytringar innanfor den same kommunikasjonssfæren. Desse reaksjonane har ulike former: andres ytringar kan førast rett inn i den nye ytringskonteksten; dei kan behalde sine opphavelege meiningsvalørar og intonasjon; men dei kan òg re-aksentuerast (ironisk, indig-nert, ovundrande, osv.). Dei kan gjenforteljast med ulik grad av omtolking, synest så velkjende at det er nok med ein kort allusjon; den responderande reaksjo-nen kan vise seg i den tonen ein sjølv legg i den andre si ytring. Slik vert den bakhtinske ytringa eit sers komplisert og mangesidig fenomen. Ho står ikkje berre i tilhøve til den talande, men som lekk i kommunikasjonskjeden og i tilhø-ve til andre(s) ytringar. Og endå den minste allusjon til det andre har sagt gjer

---

<sup>124</sup> Mikhail M. Bakhtin, "1961 god. Zametki" (1961. Notater), *Sobranie sochinenij* (Verk i samling), 5, Moskva: Russkie slovari, 1996, 329-360, 337.

ytringa ei dialogisk vending som ikkje kan skapast tematisk. Ytringa rettar seg både til tidlegare ytringar og til ytringar som framleis ligg i framtida; urealiserte ytringar som den talande føregrip eller føreser, dei *andre*, som han ventar respons frå. Denne innstillinga på andre er det Bakhtin kallar *adressivitet*. Ytringa er dialogisk retta til ein adressat, ein endefram dialogpartner, eit spesialistkollektiv, ein lesarkrins, eit meir eller mindre veldefinert publikum, likesinna, motstandarar, overordna, familiemedlemmer, heilt ukjende, etc. Alle dei ulike talegenrane impliserer typiske, genrespesifikke førestillingar om adressaten. Her er det eit spenn frå objektivt-nøytrale stilnivå som føreset nesten full identitet mellom talande og adressat, til høgst ekspressive ytringsmodi, slike vi kjenner frå t.d. høgretoriske propagandatalar.

I kunstlitteraturen spelar adressaten ei enorm rolle. Alle litterære retningar og genrar utviklar førestillingar om lesaren eller lydaren. Sekundærgenrane er som regel oppbygde av transformerte primærgenrar som dei *set i scene*. På denne måten vert alle dei litterære konvensjonane skapte for autorfiguren, forteljaren, adressaten. Men likevel vert sekundærgenrane også verande reelle, heilskapte ytringar, men ein reell autor og like reelle adressater. Ytringa sin adressivitet er med andre ord eit konstitutivt drag ved all ytring; utan adressivitet inga ytring.

Med teorien sin om talegenrane unngår Bakhtin den motsetnaden mellom skrift og tale som er vorten ein konvensjon i språk- og litteraturstudiet. All ytring må ”stemmast” for at den dialogiske kommunikasjonen kan finne stad og mening verte skapt. Ordet og ytringa vert etablert som ei tosidig handling og som produkt av denne handlinga på ei og same tid. ”Kvart einaste ord uttrykkjer den ‘eine’ i tilhøve til den ‘andre.’ Eg gjev meg sjølv verbal skapnad frå ein annan sin synstad,” heiter det i *Marxism and the Philosophy of Language*, ei bok attribuert til Bakhtin, men utgjeven av ein av venene hans, V. N. Voloshinov.<sup>125</sup> Den enkelte sin identitet vert til i stendig kommunikasjon med andre.

### ***Om skriftkulturen og grensa som kultursemiotisk omgrep***

Grenseomgrepet spelar ei viktig rolle både hjå Lotman og hjå Bakhtin. Men på ulike måtar. Grunnleggjande for Lotman er for det fyrste grensa mellom naturen, eller *biosfæren*, og kulturen, eller *semiosfæren*. Her går grensa mellom ting som berre er, naturlege ting, og ting som er blitt semiotiserte og har mening. Begge desse sfærane har sine spesifikke *tids-rom*. Semiosfæren sine mange substukturar er organiserte i eit koordinatsystem, der tidsaksen er ordna i fortid, notid og framtid, medan romaksen er ordna i indre rom, ytre rom, og grensa mellom dei (Lotman 1990, 131). Når ein kultur har kome så langt at den metastrukturelle sjølvforståinga strekkjer seg frå sentrum og over heile det semiotiske rommet, vert det mogeleg for historikaren å oppfatta ein synkron seksjon av semiosfæren som ein einskap, endå om Lotman meiner det i røynda berre er tale om ein

<sup>125</sup> V. N. Voloshinov, *Marxism and the Philosophy of Language*, New York & London: Seminar Press, 1973, 86.

einskapsillusjon. I sentrum manifesterer denne metastrukturen seg som ”vårt” språk, medan han i periferien vert oppfatta som ”andres,” ute av stand til adekvat å reflektere den underliggende semiotiske praksisen: det er som ein framandspråksgrammatikk. Resultatet er at dei semiosfæresekatorane som i sentrum av kulturrommet er i ferd med å nå sjølvdeskripsjonsstadiet, vert strengt organiserte og sjølvregulerande. Men samstundes mistar dei dynamikken. Og har dei først uttømt sine indre reservar av uvisse, stivnar dei og vert ute av stand til vidare utvikling. I periferien — og di lenger frå sentrum di tydelegare — vert tilhøvet mellom den semiotiske praksisen og dei påtvinga normene endå meir konfliktfylt. Tekstar genererte etter desse normene heng i lufta, utan nokon verkeleg semiotisk kontekst; medan organiske produkt, som har fått si form av det aktuelle semiotiske miljøet, kjem i konflikt med dei kunstige normene. Dette er den semiotiske dynamikken sitt felt, hevdar Lotman, spenningsfeltet der nye språk vert fødde (Lotman 1990, 134).

Den norske nasjonsbygginga på 1800-talet dannar eit slikt konfliktfelt. Det går klårt fram av Narve Fulsås sitt bidrag til Burgess og Monssons tidlegare nemnde bok, særleg der han diskuterer spenninga mellom *nation* og ”culture.”<sup>126</sup> I si utgreiing om Ivar Aasens arbeid i 1840- og 50-åra minner Fulsås oss om at Aasen i byrjinga vart støtta av ein mann som P.A. Munch. Munch ville at Aasen med sine dialektstudiar skulle vise at det fanst eit eige norsk språk, og at gamalnorsken framleis var levande. Dette skulle i sin tur vere med og legitimere eksistensen av ein eigen norsk stat. Dette var for mange heile meinингa med Aasen sitt prosjekt. Men Ivar Aasens upubliserte program av 1836 viser at han ville noko anna og meir. Aasen, seier Fulsås, ”ville utfordre sosiale hierarki og vise kor fordomsfull den eksisterande rangeringen av høgverdig og mindreverdig språk var.” Samstundes hevda Aasen at Grunnlova ”kravde kompetente borgarar, som i sin tur føresette ei vidare tileigning av skriftkulturen,” og endeleg, som tredje og viktigaste argument: ”Kvar einskild nasjons fremste særdrag var å ha sitt eige skriftspråk” (Fulsås 2002, 39).

Aasens intensjonar var på kollisjonskurs med den sentrale embetsmannskulturen. Frå sin plass i utkanten av semiosfæren ville han skape det vi i dag kallar ein ”motkultur,” på grunnlag av det semiotiske miljøet omkring skriftspråket han var i ferd med å skape. Dermed oppstod det ein konkurransesituasjon, og sentrumskulturen sine representantar gjekk til åtak med argument som sidan vart faste *topoi* i riksmålsretorikken. Fulsås siterer P.A. Munch om at eit skriftspråk basert på landsens dialektar og gamalnorsk ville seinke kulturutviklinga med mange hundre år. Eit slikt skriftspråk lét seg ikkje sameine med moderne liv og vart identifisert med ein tilbakeståande bondekultur.

Resten av historia er sikkert velkjend for dei fleste. Men det eg gjerne skulle sjå litt nærmare på, er tilhøvet mellom våre to språk og kulturar i lys av grense-

---

<sup>126</sup>Narve Fulsås, ”Historical Contexts for New Norwegian Written Culture,” Burgess & Monsson 2002, 31-48.

omgrepet. Semiosfæren sine grenser er ”semiotiseringsprosessanes heitaste plassar,” seier Lotman, og understrekar samstundes det ambivalente ved omgrepet grense: ”det både skil og bind saman. Det er alltid grense til noko, og høyrer dermed til begge grensekulturane” (Lotman 1990, 136). Ei grense kan såleis i Lotmans teori defineraast som ”ein mekanisme til omsetjing av ein framand semiotikk til ”vårt” språk. Det er ein stad der det som er ”eksternt” vert omforma til noko som er ”internt,” ein ”filtreringsmembran der framande tekstar vert omsette slik at dei vert del av semiosfærrens interne semiotikk, samstundes som dei bevarer sine eigne karakteristika” (Lotman 1990, 137). Her kan vi i vår samanheng tenkje på Vinje sitt forfattarskap, som i forskinga har vore plassert på grensa mellom ulike kulturar og semiosfærer: mellom landsmålskulturen og antikken hjå Sigmund Skard, eller òg mellom nynorsken som ein alvorleg høgkultur og den folkelege låtten hjå Jon Haarberg. Det er ikkje merkverdig at nettopp Vinje med sitt ”tvisyn” blir ein slik ”grensebuar.”

Så gjevande Lotmans grense-omgrep enn er, så er opposisjonen mellom sentrum og periferi og mellom ulike kulturar som møtest i grenseland, for enkel. Det er han også medveten om sjølv. For, som han seier, heile semiosfærerommet er gjennomskore av ulike nivågrenser, ulike språkgrenser, endå tekstgrenser (Lotman 1990, 138). I si differensiering av semiosfæren endar han opp med eit sers abstrakt og komplisert system, der ”seksjonsgrensene som går gjennom semiosfæren skaper eit fleirnivåsystem”:

Enkelte delar av semiosfæren kan alt etter ulike nivå av sjølv-deskripsjon anten utgjere ein semiotisk einskap, eit semiotisk kontinuum, avgrensa av ei enkel grense; eller ei gruppe innhegna rom, avmerkte som diskrete område av grensene mellom dei; eller, endeleg, del av eit meir ålement rom, der den eine sida er klart avmerkt av eit grensefragment, medan den andre er open. Det kodehierarkiet som aktiverer ulike meiningsnivå i den heilsakelege semiosfærerøyndomen vil naturlegvis korrespondere til desse alternativa. (Lotman 1990, 138)

I denne samanhengen vert spørsmålet om kven som blir oppfatta som subjekt i eit gitt system eit viktig kriterium. Kven vert t. d. rekna som subjekt i den nynorske skriftkulturen som semiotisk system? Må ein vedkjenne seg til ein eigen nynorsk ideologi, bli målmann, og sjå på verda med ”det nynorske blikket”? Faren med ein slik sjølv-definisjon er at ambivalensen vert borte og at vi hamnar i sentrum av det semiotiske rommet, langt frå grensene og dei andre. Eit alternativ ville vere å setje seg sjølv i ein grenseposisjon, der ”eg” vert definert i tilhøve til den og dei andre, ikkje i absolutt motsetning, men i dialogiske omsetjingsprosessar der den andre blir eit ”du.”

Bakhtin har arbeidd med kultur-omgrepet nettopp i slike dialogiske kontekstar. Gjennom analysane av Rabelais og Dostoevskij sine romanar oppdaga Bakhtin korleis i desse romanane ulike kulturar vert stilt overfor kvarandre i dialogiske grensesituasjonar der dei mistar sin sjølvsagte eintydnad og identitet i

møtet med andre, utanforståande kulturar. Å stå utanfor, eksterioriteten, blir eit nøkkelomgrep i Bakhtins kulturteori (som ikkje er semiotisk slik Lotmans er det):

På kulturen sitt område er eksterioriteten den sterkeste drivkrafta for forståinga. Ein framand kultur opnar seg berre fullare og djupare sett med augo til ein *annan* kultur (men ikkje i heile sin fylde, for det kjem andre kulturar, som vil sjå og forstå meir). Ei meinings openberrar sine djupner når ho møter og rører ved ei anna meinings: det er som om det byrjar ein dialog mellom dei som overvinn desse meiningsane sin lukka og einsidige karakter. Vi stiller nye spørsmål til ein framand kultur, som den aldri har stilt seg sjølv, vi søker svar på våre eigne spørsmål i han, og den framande kulturen svarar oss ved å openberre nye sider av seg sjølv for oss, nye meiningsdjupner.<sup>127</sup>

Dette sitatet er frå 1970, men alt i 20-åra formulerte han sin mest interessante definisjon av kulturgrense-omgrepet:

Ein skal på den andre sida ikkje førestille seg kulturens område som ein romleg heilskap med både grenser og indre territorium. Det fins ikkje noko indre territorium på kulturens område: det ligg heilt og halde på grensene. Grensene går over alt, gjennom kvart einaste moment, og kulturens systematiske einskap strekkjer seg like til kulturlivets atom, likesom sola vert reflektert i kvar einaste vassdråpe. All kulturell handling eksisterer i prinsippet på grensene: i dette ligg hennar alvor og meinings. Bortrykt frå grensene mistar ho grunnen, vert tom, arrogant, utartar og døyr.<sup>128</sup>

Desse tankane opptok Bakhtin heile livet. I eit uferdig arbeid om tekstproblemet frå 1959-61 har han ein definisjon av tekst-omgrepet der vi kjenner att nokre tankar frå sitatet ovanfor, trass i den lapidariske uttrykksmåten: ”Teksten som ytring, innlemma i ein gitt sfæres talekommunikasjon (tekstlekkja). Teksten som ein særeigen monade, som (i yttergrensa) reflekterer i seg alle tekstar i ein gitt meiningsfære. Alle meiningsars gjensidige samanheng (når dei vert realiserte i ytringar).<sup>129</sup> Og innleiingsvis heiter det same staden at ”studien vår utviklar seg i grensesfærar, det vil seie på grensene mellom alle dei nemnde disiplinane [lingvistikk, filologi, litteraturvitenskap eller andre humanvitenskaplege spesialanalysar], på eggen deira og i skjeringspunktene” (Bakhtin 1979, 281).

Bakhtin definerer i prinsippet alle samanhengande teiknkopleks som tekst, og hevdar at kunst- og musikkvitenskap like mykje som litteraturvitenskapen har med

<sup>127</sup> Mikhail M. Bakhtin, ”Otvet na vopros redaktsii ‘Novogo mira’,” *Éstetika slovesnogo tvorchestva*, sost. S. G. Bocharov, Moskva: Iskusstvo, 1997, 328-335, 334-5. Publisert i ”Novyyj mir” nr. 10, 1970.

<sup>128</sup> [Mikhail M. Bakhtin], ”Innehålls-, materialets och formens problem i det litterära konstverket,” av Michail M. Bachtin, övers. Johan Öberg, Uddevalla: Anthropos, 1988, 198-251, 213.

<sup>129</sup> Mikhail M. Bakhtin, ”Problema teksta v lingvistike, filologii i drugikh gumanitarnykh nauk,” Bakhtin 1979, 281-307, 283.

tekstar å gjere. Det dei har felles som humanvitskapar, er "[tankar] om tankar, opplevingar av opplevingar, ord om ord, tekstar om tekstar":

Den humanvitskaplege tanken vert generert som tanke om andres tankar, viljesytringar, manifesteringar, uttrykk, teikn . . . det særmerkte ved den humanvitskaplege tanken er innstillinga på andres tankar, meininger, tydingar, osv., realiserte og gjevne til forskaren berre i form av tekst (Bakhtin 1979, 282).

Fordi Bakhtin oppfattar teksten som *ytring*, impliserer tekstteorien hans den andres subjekt, noko som i neste omgang gjev den humanvitskaplege tenkjemåten ein særeigen dobbeltplana karakter og ein dobbeltsubjektivitet, ein dialogisitet mellom tekstane og innom teksten (Bakhtin 1979, 282-3).

I Bakhtins omgrep har teksten to polar. Den eine polen er det attføreliggjande språksystemet, eller andre ålm̄ent forståelege system av teikn. Det tilsvavar i teksten alt det som er repetisjon eller reproduksjon, og det som er repeterbart og reproducerbart. Men samstundes er alle tekstar (som ytringar) noko individuelt, eineståande og ikkje-repeterbart, og i det ligg heile teksten si mening. Denne polen inngår som moment i teksten, men er ikkje bunden til dei repeterbare systemelementa. Teksten sitt meiningsaspekt opnar seg i samspelet med andre tekstar, i særlege dialogiske relasjonar (eller dialektiske, dersom dei vert abstraherte frå autor). Og medan alle teiknsystem (alle språk) i prinsippet lèt seg desjiffra, det vil seie omsetje til andre språk eller teiknsystem, lèt teksten seg aldri omsetje heilt ut. Det finst ingen potensiell tekstanes tekst (Bakhtin 1979, 284-5).

Så langt er Bakhtins resonnement gjenjenneleg som ein refleksjon over dikhottomien system/tekst, slik vi hugsar han frå 60- og 70-åra. Det originale hjå Bakhtin byrjar når han kombinerer tekst-omgrepet sitt med dialogteorien sin. Den hendinga (sobytie) — eit viktig omgrep hjå Bakhtin — som gjev teksten liv, det vil seie tekstens eigentlege vesen, utviklar seg alltid *på grensa mellom to medvit*:

Den humanvitskapelege tanken sitt stenogram er alltid stenogrammet åt ein eigen type dialog: eit komplekst gjensidig tilhøve mellom *teksten* (slik han vert utforska og reflektert over) og den omrammende *konteksten* forskaren har skapt (spørjande, motseiande, etc.), og der forskaren sin erkjennande og evaluerande tanke vert realisert. Det er eit møte mellom to tekstar — den ferdige og den skapte, reagerande teksten, og dermed er det òg eit møte mellom to subjekt, to autorar,

Ein tekst er ikkje ein ting, og difor er det umogeleg å eliminere eller å nøytraliserer den andre, mottakaren sitt medvit. (Bakhtin 1979, 285)

Her er vi ved kvintessensen av Bakhtins tekstteori. Eg skal ikkje gå vidare inn på hans drøfting av autor-omgrepet og hans tese om forfattaren som den som har evna til å tale indirekte, om at verkeleg skapande kan alltid berre den *andre* stemma vere. Eller utsegna hans om at "å sjå og forstå autor vil seie å sjå og

forstå eit framandt medvit og dess verd, det vil seie eit anna subjekt, eit "Du." Eit objekt krev ingen dialogisk relasjon, og difor er forklaringa utan dialogiske moment (bortsett frå formelt-retoriske). Forståing er alltid til ein viss grad dialogisk. I Bakhtins perspektiv skulle vi difor kunne seie at hermeneutikken etter sitt vesen er ein dialogisk vitskap, der forskingsgjenstanden vert til forskingssubjekt.

# Nynorskens sanselege kropp – eit kulturanthropologisk perspektiv

Ole M. Høystad

Tittelen på dette innlegget, som nå blir servert omarbeidd som artikkel, har fleire implikasjonar og følgjer, både teoretisk og praktisk, antropologisk og kulturelt, som eg skal freiste å kaste lys over i det følgjande. Siktemålet er m.a. å vise at det ikkje er likegyldig menneskeleg, sosialt og kulturelt korleis forholdet mellom det konkrete og abstrakte er i ulik bruk av språket i ulike samanhengar. Det gjer noko med oss som menneske og med våre samværsformer om vi uttrykker oss på den eine eller andre måten. Her er eg særleg opptatt av korleis språket også kan uttrykke og ta vare på kroppslege og sanselege sider ved livet og få oss til å oppleve det levde liv som kroppslege eksistensar med alt som det inneber.

For det første påstår eg altså at nynorsken – som alle språk – har eller kan ha ein kropp, til og med ein sanseleg kropp. Med kropp forstår eg sjølvsagt ikkje kropp i materiell eller fysisk forstand, men metaforisk for den evna språket, i skrift og tale, har til å vekke forestillingar om noko konkret eller sanseleg, slik at vi kan oppleve eller erkjenne noko som noko verkeleg eller substansielt. Det er ikkje berre slik at eit språkleg uttrykk kan mane fram forestillinga om det det refererer til, at den språklege representasjonen har ein referanse, at signifikanten har eit signifikat, men like viktig antropologisk er det at ordet og begrepet, representasjonen og signifikanten kan stå fram for oss som om vi møter noko konkret i seg sjølv, og dette konkrete kan vi ikkje skilje frå det abstrakte eller allmenne som det også uttrykker. At ordet kan bli kjøtt og blod, er ikkje berre eit bibelsk dogme. Dette er like mye den trivuelle sida ved språket som den magiske, at vi så å seie kan la den ytre røyndommen stå opp att som språk i ei indre verd. Men grunnen til at denne indre verda, den språkleg konstituerte tankeverda, kan stå fram for oss som ei verkeleg verd, er nettopp fordi språket, orda og begrepa har denne evna til å la noko stå fram for vårt indre auge som noko sanseleg konkret og bestemt, som om vi var i ei sanseleg verd. Og det er denne konkrete sida eller det sanselege fundamentet for språket eg er opptatt av her. For denne sanselege sida ved språket er ein føresetnad for at vi også som språkvesen kan vere integrerte i ei bestemt livsverd med forpliktande relasjonar til andre menneske, der vi møter kvarandre som kroppar som ikkje kan definerast bort med språk.<sup>130</sup>

Det er altså snakk om den evna talen eller skrifta har til å råke oss sanseleg eller kroppsleg merkbart på den eine eller andre måten. Det er snakk om sanse-

<sup>130</sup> I sin fenomenologi (særleg i *Ideen zu einer reinen Phänomenologie und phänomenologischen Philosophie*) gjer Edmund Husserl seg til talmann for ein kroppsaprioritet i den forstand at det menneskelege fellesskap er konstituert av individ som eksisterer som kroppar, og som først møter kvarandre som kroppar.

leg språk i den forstand *retorikken* opererer med, for eksempel når den peikar på at talen i større og mindre grad kan aktivere kjensler i tillegg til å vekke ei tankeforestilling og gi ei abstrakt logisk meining. Retorikken gjer også greie for at også skrifta kan ta vare på dei munnlege og sanselege trekka som talen har, for eksempel at talen og skrifta kan vere *stemt* og skape ei bestemt stemning.<sup>131</sup>

Det er vidare slik at ikkje alle livsformer og sosiale system er like godt eigna til å utvikle, bruke og ikkje minst ta vare på konkrete uttrykksmåtar. Det er i eit slikt historisk og kulturanthropologisk perspektiv eg meiner nynorsken har hatt og stadig har ein særleg funksjon. Spørsmålet er ikkje om nynorsken er meir eller mindre kroppsleg i ovannemnde tyding enn bokmålet og riksmalet. Det er heller snakk om spesielle historiske føresetnader og potensial. Nynorsk har kanskje ei spesiell historisk oppgåve i å forvalte og bruke ein stor ordskatt som tar vare på den sanselege sida ved språk slik som den blir forstått her. På mange måtar kan ein lese ein slik funksjon ut av nynorsk litteratur etter dei store stilistane frå Vinje og Garborg til Vesaas og Fløgstad. At Stephen Walton kalla sin store Aasenbiografi for *Ivar Aasens kropp* (1996), er heller ikkje berre eit retorisk grep i denne samanhengen.

For å unngå misforståingar må det også understrekast at det konkrete og det abstrakte er to sider av same sak. Og enkelte språklege disiplinar og språkspel har som oppgåve å reindyrke det abstrakte språket, særleg filosofi og vitskap med sine abstrakte og utenkte begrep. For språkvesenet mennesket er det heller ikkje lett å seie om det eine er fundamentet for det andre eller omvendt, om det er kroppen eller sjela som kjem først. Like fullt kan det hevdast at det er det konkret-sanselege fundamentet for språket, livsverda, som er mest utsett i dag. Det Egil Børre Johnsen i si tid kalla ”ingenspråket”, får lettare institusjonell aksept enn konkret bestemt og sanseleg engasjerande tale. Det er såleis ikkje alltid så lett å oppfatte referansen for mange talemåtar og abstrakte uttrykk i eit samfunn der ekspertspråket et seg inn på mange livsområde. I stabile samfunn med låg endringsgrad og tradisjonelle produksjonsmåtar og samværsmåtar var og er forholdet annleis. Der var og er det lettare å finne ein felles ytre referanse for ord og uttrykksmåtar og lettare å kjenne igjen det historiske og konkrete grunnlaget for metaforiske uttrykk. Landsmalet og nynorsken er blitt til i eit slikt stabilt og heller homogent tradisjonelt samfunn. Og nynorsken ber stadig med seg ein rik ordskatt frå ei anna samfunnsform enn den som gjeld i dag. Men om mange ord blir mindre brukte pga. endringar i arbeidsliv og produksjon, endrar ikkje det grunnlaget for nynorsken i det levde liv. Dette gjeld både historisk eller diakront og synkront her og nå. På dette grunnlaget kan det utviklast ein *kulturanthropologi* der det historiske (og fortida) er integrert i det antropologiske (det aktuelle) som eit verksamt vilkår her og nå. Det er det eg skal freiste i det følgjande.

<sup>131</sup> Dette har Jørgen Fafner gjort greie for i m.a. ”Retorikkens brændpunkt” i Kjell Lars Berge (red.): *Vad är retorik?*, Stockholm 1988.

## ***Homers kroppslege autos***

For å illustrere poenga mine vil eg gripe tilbake til antikken, sidan vi der kan følgje den mentale og antropologiske utviklinga frå eit konkret sanseleg språk med kroppsleg opphav til eit språk med allmenne og abstrakte begrep. Dette skiftet er i mentalitetshistoria kjent som eit skifte frå *mythos* til *logos*, eit skifte som samtidig representerer den fyrste mediarevolusjonen med overgangen frå tale til skrift. Det er vanleg å seie at det mytiske mennesket manglar medvit om eige medvit og ikkje skil mellom medvitet og det medvitet har medvit om. Den sansande og det sansa glir slik over i kvarandre, det ytre og det indre blir to sider av same sak. I gresk kultur er det bevart eitt verk som representerer dette mytiske mennesket, nemleg *Iliaden* frå ca. 700 fvt. Prototypen på det homeriske mennesket er helten og kjemps Akilles. Han er ein funksjon av lidenskapar, av sinne og harme særleg, og er elles styrt av ære og skam, altså av noko ytre, slik alle er det i alle æreskulturar.

Når det homeriske mennesket er styrt av harme og lidenskap, begjær og sinne, er det fordi det er prisgitt sanseimpulsane sine, om impulsane blir vekte av noko kroppsleg eller av makter som blir oppfatta som noko som kjem over dei utanfrå, særleg frå dei lunefulle olympiske gudane. Identiteten til det homeriske mennesket ligg i kroppen, med alle dei sansane og kjenslene som den hyser. Kroppen er sjølvstendende, *autos*. Setet for tanken og forstanden er tilsvarande kroppen, særleg bringa og mellomgolv. Intellektuelle fenomen som *noos*, fornufta, og *thymos*, viljen, er plasserte i bringa eller i mellomgolv, *frenes*. Korleis det homeriske mennesket tenker med magen og mellomgolv, vitnar språket stadig om gjennom karakteriserande uttrykk som *frenetisk*. Hjernen har altså ikkje noko med intellektet å gjere, han er uinteressant for grekarane som i alle andre arkaiske kulturar.

Hos det homeriske mennesket er det ikkje noko intellektuelt eller forstandig som ikkje samstundes er noko kroppsleg. Dette kjem m.a. til uttrykk i at dei homeriske heltane fører dialog med dei ulike kroppsdelane sine der viljen, harmen og sinnet har sitt sete. Det gjeld også det antropologiske motstykket til Akilles, Odyssevs, som representerer den nye mennesketypen som er i kjømda, med medvit om sitt eige medvit. Odyssevs freistar såleis å *besinne* seg ved å tale sitt harmfulle hjerte til rette og be det halde ut og tole urenna utan å reagere umiddelbart på sinnet. "Hjerte, hald ut! Det du tolte før, var verre enn dette!", kan Odyssevs utbryte.

At fornuft og forstand blir oppfatta som kroppslege fenomen, vitnar altså det homeriske språket om. Uttrykk for å forstå er sanselege fenomen og prosessar. Det ordet som grekarane etter kvart bruker om fornufta, *nous* (*noos* hos Homer), er laga av verbet *noein*, som betyr å innsjå, gjennomskode, også berre sjå. Også idéen, som er målet i Platons erkjenning, kjem etymologisk av å sjå, *idein*. Metoden for å få del i idéverda, nemleg *theoria*, har også opphavleg noko med syn og visjon å gjere. Teorien er visjonær. Analogien mellom synssansen og erkjen-

ning i form av innsyn m.m. kjenner vi også, i allfall språkleg, om ikkje kroppsleg. Tilsvarande har er-kjenning noko med *kjenne* å gjere på germanske språk også. Men hos Homer gjeld denne sterke bindinga til det sanselege kroppslege ikkje berre *enkelte* erkjenningsfunksjonar, men *alle*. Det er i hans antropologi umogleg å skilje det intellektuelle frå det emosjonelle, sanselege og kroppslege.

Poenget i eit historisk og språkantropologisk perspektiv er altså at allmenne begrep og det abstrakte språket opphavleg har ei kroppsleg eller sanseleg-konkret forankring. Hos Homer er det allmenne og abstrakte ennå ikkje skilt ut frå det konkret sanselege og kroppslege. Fornufta er ennå kroppsleg. *Noos* er i hans antropologi plassert i bringa, slik dette for eksempel kjem til uttrykk i niande songen av *Iliaden*, vers 553-554, der harmen eller sinnet får kjempas *noos* i bringa til å svelle opp:

Men Meleagros vart eggja til sist av harmen som jamvel  
øser den vislege opp, så hjarta hans [egentleg *noos*] trutnar i barmen.<sup>132</sup>

Også fornufta er såleis underlagt lidenskapen hos det homeriske mennesket. Fornuftas oppgåve er ikkje å vere eit korrektiv til kjenslene. Fornufta har ennå ikkje medvit om seg sjølv og ikkje utvikla evna til bevisst å dempe sinnet før det eventuelt får utløp i handling, som oftast valdeleg. Det er impulsen, innfallet, sinnet, harmen og lidenskapen som rår. Det er derfor heltane ved Troja er nettopp homeriske. Derfor oppfattar også Helenas ektemann, Menelaos, det som unødvendig heft når hjertet taler til han. Han avbryt derfor raskt dialogen med "hjertet", dvs. refleksjonen og sjølvbesinninga, med å avvise den som fanyttes og bortkasta tid: "Men kvi står eg og hefter meg med såvorne tankar?" (Song 17, vers 97). Motsetnaden er altså Odyssevs som nettopp fører slike dialogar med hjertet sitt. I mentalitetshistoria blir dette sett på som eit første steg i retning av bevisstgjering av mennesket i samsvar med fornufta eller logos. Odyssevs er første steget i retning av den platoske besinninga, *sofrosyne*, som er Platons og Sokrates' ideal. Og det Sokrates har som ikkje dei homeriske heltane har, er dei allmenne og abstrakte begrepa som gjer det mogleg å sjå dei individuelle kroppslege impulsane og sanselege innfalla nettopp som uttrykk for noko *allment*. Men resultatet veit vi er dualisme, skiljet mellom kropp og fornuft.

I det platoske menneskebildet er det intellektuelle og åndelege lausrive frå kroppen som erkjenningskjelde. Platon gir førsterangen til fornuftsdelan av sjela som siktar mot evige idéar i noko transcendent over-sanseleg. Det betyr også at allmenne idéar og abstrakte begrep blir idealet. I eit platosk perspektiv blir dei metaforiske og sanselege uttrykka nedvurderte i same takt som teoretiske abstraksjonar blir gjort til ideal. Følgjeleg blir filosofi og vitskap oppvurdert medan kunst og dikting med sine særeigne uttrykksmåtar blir nedvurdert.

---

<sup>132</sup> Etter Eirik Vandviks gjendikting/omsetting av *Iliaden* frå 1951, 2. utgåve 1965 (Det Norske Samlaget).

Overgangen frå det homeriske og før-platonske til det platoske menneskebildet med oppvurdering av allmenne fornuftsformer veit vi er det store vasskjeljet mentalt i vår kulturhistorie. Denne mentalitetsendringa er ein føresetnad for ein høgkultur som den europeiske. Men når ei fornuft med krav på universelt hegemoni blir konge på haugen i eit antropologisk hierarki, betyr det også at det som ligg under fornuftha og fornuftsdelen av psyken (*logistikon*), blir stempla mindreverdig og undertrykt. Det vil seie at kroppen og alt det sanselege som den representerer, som følgje av den platoske verknadshistoria blir tildekt og undertrykt. Denne spenninga mellom kropp og sjel veit vi er den vedvarande spenninga i europeisk kultur som store filosofar med jamne mellomrom har bidratt til å sementere meir enn å oppløyse. Skiljet til Descartes mellom kropp og sjel gjer seg såleis framleis gjeldande i norsk og europeisk medisin og mange andre vitskapar, i praksis meir enn i teorien.<sup>133</sup> Kants universelle fornuft dominerer stadig den erkjenningsteorien som dei fleste vitskapsgreinene søker den filosofiske legitimeringa si i, og er mentalitetshistorisk ein viktig føresetnad for at abstrakt og kroppslaust språk har fått ein større plass enn nødvendig i akademisk språk. I sine kritikkar av Herders filosofi gjekk Kant særleg til åtak på Herders stil og metaforar i vitskaplege avhandlingar. Det er i dette perspektivet eg meiner det er viktig å halde fast på dei språktradisjonane som representerer eit konkret råkande og sanseleg begripeleg språk, m.a.o. det homeriske elementet i språket, som også nynorsken har i rikt monn.

Korleis den platoske begrepsbruken også reint konkret fører til ei distansering frå kroppen, kan diskusjonen om kjærleikens vesen i den mest kjente av alle Platons dialogar, *Symposion*, representera. Når ein kjenner den historiske konteksten for det platoske kjærleiksidealet som her blir forkjent, er det i grunnen merkeleg at dette kjærlekssyntet kan ha blitt framstilt som eit ideal i ein heil kultur slik som i den kristne europeiske. For heile poenget med diskusjonen i *Symposion* er jo å overkomme homoseksualiteten, kjærleiken mellom læraren og eleven hans, mellom den vaksne mannen og ynglingen, som rådde i Athen og andre greske bystatar. Måten Platon gjennom Sokrates løyser dette sosialt og personleg problematiske forholdet på, er å omdefinere det erotiske venneskap, *philia*, som var mellom mann og gut, til noko som skulle vere ut over det erotiske. Og det einaste som kunne vere, i følgje Platons talerøyr Diotima, er eit vennskap som kunne vere ved etter at guten var blitt vaksen og sjølv fann seg ein elskar, da det ikkje kunne vere eit seksuelt forhold lenger. Neste steg var å søke ein kjærlek som varte enda lenger, som varte evig. Og den einaste kjærleiken som kan vere evig, er kjærleiken til ein idé som ikkje blir råka av tidas tann. Slik oppstår *kjærleiken til sanninga* i seg sjølv som det høgste målet i antikken.<sup>134</sup> Men dette er altså ein kjærlek som er lausriven frå kroppen og det sanselege

<sup>133</sup> Nevrofysiologen Antonio Damasio har gjort greie for korleis den cartesianske dualismen framleis gjer seg gjeldande i medisinen i *Descartes' feiltakelse. Fornuft, følelser og menneskehjernen*, Oslo 2001.

<sup>134</sup> Desse stadia i utviklinga av kjærleiken/eros har Michel Foucault gjort greie for i *Bruken av nyttelsene*, band II av *Seksualitetens historie*, omsett til norsk av Espen Schaanning 2001.

livet, der ein abstrakt idé har teke plassen til andre menneske av kjøt og blod. At kjærleiken til abstraksjonar blir det høgste idealet i ein heil kultukrets, får sjølv-sagt store konsekvensar for tenke- og uttrykksmåtar i vestleg kultur.

Som kjent tener den platoske tenkemåten som filosofisk-teologisk legitimering av kristendommen og det kristne kroppssynet i europeisk kultur. Dette fører ikkje berre til nedvurdering av den ”syndige” kroppen i moralsk forstand, men også til nedvurdering av ein folkeleg kroppskultur og ikkje minst det sanselege kroppsbindne språket. Det er m.a. dette Mikhail Bakhtins kulturanthropologi handlar om, slik det går fram av hans *Rabelais and his World* (1965). Det er dette som er ulykka med den platonistiske verknadshistoria, at den set dualistisk opp mot kvarandre i eit hierarki kropp og fornuft som komplementært utfyller kvarandre i ein heilskap. Derfor har det kroppsleg og sanseleg bundne språket blitt nedvurdert som både ”lågt” og ”låkt”, medan abstrakte, allmenne og teoretiske uttrykksmåtar tilsvarande har blitt vurderte som ”høge”, dvs. høgverdige og ”fine”. Desse motsetnadene har også gjort seg gjeldande i norsk språkhistorie, der nynorsken har blitt råka av mange av dei fordommane som tradisjonelt møter ein kroppsleg bunden folkekultur og alt han står for.

### ***Platonsk og puristisk psykologi i norsk språkhistorie***

Skiljet mellom fint og stygt språk gjeld ikkje berre i kyrkjelege-religiøse samanhengar, men også i verdslege borgarlege. Alle maktssystem har sin eigen sjargong. For å bli del i makta er det nødvendig både å knekke og tileigne seg den språklege koden som rår på det aktuelle maktområdet. I vår tid står talemåtar frå byråkrati og ekspertise, frå forvalting og forsking i ei særstilling. Dette inneber at kvasi-vitskaplege og teoretiske abstraksjonar står sterkare enn folkelege talemåtar med forankring i ein kroppsleg praksis og i livsverda. I mange sosiale samanhengar krev det mot å røpe ein kroppsleg og lokal identitet som avvik frå *mainstream*, som det heiter på sidemålet. For da utløyser ein ofte ei rad fordommar som ein blir tolka inn i. Også metaforiske uttrykk blir titt undertrykte i institusjonelle maktrelasjonar, sjølv om metaforane kan vere sakleg treffande og opplysande. Å vere for tydeleg og direkte er å stille seg lagleg til for hogg. Alle laug favoriserer dei som lærer seg laugsspråket, framfor dei som ikkje underkastar seg det, det gjeld ikkje minst Akademia. Dette er kanskje noko av bakgrunnen for at vi her i landet har eit nesten dualistisk skilje mellom Akademia og resten av det intellektuelle Norge med kulturlivet elles. Det er snakk om to språkkulturar etter eit skilje som er langt viktigare og meir uheldig for landets åndsliv enn skiljet mellom bokmål og riksmål på den eine sida og nynorsken og dei dialektane han står seg på, på den andre sida. Dette er på sett og vis ein variant av skiljet og motsetnaden mellom eit kroppsleg forankra språk i tradisjonen etter Homer og Diogenes i tynna og eit meir allment platosk språk, der nynorsken historisk truleg har hatt større forståing for den homeriske tradisjonen, mens riksmålstilhengarar i direkte opposisjon til nynorsk har definert seg inn i ein høg og fin danningstradisjon gjennom eit skritt og reint riksmål.

Purismen i begge leirar har element frå ein plantonsk tenkemåte, og antagonismen mellom retningane og deira respektive talsmenn blir titt meir platoske enn det sakleg-språkleg sett er grunnlag for. Riksmålsfolk vil jamt passe seg for ikkje å gi konsesjonar til nynorske uttrykksmåtar, same kor gode dei er, og mang nynorskinger vil for å unngå å bli skulda for purisme og arkaisme unngå gode uttrykk eller det motsette i platosk truskap mot idealia. Det er ein indre logikk eller dialektikk i begge språkleirane med tilliggande herlegdommar som gjer at begge i større grad skyr ord med klare kroppsleg-sanselege denotasjonar og konnotasjonar enn nokon av dei og vårt felles språk, bokmål og nynorsk, er tente med.<sup>135</sup> I tillegg kjem den seigliva norske husmannsånda og fjøskomplekset. Desse sosial-psykologiske kompleksa og tabua representerer såleis ikkje berre eit skilje mellom bokmål/riksmål og nynorsk, for skiljet går tvers igjennom både bokmålet/riksmålet og nynorsken. På mange måtar kan det platoske skiljet mellom det allment abstrakte og det konkret kroppslege også oppfattast som ei ulykksaleg kløyving i landsmålet/nynorsk frå opphavet av.

Ivar Aasen, med alle sine kroppslege hemningar og tabu, gjekk på ymse vis i denne platosk-puristiske fella, ganske enkelt av den grunn at det var dette paradigmet som var det rådande i den språkhistoriske tradisjonen han gjekk inn i, etter den store idealistiske arven av tysk opphav med sine høge hugmål og den nasjonale romantikken med sin hugheile vere- og tenkemåte. Derfor treng Stephen Waltons bilde av språkgranskaren Ivar Aasen som den store karnevalisten i Bakhtins tyding i norsk kulturhistorie eit lite supplement (Walton 1996:14). Nei, Aasen er som språkideolog og morfolog i normeringsarbeidet ingen karnevalist, snarare tvert imot. Karnevalismen står for alt som er ureint i ei blanding av høgt og lågt, fint og stygt, ikkje minst språkleg, medan Aasen dyrka det reine og systematisk konsekvente og allmenne. Hadde han vore litt meir karnealistisk i systemtenkinga si, dvs. litt mindre konsekvent, ville nok norsk språk, både bokmål og nynorsk, vore annleis i dag.

Men Aasen er karnevalist i den forstand at han *opnar* for karnevalisme med å skape eit skriftspråk og dermed talespråk med alle orda i norske dialektar som samla sett representerte eit anna livs- og verdssyn, samfunns- og kultursyn enn det som rådde grunnen i dansk-norsk og den danna daglegtalen i hans tid. Det er elles berre *ein* ekte karnevalist blant dei nynorske gründarane på 1800-talet, nemleg A.O. Vinje, kanskje to dersom vi tar med Olaus Fjørtoft, tre dersom vi inkluderer alt som storlygaren Carolus Magnus representerer hos Garborg. Men utan ein Aasen som laga eit skriftspråk av folkemålet, ville det ikkje vore mogleg for etterkommarane hans i *praksis* å snu opp ned på nokre etablerte verdihierarki og verdsoppfatningar i den da rådande dansk-norske kulturen. Vi kan

---

<sup>135</sup> Mikhail Bakhtin har i sitt verk om den dialogiske romanen, *Problems of Dostoevsky's Poetics* (1929/1973) gjort greie for korleis det er eit strukturelt trekk ved alle tale, at vi snakkar så å seie med eit sideblikk til dei vi snakkar med. Bevisst og ubevisst førgrip vi deira forventa svar i det vi seier.

seie at dei praktiserte den karnevalismen som Aasen la grunnlaget for på sin lite karnevalistiske måte.

Den store språkgranskaren Ivar Aasen såg straks han sette i gang innsamlingsarbeidet sitt, at dialektane og talemålet var rike på ord og uttrykk for alt konkret i arbeidsliv og næringsliv. Men i den målteorien han arbeidde ut frå i 1843 om eit mogleg nytt norsk skriftmål, skriv han om det han oppfattar som eit underskot på abstraksjonar i talemålet. Det norske folkemålet har en stor Rigdom af Ord og Udtryk for det Sandelige og Materielle [...] men det er derimod meget fattig i Alt hvad der udkræver en mer frigjort abstrakt Tænkning [...]. [V]ed Mangel paa Uddannelse, som Omstændighederne have medført, staar det saa meget tilbage i Forhold til Tidens Fordringer, at det vanskelig kunde benyttes som Skriftsprog (etter Walton 1996: 366).

Ein både sakleg og logisk konsekvens av det Aasen oppfattar som mangel på abstraksjonar i norsken, ville ha vore å vere open for å lage abstraksjonar av dei substantiviske pre- og suffiksa *an-*, *be-*, - *het* og -*else*. Men idealisten Aasen tok heller utgangspunkt i det reine morfologiske systemet enn i den faktiske og ureine språkbruken i dialektane, der dei dansk-tyske *an-be-het-else*-orda var utbreidde og fungerte godt til liks med i svensk, som Aasen elles kunne ta utgangspunkt i da han utarbeidde normene sine.

Aasen sitt alternativ vart å lage abstraksjonar av dei føre- og etterstavingane som talemålet og systemet opna for, for eksempel ved hjelp av etterstavingane –løyse, -nad, -leik og –skap, og særleg –ing. På mange måtar tar suffikset –ing på nynorsk meir og meir plassen til –het på bokmål. Dessutan verkar –ing-orda jamt ikkje så substanslaust abstraherande som –het-orda ofte gjer. Det gjeld også fleire av –løyse-orda. Forskjellen sanseleg-stilistisk på *vonløyse* og *håpløshet* fortel mye om kor stort verket til Aasen er, kor godt eigna det er til å råke noko substansielt i tilværet og motabeide framandgjering. Den som lir av *dugløyse* er kanskje udugelegare enn den som lir av *udugelighet*. For å erstatte dei dansk-tyske abstraherande forstavingane tydde Aasen til preposisjonar, for eksempel *om-grep* i staden for *be-grep*. Slik får han også fram at begrepa skal gi oss grep på noko ved avgrensande å gripe omkring det språkleg.

Stundom kunne dei nynorske substansivsuffiksa også gi ein gevinst i stilistiske variasjonar. Det fenomenet som på fleirtalsnorsk heiter *kjærighet*, kan på nynorsk heite både *kjærleik* og, som det titt heiter i Bibelen, *hugnad*. Men slike hugnadsfulle ord og omgrep kan lett verke abstrakte i negativ forstand, som platonismar med bismak av høge hugmål for oss austlendingar. Her er meir *agape* enn *eros*. Noko tilsvarande gjeld også fleire allmennbegrep som dei få attlevande og meir og mindre verneverdige puristane dyrkar, at dei ikkje gir dei kroppsleg-sanselege assosiasjonane, men nettopp ber preg av å vere laga, dvs. utenkte abstraksjonar som ikkje blir oppfatta som levande begrep. Eitt eksempel, som i allfall for ein austlending er bokspråk i den negative tydinga, er *tame*. Dette er eit reint framandord som blir brukt som omsetting for bokmål *ferdighet*. Men det

tilsvarer vel noko slikt som *dugleik* (eller *evne*). Etymologien eller grunnordet for desse to substantiva fortel litt om kva for eitt av dei ein kanskje bør bruke. *Tame* er avleidd av *tam*, temje. Og mang ein tame har nettopp blitt bruka til å temje karnevalismen i tale- og særleg i skriftmålet. Etymologien til *dugleik* fører assosiasjonane i ein heilt annan retning. Ordet kjem av *duge*, som altså betyr å evne noko, kunne noko, å ha tileigna seg og meistre ein *areté*, som *dygd* heitte på gresk. Og dersom ein bruker *dygd* på denne måten, kan ein dessutan kunne oppnå ein stilistisk variasjon i høve til *dyd*, som er same ord på bokmål, men som, fordi moral i vårt land lenge har vore identisk med seksualmoral, har fått avgrensa tyding til berre *ei* bestemt dygd.

Poenget mitt er altså at allmenne substantiv og abstrakte begrep gir best meiningsdersom dei også kan oppfattast som noko substansielt, eller ha evna til å vekke forestillinga om noko sanseleg. Heile bakgrunnen for nynorsken som folkespråk var jo nettopp at han skulle vere levande og samsvare med tenkemåten til breie lag av folket. Derfor er den måten puristane har brukt mange substantiv på, ofte ueheldig for nynorsken som bruksmål – sjølv om dei språkpolitisk er på line med Aasen. Berre spør gymnasiastar som har råka ut for puristiske nynorskplatonikarar i nynorskundervisninga.

Aasen gjekk elles inn for å lage nye abstrakte begrep ut frå historiske, etymologiske og morfologiske strukturar, eller la eksisterande dialektord frå einskilde distrikt gå inn i det allmenne eller nasjonale språket, og så fekk konvensjonen avgjere kva for ord som vart allment brukte. Ut frå dette prinsippet må vi også finne oss i å bruke ord som *tame*. Særleg tydde Aasen til avleiningar av rotstavingar og allment brukte ord. Det er nokså tilfeldig kva for ord som på dette grunnlaget vil gå inn i bruksspråket. Men dette var ikkje Aassens sak, han såg framover og presenterte arsenalet, så fekk andre bruke det. Sidan det her er snakk om sanseleg språk, kan vi bruke døme frå den erotiske gata vi har vore innom. Av *kåt* har vi substantivet *kjæte*. Det er ikkje noko i vegen for å bruke dette begrepet på bokmål, og nokon gjer det, og det står i bokmålsordlista, men fordi det smakar nynorsk, blir det ikkje mye brukt av bokmålsbrukarar; *kåthet* blir brukt i staden, sjølv om ordet ikkje strålar av kjæte akkurat. Ord som *kjæte* fyller ut det emosjonelle vokabularet på skalaen mellom den biologisk drifta, lysta og den platoske hugnaden med eit høgst kroppsleg-vitalt begrep. Det er mange slike døme på nynorskord som i mange samanhengar er langt meir ekspressive samanlikna med tilsvarande an-be-het-elsesord på bokmål.

Vi har ein usedvanleg stor og rik ordskatt i norsk språk. Han er så stor at han ennå ikkje er heilt samla mellom to permar. Verket er ikkje halvveges eingong med utgivinganå i 2003 av band IV av *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket*. Det er altså ikkje berre den historiske utviklinga som gjer at så stor del av desse orda ikkje blir brukte, også sosialpsykologiske kompleks står i vegen for aktivering av denne språklege latensen. Og dei som kjenner mange slåande og ekspressive dialekt- og nynorskuttrykk, blir jamt råka med

sosiale fordommar når dei bruker slike gode ord, som er ukjente for andre. Norge må forresten vere det einaste landet i verda der det fungerer negativt sosialt å ha eit større ordforråd enn andre, og der den som kjenner og kan bruke eit godt ord eller uttrykk som ikkje alle andre kjenner, ofte blir møtt med nedlatande ufysisne eller overberande smil. Kan hende er det andre enn dei som peikar seg ut for vanetanken, som er dei eigentlege jantemenneska?

Ei av dei største tenestene ein kan gjere ikkje berre nynorsken i dag, men norsk språk og tankeliv i det heile (ettersom tanke og språk er eitt), er å sørge for å oppretthalde eit så rikt, variert og nyansert ordforråd som mogleg gjennom bruk, dvs. bruke gode ord og uttrykk frå norske dialektar og talemål, nytt og gammalt, også avleidde abstrakte begrep, som *ofse*, *fysn*, *ufysisne*, *ufyse* og *kjæte*. Og kva med *fælske* i staden for *(v)ondskap*? Fælska er verkeleg fæl, medan dei fleste synest å tolle mye *ondskap* før det gjer vondt.

A. O. Vinje skjønte alt dette; han var både homerisk og platonisk. Derfor brukte han både framord av gresk og romansk-latinsk opphav, laga sjølv allmennbegrep med klare kroppslege eller konkret-sanselege trekk. Her gjekk han i fotspora til Wergeland, som i si tid bidrog til fornorskinga både på den eine og andre måten, bl.a. ved å lage norske omskrivingar av såkalla framord. *Bakstreversk* for reaksjonærer er for lengst gått inn i bruksspråket. Når Vinje omsette eller omskapte framord til gode norske ord, var framlegga hans oftast sjølvinstruerande, dvs. konkrete og ekspressive. Han gjekk også den andre vegen. Der han ville bruke gode dialektord som ikkje var så lett gjenkjennelege eller forståelege for alle, forklarte han dei eller førte opp det tilsvarende ”framordet”, *flogvit* blir forklart med Geni i parentes. Nokre døme på Vinjes språklege nyskaping og vitalisme frå *Ferdaminni*: Han bruker *vitjing* for besøgelse, *magamelting* for fordøielse, *ikjøting* for incarnation, *hådeleg* for bespotteleg, *uvite* for besvime, *røynd* for erfaring, *forvitneleg* for interessant, *eldhug* for begeistring osv., ei heil lita ordbok som faktisk er glidd inn i norsk språk fordi han våga å utfordre vanen og det gode selskap.

Vinje er eit ideal, saftig kroppsleg og ekspressivt råkande samstundes som han kan lage og bruke allmenne begrep på høgt abstraksjonsnivå utan at det blir kroppsfiendtleg, substanslaust og anemisk språk av det.

### ***Homer og Platon, kroppsleg praksis og abstrakt teori som kultur-antropologiske nivå***

Ein måte å overvinne nokre av dei fordummande fordommane mot nynorsken på og dermed aktivere den store ordskatten han rår over, kan vere å skape forståing for korleis nynorskens kjelder representerer ikkje berre eit kulturhistorisk stadium, men også eit antropologisk nivå og eit mentalt lag i kvar og ein av oss og slik ein del av vår eigen identitet.

Det blir ofte brukt som eit poeng mot den aasenske skrifnormalen og nynorsken at han spring ut av og framleis representerer ein før-moderne bondekultur, provinsen og primærnæringane. Men alle språk har ei slik ”fortid”. Dette råkar heller ikkje det vesentlege her. Hans språk spring først og fremst ut av *det levde livet* før og nå. Det levde livet er ikkje avgrensa til provinsen og primærnæringane. Men det er primært på den måten at det er fundamentet for alle slags livserfaringar mellom liv og død slik dei er nedfelte i talet. Denne referansen er den såkalla *livsverda*.<sup>136</sup> Den er strukturelt påfallande lik seg sjølv til alle tider, mens den såkalla formaliserte og formålsrasjonelle systemverda i større grad skiftar frå tid til tid med makt som generator. I den grad vi er folk, hører vi heime i *livsverda* og balar med mange av dei same utfordringane som dei homeriske menneska, om vi lever i by eller bygd. Og kroppslege uttrykksmåtar kan framleis fange opp i seg røynslene våre, slik allmennbegrepa spring ut av det levde livet og overleverte erfaringar så vel som tankar, refleksjonar og fantasiar, dikt og draum, tekst og kontekst. Dette er noko som gjeld i alle språk. Men nettopp fordi nynorsken som skriftspråk med Aasens verk så å seie veks ut av det levde livet og ei bestemt historisk utvikling, er nynorsken særleg godt eigna til å illustrere den kulturanthropologien som alt språk er berar av. Og Aasens kropp ber vi stadig med oss, som avskalingar av hans kropp.

Dei fleste erkjenner at mennesket både har ei artshistorie og ei individuell historie eller utvikling, ein ontogenese og ein fylogenese. Det spesielle ved mennesket er at kvar tid og kvart individ må gå igjennom utviklinga til både arten og kulturen for å vere på høgd med si eiga tid og utviklinga. Kulturelt og historisk er det også slik at dei historisk gamle laga er dei elementære, dei som gjer dei andre mogleg. Dette er openbart i forholdet mellom kropp og tanke. Vi må ha ein kropp og språk før vi kan tenke, og dei kroppslege erfaringane er, slik både filosofar og psykologar kan påvise, grunnlaget for alt språk. Metaforane samsvarer med kroppestrørlene og kroppsøyenslene, slik dette kjem til uttrykk i George Lakoff og Mark Johnsons klassikar *Metaphors we live by*.<sup>137</sup> Hovudtanken deira er at heile språket som metaforisk system er utvikla på grunnlag av den kroppslege eksistensen vår. Noko er *framom* eller *bak* oss, osv. Å vere *framsynt* eller *sidrumpa* har i utgangspunktet noko med ei kroppsleg holdning og sanseleg persepsjon å gjere.

Det levde liv og historia har i kulturanthropologien same funksjonen som kroppen i personlegdomsutviklinga. Når det gjeld kulturanthropologien, som det er snakk om her, må ein altså ta vare på røynslene og innsiktene, kategoriane og grepa som dei historiske utviklingsstadia som ligg bak oss representerer, slik dei er nedfelte i språket. Dette er den viktigaste funksjonen nynorsken har, kulturelt og antropologisk. Språket er vårt kollektive minne. I den grad vi er nordmenn i

<sup>136</sup> Da tenker eg like mye på den måten Husserl presenterer begrepet på i *Krisis* (1936), som på Habermas sitt system.

<sup>137</sup> Chicago og London 1980.

kropp og sjel, og meiner at vi er noko meir enn overflatefunksjonar, må vi ha med desse dimensjonane. Dei kan så visst omtolkast og omtalast også på bokmål i den grad orda som refererer til dei, går inn i bokmålet. Men vi kan ikkje ha eit antagonistisk forhold til vårt eige antropologiske opphav og fundament. Å skite i eige reir gjer som kjent ingen fugl som syng med eige nebb.

Denne kulturanthropologien kan, for å gjere ei lang historie kort, igjen illustrerast med nokre representative døme frå antikken. På grunnlag av den mentalitetshistoriske utviklinga frå Homer til Platon og den hellenistiske Galen som representantar for ulike stadium i denne utviklinga kan vi sette opp følgjande skisseaktige skjema:

Homers Akilles og Odyssevs – Sapfo – Sofokles – Platon – Aristoteles – Galen
Jeger – krigar – bonde – songar – vismann – kunstnar – filosof – borgar – vitskapsmann

Dette skjemaet er upretensiøst og ufullstendig og har ingen annan funksjon enn å illustrere at det skjer ei medvitsendring i perioden frå Homer til hellenismen, at Homer tenker annleis enn Platon, og at den homeriske tenkemåten er integrert i dei følgjande epokane i medvitshistoria som eit lag eller eit slags fundament. Det er noko universelt i denne utviklinga. I den første medvitsfasen i alle kulturar er maktene noko ytre, og kroppen med sine lemmer er ein sjølvstendig agens i høve til eg-et og det som seinare blir medvit. Først seinare blir desse maktene psykologisk og mentalt internaliserte, slik dei i gresk kultur blir det på 400-talet med Platons tenkemåtar som ein kulminasjon på denne internaliseringsprosesen. Det fører m.a. til at alle dei kroppsleg forankra forestillingane blir metaforiske. Når vi snakkar *beint frå hjertet* eller *rett frå levra*, er dette å forstå metaforisk, medan det homeriske mennesket oppfatta dette bokstaveleg ettersom hjertet og levra var oppfatta som sete for noko forstandig.<sup>138</sup> Derfor kan det hevdast at vi alle ber i oss denne utviklingslina i den grad vi ber med oss den medvitsutviklinga som har funne stad i ein høgkultur som den europeiske med røter i den greske antikken. I medvit er alt her og nå, ordna som arkeologiske lag. Derfor kan den ovannemnde horisontale diakrone utviklinga framstillast vertikalt og settast på høgkant, der høgre enden av lina ovanfor (Platon og fornufta) representerer overflata eller toppen, medan venstre enden (Homer og kroppen) er botn i stigande rekkefølge/grad i vårt mentale indre. Ein slik lagdelt antropologi med tilsvarende medvitsutvikling kan ha mange variantar, for eksempel denne platosk inspirerte (til venstre) og den nyplatonistiske (til høgre):

---

<sup>138</sup> Denne medvitsutviklinga og det antropologiske grunnlaget for det metaforiske kroppsspråket har eg gjort greie for i *Hjertets kulturhistorie. Frå antikken til vår tid*, Spartacus forlag 2003.

<i>idé</i>	tilsvarande:	<i>ånd</i>	-	<i>pneuma (Det eine)</i>
<i>begrep</i>		<i>fornuft</i>	-	<i>nous</i>
<i>bilde</i>		<i>sjel</i>	-	<i>psyche</i>
<i>meining</i>		<i>kropp</i>	-	<i>soma/physis</i>

Men forholdet til vårt kulturantropologiske fundament kan altså vere problematisk, og det er det i vår dansk-norske kultur. Grunnen til det er særleg at vi som nasjon er delt språkleg, og at nordmenn flest har språklege sym- og antipatiar som går frå det aggressivt avvisande overfor ”den andre parten” til likesæle og respekt for vår samansette eigenart i erkjenning av at vår identitet nettopp er delt og kløyvd, som er utgangspunktet for denne artikkelen. Å gjere den eine delen av vår samansette historie og doble identitet til noko moralsk därleg, noko forkasteleg som må nedkjempast, det er ikkje berre à- og uhistorisk, det er antihistorisk, dvs. reaksjonært, og det veit vi er farleg og destruktivt å vere. Det konstituerande kan ein ikkje kvitte seg med, ein må *besinne* seg på det, og så bruke den grunnleggande spenninga i det til å *skape*.

Nettopp danskane kan lære oss å besinne oss på vår samansette språklege identitet. Ikkje berre fordi dei er del av vår felles historie, men like mye fordi dei gjennom sterke folkelege rørsler og grundtvigianismen på 1800-talet har begrep om det folkelege og alt som det representerer kulturantropologisk og mentalitetshistorisk. Derfor er utfordringa stadig, i samsvar med Mikhail Bakhtins syn på det folkelege som kulturens vitale kropp, å skape forståing for at kropp og provins, kroppsleg bunde talemål og nynorsk ikkje er noko ytre eller *noko anna* i norsk kultur, men nettopp del av oss sjølve og fundament for vår eigen identitet. La oss derfor gi oss over til den skapande blandinga av høgt og lågt, fint og stygt, sentrum og periferi, kropp og sjel med sine respektive tale- og uttrykksmåtar, kort og godt det som gjer kvar og ein og fellesskapet mogleg.



# **Sex and rock'n'roll, but probably not many drugs: Nynorsk skriftkultur**

Stephen Walton

Under denne spenstige overskrifta gøymer det seg noko som vil vise seg å vere eit normalt traust seminarinnlegg om nynorsk skriftkultur. Eg lovar at vi skal kome tilbake til sex, rock og dop, men først må de lide ein god del.

Oppgåva mi her er å fortelje korleis refleksjonen omkring nynorsk skriftkultur dei siste åra har nedfelt seg i den nye mastergraden i nynorsk skriftkultur som starta opp ved Ivar Aasen-instituttet i Volda no i haust. Eg står her altså først og fremst i eigenskap av å vere instituttstyrar, ikkje som forskar. Dette kan elles høve bra. I den gjennombyråkratiserte kvardagen til ein gjennomsnittleg instituttstyrar ved ein norsk institusjon for høgare utdanning fortunar forsking seg som ein kombinasjon av kjært minne og fjern draum, sidan ein i all hovudsak er nøydd til å slepe sitt liv hen i ein tilstand av intellektuell abdisering. Nok om det. Elles kan eg tenkje meg å opptre her i ei anna produktiv rolle i det seinmoderne akademiet, nemleg som reklamekonsulent. Eg vil altså påstå at vi gjennom eit kollektivt krafttak i Volda faktisk har klart å skape akademisk kvalitet, og dét til og med før ordet vart devaluert i den newspeakliknande diskursen til politikarane og handlangarane deira i utdanningsbyråkratiet.

## ***Refleksjon omkring nynorsk skriftkultur: Organisasjonsmessige føresetnader***

I vår avgrensa og umiddelbare samanheng kan vi seie at refleksjonen omkring studie- og formidlingsfeltet nynorsk skriftkultur tok til med forprosjektrapporten *Ivar Aasen-senteret - Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur*, som Jostein Nerbøvik redigerte i 1992. Her var mange med og skreiv om kva dei håpa, og drøymde, om at senteret kunne bli til. «Senteret» vil her seie eit dokumentasjons- og formidlingssenter ved Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda, det som har vorte til Nynorsk kultursentrum (NK), og ein institusjon for forsking og undervisning i nynorsk skriftkultur, det som seinare er blitt til Ivar Aasen-instituttet (IAai). Eit utval leidd av Bodil Røyset rådde til den delte geografiske løysinga, med NK i Ørsta og IAai i Volda. Den gamle tanken om eit felles senter har ikkje fått noko organisatorisk uttrykk, men ligg for så vidt nedfelt i ein samarbeidsavtale, i gjensidig representasjon i fagråd og, aller viktigast, i eit etter mitt syn velfungerande praktisk samarbeid. Det som følgjer, handlar om instituttet, som eg har eit direkte og formelt ansvar for, og ikkje om NK, som eg altså ikkje har noko formelt ansvar for.

IAai vart formelt oppretta ved eit vedtak i høgskulestyret den 27.10.1994. I februar 1995 vart det tildelt knutepunktansvaret for nynorsk skriftkultur i No-

regnsnettet. Den første tilsette ved instituttet var ein prosjektleiar, Helga Stave Tvinnereim, som både administrerte utlysinga av dei første fagstillingane og organiserte den første idédugnaden omkring kva gjeremål instituttet skulle ha. Det vart oppnemnt ei referansegruppe for instituttet i januar 1996, med mykje tung, tverrfagleg kompetanse mellom sine elleve medlemer. Seinare same året vart det lyst ut to professorstillingar. Tidleg i 1998 kom dei to første faglege heiltidstilsette i arbeid, begge i kvalifiseringsstillingar. Alt i oktober 1997 hadde instituttet fått ein professor II. To stipendiatar har hatt sin arbeidsplass ved instituttet, den eine har forsvert doktorgraden sin med glans, og den andre har skaffa seg professorkompetanse. Per i dag har instituttet 2,7 tilsette, to professorar, ein professor II og ein instituttsekretær (frå 1.1.03 konsulent) i halv stilling. Røyset-utvalet rekna i si tid ut at ein treng 4,5 stillingar for å gjennomføre det arbeidet instituttet er sett til.

I september 1998 vart det oppnemnt eit utval for å arbeide fram eit hovudfag i nynorsk skriftkultur. Utvalet hadde åtte medlemer, både eksterne og interne. Innstilling og førebels studieplan vart lagde fram for høgskulestyret i mai 1999. Etter ein grundig revisjon vart *Utgreiing om hovudfag i nynorsk skriftkultur* og den nye studieplanen lagde fram for HVO-styret i mars 2001. HVO søkte så KUF om løyve til å opprette hovudfaget. Slik løyve kom i eit tildelingsbrev dagsett den 1. oktober 2001. Dei første mastergradsstudentane i nynorskskriftkultur vart tekne opp hausten 2002, og er no godt i gang med arbeidet.

Dette var ei sterkt forkorta innføring i den formelle ramma for masterstudiet i nynorsk skriftkultur i Volda. Undervegs har det vore reflektert mykje omkring kva dette fagfeltet er, eller burde vere. Denne refleksjonen har vore av to hovedtypar. Den eine består av innlegg på seminar. Den tilskipinga som vi er samla på i desse dagane, byggjer såleis vidare på den s.k. idédugnaden på Sæbø i februar 1996, på eit seminar med to professorar II i Volda i februar 1998 og eit større internasjonalt seminar, også i Volda, i mai 2000, med den engelske antropologen Jack Goody i stjernerolla. Sæbø- og Goody-seminara har kome som bøker, mens éi av fruktene av det mellomliggjande seminaret er å finne i Walton 1999. Dei to seminarrapportane innheld mykje interessant stoff, og fortel om eit au-kande sofistikasjonsnivå i synet på feltet.

Den andre typen refleksjon ligg nedfelt i fagplanen for masterstudiet, og ikkje minst i dei masteroppgåvene som studentane no er i gang med. Arbeidet med fagplanen var ein tretrinnsprosess. Sterkt inspirert av fagplanen for kulturstudiet ved Høgskolen i Telemark i Bø, peikte hovudfagsutvalet ut ein struktur, definerte fagområdet, skilde det i ein essensiell del som eigna seg til obligatoriske innføringsemne og meir disiplinrelaterte delar som passa til valemne, definerte konturane i valemna, og leverte eit førstes förebels framlegg til pensumlitteratur. Dette var grunnarbeidet. I neste trinn vart den førebelse studieplanen omformulert og spissa. I det tredje trinnet, etter at planen for mastergraden vart godkjend av KUF, har emnespesifikke arbeidsgrupper fylt kvart emne med eit

konkret innhald, dvs. aktuelle tema for føredrag, framlegg til kven som skal halde dei, og gjeldande pensumlister. Når studentane no formulerer oppgåver og problemstillingar innanfor oppgåvane, er vi inne i eit uavslutta fjerde trinn. Også dei er med på å definere faget.

Det kan hende at vi også fekk ein tredje typen refleksjon omkring fagfeltet. Den ligg i så fall nedfelt i den evalueringa av instituttet som eit utval frå Noregssnettrådet gjennomførte i 1999 i samband med ei generell evaluering av knutepunkta. Mellom anna inneheld evalueringa ei perspektivrik og innsiktsfull drøfting av nokre av dei konfliktane som prega opprettinga av knutepunktet. Også «arbeidet med [hovudfags-]planen har bore i seg mange av dei spenningane (faglege, organisatoriske, personlege) som har prega denne fasen av knutepunktarbeidet» (27) legg utvalet diplomatisk til. Poenget deira er at to fagsyn stod steilt mot kvarandre, «to kolliderande fagsyn, der det eine framstår som 'vinnar' og det andre som 'tapar'», som dei skriv (28). Det tapande synet, i følgje denne analysen, ville byggje opp studiet kring «Aasens skrifter og den nynorske skriftradisjonen, i tillegg til intensiv satsing på undervisning i nynorsk skriftspråk» (27). Vinnarane derimot forfekta eit syn på nynorsk skriftkultur som eit tverrfagleg kulturstudium. Det var etterslepet etter desse konfliktane eg arva da eg kom til Volda som professor og instituttstyrar hausten 2000.

Fram til trinn tre i arbeidet med fagplanen kan ein seie at usemja omkring innhaldet i faget kunne sveve fritt ikring på eit nokså uforpliktande ideologisk plan. Det knyter seg ein type akademisk diskurs til dette planet som maksimerer usemje, løner polemikk og verdset klare skiljelinjer. Det gjer ikkje sak enklare når, slik noregsnettutvalet røper, ein del av aktørane alt frå lenge før ikkje orka synet på kvarandre. Det er ikkje dermed sagt at det ikkje låg ein verdi i denne fasen, som utan tvil fungerte klargjerande på visse punkt. Men – og det er eit viktig men – dersom ein vert ståande ved slike konfliktar, kjem ikkje prosjektet lenger, og eg har ei klar oppfatning om at eg ikkje kom til Volda for å grave meg ned i andres konfliktar. Det eg håpa kom til å skje under trinn tre, skjedde. Det å ha eit konkret prosjekt, som i sin natur kravde samarbeid, romsleghet og ein viss grunnleggjande raustleik overfor andres fagperspektiv, utløyste kort sagt ein enorm kreativitet og pågangsmot i eit miljø der mange såg at dei faktisk hadde noko å bidra med. Dei som ikkje hadde noko å kome med, heldt seg no unna.

## **Fagsyn**

Kva fagsyn er det altså som pregar masterstudiet i nynorsk skriftkultur? Det eg *ikkje* vil med dette, er å skru klokka tilbake til ein type diskusjon om kva nynorsk skriftkultur er, som er statisk, og som vi uansett har fått mykje av. Likevel kan det vere på sin plass her med eit raskt oversyn.

Termen «nynorsk skriftkultur» består av tre (egentleg fire) ledd: «ny» og «norsk» heng så tett saman at det er lett å oversjå at dei utgjer to ledd. «Nynorsk» er både eit taalemål og eit skriftspråk. Som taalemål kjem det etter gam-

mal- og mellomnorsk, og okkuperer eit fysisk rom vest for svensk, nordaust for engelsk og nord for dansk. Som skriftspråk knyter nynorsken seg tett til modernitetten, levde eit prekært liv på papiret frå 1770-åra og framover, men vart kodifisert av Aasen, og koloniserte ei lang rekke domene, eller *semiosfærar* som Kjell Lars Berge kallar dei etter Jurij Lotman (2002:69), frå 1850 og utover. Skrift og kultur lever i eit symbiotisk, nærmast tautologisk, forhold. Tale kan vere både natur og kultur, skrift er alltid kultur. Skrift er ein svært utbreidd – men ikkje universell – menneskeleg aktivitet som lagrar ytringar. Gjennom lagringsprosessen vert dei til meir enn ytringar. Dei vert til tekst (jf. Berges diskusjon om ytringar og tekst, 2002:65-66). Dei vert altså vovne inn i dei samfunnsmessige samanhengane som til saman utgjer ein «kultur». Noko av det interessante ved skrifta, er kor underleg ulike dei løysingane er som menneska har funne for å framstille og lagre lyd og meinung i symbol. Eigenskapane ved desse løysingane set tydelege føringar for korleis kulturen blir. Elles utgjer ein kultur eit samanhengande nett av konvensjonar som knyter saman dei som forstår og kanskje jamvel vedkjerner seg dei, og avgrensar denne gruppa frå andre grupper som anten ikkje forstår eller ikkje vedkjerner seg dei. Slik sett, og ikkje minst i det ettermoderne samfunnet vi lever i, opererer vi alle saman innanfor fleire kulturar, ein mannskultur, ein muslimsk kultur, ein norsk kultur, ein nynorsk kultur, ein akademisk kultur, ein barnekultur osb. Vi tek nok feil om vi trur at vi er dei første som gjer dette. Det som særmerker det ettermoderne er heller eit overdrive medvit om identitetane våre, og ei periodevis sjukleg kringing kring dei. Det er derfor vi no trur vi har så mange av dei. Frå å vere kvalitativ er identitet blitt kvantitativ. Men i røynda har folk helst levd i fleire «kulturar» om gongen. «Kulturen» kom inn med modernitetens altoverskuggande etniske fellesskapar.

Det følgjer av den summariske definisjonen av «nynorsk skriftkultur» som eg nett har levert, at eg vil ha både i pose og sekk. Eg vil ha begge dei fagsyna som noregsnettutvalet stilte opp mot kvarandre i eit gjensidig utelukkande og antagonistisk forhold. Eg vil seie heilt klart at begge desse syna er nødvendige, og at fagfeltet vert absurd og meiningslaust som akademisk konstruksjon utan begge. Nynorsk skriftkultur er eit kulturstudium, men eit kulturstudium med eit objekt: nynorsk og skrift, og særleg nynorsk skrift. Det er ikkje eit studium i hummar og kanari og kva som helst. Dette kan eksemplifiserast dersom vi ser på undervisningsplanen for hausten 2002 i dei to innføringsemna, A: Nynorsk skriftkultur og B: Vitskapsteori- og metode:

<b>DATO</b>	<b>KL.</b>	<b>EMNE</b>	<b>TEMA</b>	<b>FØRELESAR</b>
3.9	9.15–12	B 2	Kultur og skriftkultur	Geir Hjorthol
3.9	13 - 16	A 1	Den eldste historia	Stephen J. Walton
4.9	9.15–12	B 1	Grunnleggjande problem	Gunnar Skirbekk
4.9	13 - 16	A 2	Dei eldste skriftspråka	Odd Monsson
5.9	9.15–12	B 3	Identitet: klasse, kjønn, etnisitet	J.Peter Burgess
5.9	13 - 16	A 3	Ikkje-européisk skriftspråk I: Japansk	Tomoko Hansen
6.9	9.15–12	B 4	Kjønn	Rakel Chr.Granas
6.9	13 - 16	A 4	Ikkje-européisk skriftspråk II: Arabisk	Knut S.Vikør
1.10	9.15–12	B 5	Språk og makt	Helge Sandøy
1.10	13 - 16	A 5	”Literacy”	J.Peter Burgess
2.10	9.15–12	B 6	Den sosiale institusjonen	J.Peter Burgess
2.10	13 - 16	A 6	Skrifta og dei intellektuelle	Stephen J.Walton
3.10	9.15–12	B 8	Kvantitative og kvalitative meto- dar	Jan Fredrik Hovden
3.10	13–16	A 8	Aasen	Stephen J.Walton
4.10	9.15–12	B 9	Historisk metode	Oddbjørn Melle
4.10	13–16	A 9	Dei nynorske intellektuelle	Stephen J.Walton
29.10	9.15–12	B 10	Samfunnsvitskapleg metode	Jan Fredrik Hovden
29.10	13 – 16	A 12	Det planlagde språket	Helge Sandøy
30.10	9.15–12	B 11	Komparativ metode	Arnljot Løseth/Atle Døssland
30.10	13 – 16	A 11	Det reine språket: Purismen	Helge Sandøy
31.10	9.15–12	B 12	Den språkvitskaplege vendinga	Odd Monsson
31.10	13 – 16	A 10	Kvinner i den nynorske skriftkul- turen	Eli Bjørhusdal
1.11	9.15–12	B 13	Tekstvitskapleg metode	Jan Inge Sørbø
1.11	13 – 16	A 13	Den kvantiserbare skriftkulturen	Vidar Lynghammar

### ***Tyngda til institusjonane***

Problemet, når ein har fått oppretta institusjonar, er at dei har lett for å bli tunge. Det dei gjer kan i seg sjølv få ei ufortent definisjonsmakt. Såleis finst det ein gammal definisjon av sosialdemokratiet som den politikken som Det norske arbeidpartiet til kvar tid fører. Eg har ein plass i bakhovudet ein tanke om at Ivar Aasen-instituttet ikkje bør bli nokon tung, og slett ikkje nokon representativ, institusjon. Deklamasjonskunsten får andre ta seg av. Da er det meir interessant å kunne opptre som geriljarørsle. Topp- og framtungt som Arbeidpartiet er det

i allfall ikkje noko siktemål å bli, ikkje eingong no når meiningsmålingane synest å vise ein spennande og heilt ny historisk situasjon: Nemleg at sosialdemokratiet har enda færre tilhengjarar blant folket enn nynorsken har. Da bør vi i allfall gardere oss mot ein «sosialdemokratisk» tvangstanke om at nynorsk skriftkultur er sjølvdefinerande, og består av det materialet som Ivar Aasen-instituttet til kvar tid finn det for godt å undervise mastergradsstudenter i.

## Fagplanen

Masterstudiet i nynorsk skriftkultur består altså av to innføringsemne à 15 poeng, to valemne à 15 poeng og ei oppgåve à 60 poeng, totalt 120 poeng. Så langt har vi planlagt seks valemne:

1. Målreisingar og språkplanlegging i komparativt perspektiv
2. Den nynorske teksten – om sjanger, institusjon og norm
3. Kollektive identitetar – om overnasjonale, nasjonale, regionale og lokale identitetsdanningar
4. Danning – om folkeopplysning, folkedanning og folkelege elitar
5. Nynorsk skriftmål – om norm og bruk
6. Nynorsk filosofisk skriftmål,

og i tillegg har studentane høve til å ta ein historiemodul ved Avdelinga for humanistiske fag som er ein nær slektning av vårt valemne 3, alias valemne

7. Kultur, identitet – nasjon, region.

Det er utarbeidt kursplanar for alle emna bortsett frå nummer fire. Med eit måltal på ti studentar seier det seg sjølv at vi ikkje kan gjennomføre kvart valemne kvart år. Vi kjem såleis til å undervise to per år i rotasjon i vårsemesteret. Emne fem er obligatorisk for studentar som ikkje har nordisk i fagkrinsen, og vil dermed dukke opp annakvart år. Våren 2003 begynner vi med emne fem og seks. Det er ikkje tid her til å gå inn i kursplanane for kvart valemne. Ærendet mitt her er heller å syne kva type forståing av fagfeltet som har gjort seg gjeldande i fagplanen.

Ein annan, og svært interessant, måte å gripe fagfeltet på, er å sjå korleis studentane sjølve har definert faget sitt i deira val av emne til masteroppgåva. Studentane er sjølvsagt hovudpersonane i dette studieløpet, og vi var spente på å sjå korvidt deira forståing av faget fall saman med vårt. Ein student har utsett arbeidet med oppgåva, slik at vi har per i dag åtte registrerte emne:

1. Skaper språket i dei nynorske lokalavisene ei kjensle av identitet i lokal-samfunnet? Ein komparative studie av lokalavisene og lokalkulturen i Volda og Vestnes
2. Det skotske landsmålet. Ein komparative studie av ikkje-gælisk skotsk skriftmål i Skottland og landsmålet i Noreg som politisk argument for nasjonalt sjølvstende
3. Språklege utfordringar og problem ved omsetjing frå islandsk til norsk
4. Skriftpåverknad i gards- og bruksnamna på Søre Sunnmøre
5. Ragnar Hovland – brot eller kontinuitet?
6. Noregs boklag: Ei forlagssøge
7. Modernisme på nynorsk: Eit utval sentrale forfattarar med fokus på Jon Fosse og *Melancholia I*
8. Innføring av landsmål/nynorsk i nokre kommunar på Sunnmøre

Den niande studenten har altså ymta om at ho tenkjer seg ei fagdidaktisk oppgåve om opplæring i nynorsk i vidaregåande skule, knytt opp mot bruk av litterære tekstar.

Korleis desse oppgåvene vil bli, veit vi sjølv sagt ikkje enno. Min førebelse konklusjon, del éin, er at det er eit påfallande godt samsvar mellom denne lista på åtte oppgåver og den førre lista på sju valemne. Del to: Eg meiner at studentane på ulike måtar har gripe essensen i faget, som er å nærme seg språket og skrifa frå eit kulturperspektiv. Noko av utfordringa for studentane vil bestå i å knyte dei teoretiske perspektiva frå innføringssemna opp mot det stoffet dei skal arbeide med. Det er dét, saman med forskingsinnstsen til miljøet rundt Aasen-instituttet, som vil bestemme om dette verkeleg blir ei fagleg nyvinning, eller om prosjektet degenererer til ei miniatyrutgåve av norskfaget.

### ***Essensialistiske og ikkje-essensialistiske syn på nynorsk skriftkultur***

Det konkrete arbeidet med mastergraden har medført ei *de facto* definering av kva nynorsk skriftkultur er. I og med at mastergraden no har oppstått, er ein viktig milepæl i denne prosessen passert. Definisjonsbehovet kan også på sett og vis ha blitt mindre akutt. Den fortolkande diskursen omkring nynorsk skriftkultur har også dei seinaste åra vorte supplert av ein meir kvantifiserande diskurs. Ein kan t.d. nemne Ottar Grepstads faktabok, og det nye arbeidet til Vidar Lynghammer, dei etter kvart mange haldningsundersøkingane som no finst (t.d. Bente Selbacks hovudoppgåve), osb. Også Kjell Lars Berges tilnærming til feltet bygger i stor grad på kvantifiserande modellar. Vi veit m.a.o. kor vi finn nynorsken i samfunnet. Vi veit at det finst etter måten mange diktsamlingar på nynorsk, men altfor få lærebøker i mekanikk, ein rimeleg del med stortingsmeldingar frå somme departement, altfor få frå andre. Det finst godt om lokalaviser

og regionaviser somme stader i landet som bruker nynorsk, ein liberal måljamstellingspraksis i *Vart Land* og *Klassekampen*, eit merkeleg veksande rom for nynorsk i *Aftenposten*, men forbod i *Dagbladet* for alle som ikkje heiter Hompland. Vi veit at filmar på kino aldri vert teksta på nynorsk, men at NRK gjer ein stor innsats for nynorsk teksting, dels som avlat for andre synder. Det er bra med religiøst lesestoff på nynorsk, men frykteleg därleg med porno. Og så vidare, og så vidare.

Ein kunne sjølv sagt halde fram slik i lang tid, og det kunne jamvel vere interessant. Ein liten risiko med denne typen konstateringar, som ein ikkje skal sjå bortfrå, er at dei kan vere med på å halde ved like nettopp det synet på nynorsken som hevdar at han ikkje passar på dei plassane der han for tida ikkje finst. Ved stadig vekk å konstatere at det t.d. knapt finst erotisk litteratur på nynorsk, kan ein skape inntrykk av at dette er ein naturleg og ufråvikeleg tilstand. Diskursen om kor nynorsken «naturleg» høyrer heime, er det sterkaste våpenet i arsenalet til den hegemoniske kulturen i Noreg. Når vi prøver å argumentere mot slike påstandar, godtek vi implisitt premissane til diskursen. Det er nettopp der den hegemonniske makta ligg. Eit betre alternativ (om vi held oss til det aktuelle eksempelet) er berre å setje i gang og lage nokon dampande nynorsk erotikk. Eg skulle elles for min del stundom ønskje at vi ikkje brukte så mykje nynorsk til å drøfte nynorsken med, og iallfall ikkje til å forsvare og grunngi han. At vi gjer dette, sannar berre løgna om at nynorsken treng å forsvara. Vi er nøydde til å forsvare han når og der han er under åtak, slik han frå tid til anna er. På den andre sida hadde vi alle saman tent på å skrive nynorsk om alle mogelege andre saker enn målsaka ei stund. Nynorsken lid generelt av ei stor metaspråkleg tyngd. Han er for tydeleg markert, som lingvistane seier. Det er derfor nynorsknormalen enno ikkje er «normal».

Eg vil altså ikkje no i den korte tida som er att bruke meir tid til å fortelje dykk kva eller korleis nynorsk skriftkultur *er*. Derimot vil eg peike på tre felt som eg trur det kan vere særleg utbytterikt å sjå på i nynorsk skriftkultursamanheng ei stund framover.

## Sex

Det første området er kjønn. Kjønn kan kaste lys over nynorskkulturen frå fleire sider. Den mest basale problemstillinga har framleis mykje stoff i seg: Kva har rolla til kvinnene vore i nynorskoffentlegheita? Den nynorske skriftkulturen har vore, og er, ekstremt mannsdominert. Skrivande nynorskingar har i påfallande sterkt grad vore menn. Dette er relativt lett å kvantifisere, jamvel om eg enno har til gode å sjå nokon fullstendig kjønnsbasert inndeling av dei sentrale aktørane i den nynorske skriftkulturen frå starten til i dag. Ei slik kvantifisering ville i seg sjølv framtvinge interessante definisjonsspørsmål. Den som har arbeidt mest systematisk med den tidlege perioden, er Eli Bjørhusdal. Ho har funne fram til ei lang rekke kvinnelege målaktivistar i perioden fram til 1900 som stort sett var

blitt usynlege. Likevel er det få av desse som skreiv i påfallande grad, og slett ikkje i dei mest prestisjetunge sjangrane. Situasjonen endra seg i løpet av 1900-talet, men somme, seinast Cecilie Seiness i *Dag og Tid*, meiner at det nynorske skriftmiljøet framleis er *abnormt* mannsdominert. Eg har også argumentert for dette synet, og prøvd å grunngi det ut frå ein tanke om målreisinga som eit ibuande fallogosentrisk prosjekt (Walton 2000, 2001). Her trengst det meir utførlege, og dels kvantifiserande, studium.

Ein kunne bruke innsikter frå kjønnsforskinga på fleire felt med. Odd Monsson argumenterer for at det finst ein eigen «minoritetslogikk» i den nynorske skriftkulturen, og i andre fellesskapar baserte på minoritetsspråk (t.d. walisk, katalansk, finlandssvensk). Andre språksamfunn kan vere ein relevant komparator, men det kan også kvinnerørsla vere. Feminismen aktualiserer ei sentral problemstilling i samband med nynorsken: Korleis kan det ha seg at eit fleirtal under moderne tilhøve lærer inn den sosiale rolla til eit mindretal? Kva for krefter gjer at ei gruppe menneske opptred som historisk objekt? Korleis konstituerer dei seg som subjekt? Ei anna problemstilling knyter seg til skilnaden mellom den såkalla «likskapsfeminismen» og «forskjellsfeminismen», ein skilnad som har ein klar parallel i den gamle ideologiske inndelinga av målfolk i «eittspråksfolk» og «tospråksfolk». Har vi her å gjere med ein fundamental skilnad i opposisjonelle rørsler mellom *fundis* og *realos*, som det heiter i ordbruken til den tyske økorørsla?

Elles er kjønn meir enn genus. Det har ofte slått meg at det finst ei rad strukturelle likskapar mellom målrørsla og homorørsla. Om lag like store delar av folket praktiserer desse avvika frå den hegemoniske samfunnsnorma. I både tilfelle gjeld det eit normavvik som tidlegare vart straffa ved juridiske eller sosiale sanksjonar, men som no vert formidla i t.d. skuleverket med varierande gradar av skinntoleranse som både vanlege og legitime, og jamvel som ein spennande fargeklatt i det kulturelle mangfaldet. Framfor alt sannar akseptet av nynorsk og homofili det liberalistiske samfunnet sine mytar om seg sjølv som «tolerant». Både grupper vert gjorde til objekt for toleransen til fleirtalet, men da gjer ein vel i å hugse at «toleranse» kan inndragast når fleirtalet finn det for godt. Slik sett skal toleransen fungere disiplinerande. Både nynorskingar og homofile har problem med å reproduusere kulturen sin, og er avhengige av eit tilsig med nye rekruttar som oppfattar den kulturen det gjeld som attraktiv, osb. Jamt over har homokulturen lykkast betre med å tilpasse seg normene til den kommersielle sektoren i eit fleksibelt forbrukarsamfunn, mens nynorskkulturen i større grad er avhengig av staten og av politisk godvilje. Ein kunne halde fram lenge: Poenget er at ein også her har ein aktuell, men lite påakta, komparator.

## ***Rock'n'roll***

Det andre feltet eg meiner ein bør sjå nærmare på, er forholdet mellom nynorskelitane og det som av og til nokså nedlatande vert kalla fotsoldatane. Ny-

norskelitane – kven er forresten det? – lever i ein paradoksal posisjon som ein presumentivt anti-elitær elite, berarar av ein selektivt folkeleg og dels anti-folkeleg kultur. Ingen innkapslar desse paradoksa betre enn Sigmund Skard. Den intellektuelle nynorskeliten vert ofte lett trengd opp i paradoksale antiintellektuelle posisjonar, og hamnar såleis i ein spesiell type sjølvforakt som fornekkar grunnlaget for si eiga verksemrd. Resultata av den prinsipielle folkelegheita ligg langt frå normene og praksisformene til det faktisk eksisterande folket. Die Regierung läßt sich ein neues Volk wählen, skreiv Brecht lakonisk etter arbeidaropprørstanden i Berlin i 1953: Denne formuleringa kan stå som ein kommentar til den motsetninga mellom det faktisk og det ideelt folkelege som både nynorsken og marxismen har vore merkte av, truleg av nokså like grunnar. Korleis er den nynorske intellektualiteten? Har den sosiale ståstaden til dei nynorskintellektuelle skapt særlege spenningar? Korleis kan historia til dei nynorske intellektuelle relaterast til historia om dei europeiske intellektuelle i det heile? Representanter dei eit akutt eksempel på det syndromet som Bauman peikar på, der dei intellektuelle alltid lever i ei sosial dobbelstilling: Dei beskriv folket oppover til makthavarane, og leverer ideologiar nedover til folket frå makthavarane? Kor plasserer dei seg i spenningsfeltet mellom Gramscis «organiske» og tradisjonelle» intellektuelle?

Det tredje feltet følgjer frå det andre. Når vi har grunnlag for ein teori om dei nynorske intellektuelle, hadde det vore interessant å sjå på språknormeringspraksisen i nynorsken ut frå han. Kva er eigentleg forholdet mellom norm og bruk i den nynorske rettskrivinga, for den saks skuld i rettskriving i det heile? I kor stor grad er det språkleg nærleik som betingar oppslutnad om norma, eller heilt andre samfunnsforhold? Enda eit paradoks: Den stadige perfeksjoneringa av nynorsknorma har ikkje gitt utslag i form av stadig fleire brukarar. Alternativt kan det jo hende at stoda for nynorsken hadde vore mykje verre enn ho er dersom normeringspraksisen hadde vore annleis. Og på mange måtar er ikkje stoda for nynorsken så ille.

Godt folk, de vart lurte hit med lovnader om sex, dop og rock'n'roll. Den utvida reklamasjonsretten under den nye kjøpelova gjer meg skvetten, og det er om å gjere til slutt å demme opp mot erstatningskrav, no når vi har slite oss gjennom det eine høgskulevedtaket ved HVO etter det andre.

I og med ønsket om ei tilnærming mellom forskinga på nynorsk skriftkultur og kjønn, vil eg påstå at vi har bevega oss eit stykke i retning av sex. Spenninga mellom det ideelt og det faktiske folkelege rører ved nynorskens skiftande forhold til populærkulturen: Ein kan formulere problemstillinga slik at styrkeforholdet mellom populærkultur og finkultur innanfor den nynorske skriftkulturen har skifta. Det vi bør få kartlagt er korleis, kva tid og korfor. I den legendariske innspelinga av låten om Ivar Aasen og katten hans, fortel Ragnar Hovland at dersom Aasen hadde vore i live i dag, hadde han vore ein kapellan. Javel. Det kryr uansett av rockemusikarar og rocketilvisingar i den vestnorske folkeleg-

intellektuelle nynorske mannslitteraturen frå Frode Grytten, Ragnar Hovland og den yngre Kjartan Fløgstad, Jon Fosse m.fl. Det finst jamvel ein vestnorsk folkeleg intellektuell machostil som klart har sitt opphav i rockekulturen: Dei siste gjenlevande heterofile menn med bart er nynorskskrivande vestlendingar i femtiårsalderen. Rocken er dermed også dekt.

### ***Probably no drugs***

Dop: Niks. Ingen nynorsk Ambjørnsen. Det finst ikkje nokon nynorsk semiosfære for dop. Til det er dei vitalistiske og rasjonalistiske kretene i nynorsk-kulturen for sterke. Og dét kan vi saktens vere glade for.

### ***Tilvisingar***

Berge, Kjell Lars, 2002: Text-theoretical presuppositions of New Norwegian Written Culture, J.Peter Burgess og Odd Monsson [red.]: *Modernity, Nation, Written Culture*, Kristiansand, 55-76

Bjørhusdal, Eli, 2001: *Målkvinne før 1900*, Volda

Burgess, J.Peter og Odd Monsson [red.], 2002: *Modernity, Nation, Written Culture*, Kristiansand

Grepstad, Ottar, 1998: *Nynorsk faktabok*, Volda

Hovland, Ragnar, 1996: *Katten til Ivar Aasen møter hunden frå Baskerville (og andre dikt)*, Oslo

Ivar Aasen-instituttet, 2002: *Fagplan: Mastergrad i nynorsk skriftkultur*, Volda,

Lynghammar, Vidar, 2002: *Nynorsk sakprosa 1900-1999 – nynorsk skriftkultur sett gjennom den nynorske sakprosaen*, upubl. hovudoppg., Universitetet i Oslo

Myking, Johan m.fl., 2000: Knutepunktet nynorsk skriftkultur, Høgskulen i Volda, *Evaluering av knutepunktfunksjoner ved statlige høgskoler 1999-2000*, Oslo, 25-31

Seiness, Cecilie, 2002: Den nynorske mannsverda, *Dag og Tid*, 41, xliv, 2.11.2002, 10-11

Selback, Bente, 2001: «*Det er heilt naturleg*». Ei granskning av skriftspråkhaldningar, upubl. hovudoppg., Universitetet i Bergen

Skard, Sigmund, 1963: *Målstrid og massekultur*, Oslo

Stave Tvinnereim , Helga, 1996: *Nynorsk skriftkultur – aktuelle forskingsfelt*, Volda

Walton, Stephen J., 1999: Kva er nynorsken, og kva er nynorsk skriftkultur?, *Litt laust, mest fast*, Volda, 31-51

2000: Feminiseringa av nynorsken, teatret og målrørsla, *Syn og Segn*, 106 [2000], iii, 40-52

- 2001: *Woof, woof*, upubl. konferanseinnlegg, Society for the Advancement of Scandinavian Study, Madison WI, iv.2001
- 2002a: Nasjonsbygging og opplysning i europeisk perspektiv, Elbjørg Fossgard [red.]: *Tradisjon, opplysning og verkelegheit i norsk matkultur*, Voss, 73-92
- 2002b: *A gender-perspective on nation-building as social practice*, upubl. konferanseinnlegg, Gender-Power-Text, University College London, vi.2002

# Domenet for den nynorske skriftkulturen

Vidar Lynghammar

Denne artikkelen er basert på mi eiga hovudoppgåve om nynorsk sakprosa. Det er difor kanskje rettare å seia at eg skal skriva om domenet for den nynorske *sakprosaskriftkulturen*. Men når tittelen på artikkelen likevel er ”Domenet for den nynorske skriftkulturen”, er det fordi eg trur den nynorske sakprosaen kan fortelja ein del om den nynorske skriftkulturen i det heile. I hovudoppgåva *Nynorsk sakprosa 1900-1999. Nynorsk skriftkultur sett gjennom den nynorske sakprosaen* (Lynghammar 2002) har eg kvantifisert den nynorske sakprosaen for å finna ut *kva slags* tekstar som vert gjevne ut *på kva måte, kor og av kven*. Eg har teke føre meg det av den nynorske sakprosaen som er registrert i Norsk bokfortegnelse (Norbok)<sup>139</sup> for åra 1900, 1925, 1950, 1975 og 1999. Til saman består tekstmaterialet av 723 tekstar. Desse tekstane har eg så undersøkt i forhold til sju ulike variablar:

- Diskursfellesskap
- Sjanger
- Språkblanding
- Emne (Dewey)
- Utgjevarar/forlag/utgjevarstader
- Format
- Omsetjingar

Kvar av desse variablane er tekne opp i eigne kapittel i hovudoppgåva. Til saman har variablane gjeve meg eit ganske breitt bilet av den nynorske sakprosaen, og meir eller mindre av den nynorske skriftkulturen i det heile. Fleire av variablane kan seia noko om domenet for den nynorske skriftkulturen.

Før eg går vidare, skal eg røpa dei åtte hovudfunna i avhandlinga:

1. Fordelinga av dei ulike sakprosakategoriane i den nynorske skriftkulturen held seg stabil i heile perioden. Sjølv om det er visse variasjonar frå år til år, held forholdet mellom storleikane seg stort sett stabilt gjennom heile det 20. hundreåret.
2. Domenet for den nynorske sakprosaen er i heile perioden humaniora, skulen og lokalsamfunnet. Innanfor realfag, teknologi og fritid/hobby er nynorsk så å seia fråverande i det 20. hundreåret og i nynorskhistoria i det heile.

<sup>139</sup> Norsk bokfortegnelse (Norbok) er den norske nasjonalbibliografien over grovt rekna alle bøker som vert gjevne ut i Noreg. Nasjonalbiblioteket/Universitetsbiblioteket har gjeve ut bibliografien kvart år sidan 1882, og han er basert på lova om pliktavlevering. Norsk bokfortegnelse er i dag òg tilgjengeleg elektronisk.

3. Nynorsk sakprosa er avhengig av statlege støtteordningar og idealistiske organisasjonar for å halda bokproduksjonen oppe.
4. Ein svært stor del av nynorsk sakprosa vert gjeven ut på eige forlag. Det gjeld ein stor del av tekstane som kjem ut i Oslo, og det gjeld mesteparten av tekstane som vert gjevne ut andre stader i landet.
5. Ei kommersialisering innanfor nynorsk sakprosa har fyrst skjedd dei siste åra.
6. Den nynorske sakprosaen vert i all hovudsak gjeven ut i Oslo og i dei fire vestlandsfylka Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
7. Omsetjingar av sakprosa frå utanlandske språk til nynorsk finst på det nærraste ikkje. Dei fleste omsette nynorske sakprosabøkene har originalutgåver på bokmål.
8. Nynorsk har vorte mindre kontroversielt i laupet av dei om lag 150 åra som har gått – det har skjedd ei normalisering.

Dette skal eg etter kvart utdjupa. Men fyrst skal eg seia litt meir om korleis eg har gått fram i arbeidet med hovudoppgåva.

*Sakprosa* vil i denne samanhengen i praksis seia dei tekstane som ikkje er registrerte som skjønnlitteratur i Norsk bokfortegnelse. Periodika som avisar og tidsskrifter har eg av omfangsomsyn ikkje rekna med. Slike tekstar vert heller ikkje registrerte i Norsk bokfortegnelse. I Norsk bokfortegnelse er dei fleste norske *bokutgjevingane* registrerte, med nokre unntak. Eg kan ikkje ramsa opp alle unntaka her, men det er hovudsakleg tekstar berekna til internt bruk, og hefter og brosjyrar og liknande, som ikkje vert registrerte. Stort sett alle bokutgjevingar frå både forlag, ulike organisasjonar og institusjonar vert registrerte i Norsk bokfortegnelse.

For dei to fyrste åra, 1900 og 1925, har eg nytta *Nynorsk boklista* (Aure 1916 og 1921) og *Nynorsk bokliste* (Aure 1926 og Gallis 1942) som kjelder. Desse boklistene er òg i all hovudsak baserte på Norsk bokfortegnelse, og dei nynorske tekstane er her samla i eigne nynorskbibliografiar. For dei andre åra har eg brukt Nasjonalbibliografiske data (2000) på cd-rom, der Norbok er ein av databasane. Fordelen med cd-rom-versjonen er at ein kan avgrensa søket etter både målform og kategori. Då eg gjennomførte denne delen av arbeidet, var ikkje den elektroniske versjonen av Norsk bokfortegnelse ført så langt tilbake som 1925, difor måtte eg nytta dei nemnte boklistene for dei to fyrste åra.

Gjennom desse kjeldene kom eg fram til det eg trur og meiner er eit representativt utval nynorske sakprosabøker. Men sidan verken Bibsys eller Norsk bokfortegnelse gjev gode nok opplysingar om tekstane ut frå det eg ville finna ut om dei, måtte tekstane undersøkjast empirisk. I laupet av rundt tre månader på Nasjonalbiblioteket i Oslo undersøkte eg difor rundt 600 av dei 723 tekstane

nærare. For dei resterande tekstane var opplysingane i Bibsys og Norsk bokfortegnelse utfyllande nok. Det gjeld til dømes ein del lærebøker.

I ein tredje fase nytta eg empirien frå Nasjonalbiblioteket til å kvantifisera materialet og til å ordna det i forhold til sju hovudvariablar. I utgangspunktet ville eg konsentrera meg om sjangrar og sjangersystem innanfor den nynorske sakprosaen, men eg fann etter kvart ut at eg måtte støtta meg til fleire variablar for å få eit nokolunde breitt bilet av den nynorske sakprosaen.

Eg skal gå gjennom dei sju variablane. Omgrepa *diskursfellesskap* og *sjanger* har eg henta frå John Swales og boka hans frå 1990, *Genre Analysis. English in academic and research settings*. Gjennom desse omgrepa vert det kontekstuelle elementet klargjort. Diskursfellesskapomgrepet seier noko om kva roller og omgjevnader tekstane har. Eit diskursfellesskap er eit sosio-retorisk nettverk som er danna for å nå eit bestemt sett felles mål. Og eit viktig trekk ved eit diskursfellesskap er at det har og bruker ein eller fleire *sjangrar* som det kommuniserer gjennom for å nå dei felles måla. Eit diskursfellesskap har òg utvikla ein eigen terminologi eller eit eige ordforråd. *Sjanger*omgrepet til Swales heng altså saman med diskursfellesskapomgrepet og er òg knytt til føremål. Ein sjanger er for Swales eit sett kommunikative hendingar, og felles kommunikative mål er det som først og fremst gjer desse kommunikative hendingane til ein sjanger. Forholdet mellom tekst og kontekst vert altså på denne måten eit spørsmål om korleis medlemsskap i ulike sosiale grupperingar (fellesskap) er realisert gjennom ein særskilt, konvensjonalisert språkbruk og gjennom særskilte, konvensjonaliserte sjangrar (diskurs). Eg har ordna alle tekstane etter slike diskursfellesskap og tilsvarande sjangrar som desse diskursfellesskapa nyttar seg av. Ut frå materialet kom eg fram til 16 ulike diskursfellesskap og 40 ulike sjangrar innanfor nynorsk sakprosa (jf. tabell 1 og 2).

*Tabell 1 Diskursfellesskap etter år og talet på tekstar*

Diskursfellesskap	Til saman	1900	1925	1950	1975	1999
	N	N %	N	N %	N	N %
Statens tekstar	190	26,3	19	50,0	35	24,8
Lokalhistorie	132	18,3	1	2,6	20	14,2
Humanistisk vitskap	92	12,7	4	10,5	18	12,8
Ungdomslag og mållag	52	7,2	3	7,9	27	19,1
Kunstlitteratur	52	7,2	2	5,3	7	5,0
Samfunnsvitskap	45	6,2			2	1,4
Statskyrkja	22	3,0	2	5,3	3	2,1
Juss	20	2,8	4	10,5	1	0,7
Anna	19	2,6			3	2,1
Lekmannsrørsla	18	2,5			5	3,5
Landbruk/skogbruk/bondereising	17	2,3			7	5,0
Fritidsaktivitetar	16	2,2			5	3,5
Naturvitskap	15	2,1			2	1,4
Populærvitskap	11	1,5	2	5,3	3	2,1
Privat næringssliv	10	1,4			1	0,7
Frihaldsrørsla	6	0,8	1	2,6	2	1,4
Kommunale tekstar	6	0,8				
<b>Totalt (NN %)</b>	723	100	38	100	141	100
					232	100
					198	100

Den tredje variabelen er *språkblanding*. I Norsk bokfortegnelse vert både bøker som berre er på nynorsk, og bøker som har innhald på både nynorsk og bokmål, registrerte som nynorskbøker. Difor har eg òg sett på korleis fordelinga er mellom reine nynorskbøker og det eg kallar for *språkblanda bøker*. Eg skal ikkje gå særleg inn på dette her, berre gjera merksam på at nynorsk sakprosa i denne samanhengen òg inkluderer ein del tekstar med innhald på både bokmål og nynorsk. I dei aller fleste språkblanda bøkene er nynorsken i mindretal. Og det ser ut til at språkblanda tekstar utgjer ein aukande del av den samla tekstmengda mot slutten av hundreåret. Det er særleg artikkelsamlingar, populære fagbøker og innføringsbøker som dreg opp dette talet. Samla sett er rundt 20 prosent av tekstane i undersøkinga språkblanda. Men då er ikkje lærebøker frå 1999 medrekna. På grunn av skulereformene i 1994 og særleg i 1997 var talet på nynorske lærebøker i 1999 så høgt som rundt 570. Sidan 1983 vert lærebøker ikkje registrerte i Norsk bokfortegnelse, men eg har fått tak i talet på desse lærebøkene gjennom Den Norske Bokdatabasen<sup>140</sup>. Informasjonen frå Den Norske Bokdatabasen er likevel så mangefull, og talet på lærebøker er så høgt, at eg har utelate desse bøkene frå materialet. Men dei andre åra er lærebøkene medrekna. På grunn av at lærebøkene frå 1999 ikkje er medrekna, skulle altså prosentdelen språkblanda bøker eigentleg vore noko lågare enn 20 prosent.

---

<sup>140</sup> Denne databasen inneheld katalogar for 700 forlag med til saman over 128 000 boktitlar, og 435 bokhandlar, rundt tretti forlag og nokre bibliotek er direktekopla til databasen (Andreassen 2000:333).

**Tabell 2 Sjangrar etter år og talet på tekstar**

Emne	Til saman		1900		1925		1950		1975		1999	
	N	N %	N	N %	N	N %	N	N %	N	N %	N	N %
Samfunnsvitskap	216	29,9	6	15,8	32	22,7	19	16,7	86	37,1	73	36,9
Geografi og historie	155	21,4	4	10,5	34	24,1	24	21,0	51	22,0	42	21,2
Språk og språkvitskap	87	12,0	8	21,0	20	14,2	20	17,5	19	8,2	20	10,1
Religion	66	9,1	4	10,5	19	13,5	13	11,4	19	8,2	11	5,6
Nytta vitskap og tekniske fag	54	7,5	1	2,6	10	7,1	8	7,0	19	8,2	16	8,1
Naturvitskap	47	6,5	10	26,3	8	5,7	15	13,2	12	5,2	2	1,0
Litteratur	36	5,0	4	10,5	6	4,3	7	6,1	4	1,7	15	7,6
Kunst og rekreasjon	32	4,4			8	5,7	5	4,4	11	4,7	8	4,0
Alminnelege skrifter	16	2,2			2	1,4	1	0,9	7	3,0	6	3,0
Filosofi	14	1,9	1	2,6	2	1,4	2	1,7	4	1,7	5	2,5
<b>Totalt (N/N %)</b>	<b>723</b>	<b>100</b>	<b>38</b>	<b>100</b>	<b>141</b>	<b>100</b>	<b>114</b>	<b>100</b>	<b>232</b>	<b>100</b>	<b>198</b>	<b>100</b>

Den fjerde variabelen er *emne*. Eg har sett på korleis tekstmaterialet fordeler seg i dei ti hovudemnegruppene i Dewey-systemet (jf. tabell 3).

**Tabell 3** *Tekstane etter år og emnegrupper i Dewey*

Sjanger	Til saman		1900		1925		1950		1975		1999	
	N	N %	N	N %	N	N %	N	N %	N	N %	N	N %
Lærermiddel	156	21,6	20	52,6	30	21,3	32	28,1	72	31,0	2 <sup>141</sup>	1,0
Jubileumsskrift	86	11,9			18	12,8	16	14,0	22	9,5	30	15,1
Populær fag-bok/innf.bok	68	9,4			19	13,5	5	4,4	18	7,8	26	13,1
Bygdebok/folkelivssk./folkem.	65	9,0	1	2,6	16	11,3	9	7,9	14	6,0	25	12,6
Artikkelsamling	42	5,8			6	4,3	5	4,4	6	2,6	25	12,6
Rapport	33	4,6			1	0,7	3	2,6	25	10,8	4	2,0
Historie/kultur-hist./hist.skr.	29	4,0	2	5,3	4	2,8	7	6,1	6	2,6	10	5,0
Føredrag/førelesing/tale	24	3,3	1	2,6	13	9,2	5	4,4	3	1,3	2	1,0
Avhandling/monografi	21	2,9	1	2,6	3	2,1	2	1,7	9	3,9	6	3,0
Ættebok	21	2,9			4	2,8	6	5,3	3	1,3	8	4,0
Biografi	20	2,8			5	3,5	2	1,7	6	2,6	7	3,5
Ordbok	20	2,8	3	7,9	2	1,4	2	1,7	3	1,3	10	5,0
Lov	14	1,9	4	10,5	1	0,7			6	2,6	3	1,5
Rettleiingsskrift info.skr.	14	1,9					7	6,1	6	2,6	1	0,5
Skjema/lister	14	1,9			2	1,4	2	1,7	10	4,3		
Memoarar	11	1,5	1	2,6			1	0,9	3	1,3	6	3,0
Debattbok	9	1,2							8	3,4	1	0,5
Handbok	9	1,2			2	1,4	3	2,6	2	0,9	2	1,0
Pamflett	9	1,2	2	5,3	3	2,1	2	1,7	2	0,9		
Oppbyggings-skrift	7	1,0			4	2,8			1	0,4	2	1,0
Reiseskildring	7	1,0			2	1,4	1	0,9	2	0,9	2	1,0
Blanda	6	0,8	1	2,6	2	1,4			1	0,4	2	1,0
Humorbok	6	0,8							1	0,4	5	2,5
Essay	5	0,7								5		2,5

<sup>141</sup> Talet er så lågt fordi lærermiddel/lærebøker for dette året ikkje er medrekna.

Bønebok	3	0,4							1	0,4	2	1,0
Aforismar	2	0,3			1	0,7					1	0,5
Bibelen	2	0,3	1	2,6					1	0,4		
Brev	2	0,3					1	0,9	1	0,4		
Dagbok	2	0,3			2	1,4						
Dokumentarbok	2	0,3									2	1,0
Intervjubok	2	0,3									2	1,0
Kokebok	2	0,3									2	1,0
Kunst-bok/utstillingskatalog	2	0,3									2	1,0
Naturskildring	2	0,3									2	1,0
Bokmelding	1	0,1					1	0,9				
Dyrehistorier	1	0,1									1	0,5
Katekisme	1	0,1	1	2,6								
Sitatsamling	1	0,1					1	0,9				
Studieplan	1	0,1					1	0,9				
Årbok	1	0,1			1	0,7						
<b>Totalt (N/N %)</b>	723	100	38	100	141	100	114	100	232	100	198	100

Dewey-systemet er eit internasjonalt klassifikasjonssystem som vert nytta av dei fleste biblioteka i Noreg. Det er eit generelt klassifikasjonssystem som freistar å klassifisera menneskeleg kunnskap i ti hovudklassar. Desse ti hovudklassane er vidare delte inn i ti underavdelingar, osv. Det er eit svært omfattande og detaljert system, som kan vera nyttig ved at ein kan leita etter bøker ved å søkja på emne. Klassifiseringa tek utgangspunkt delvis i sjanger og delvis i emne eller innhald. Fordelen for meg ved å bruka denne variabelen er at dei fleste bøkene er oppførte med Dewey-nummer i Bibsys og Norsk bokfortegnelse. Dei bøkene som ikkje hadde nummer, det gjeld særleg eldre bøker, gav eg sjølv nummer etter kva nummer seinare utgåver av dei same bøkene eller liknande bøker er registrerte med. Eg har berre sett på hovedemnegruppene som tekstane er ordna etter, men saman med dei andre variablane, særleg diskursfellesskap og sjanger, kan denne variabelen seia noko om *kva slags* tekstar som vert gjevne ut. Det skal eg koma tilbake til.

Den femte variabelen, *utgjevarar/forlag/utgjevarstader*, er todelt. Eg har sett på både *kven* som gjev ut tekstane, og *kor* dei vert gjevne ut. Utgjevarar/forlag viser til den konkrete, materielle sida av utgjevinga. Til forskjell viser *diskursfellesskap* heller til kva slags verdiar og ideologiar som ligg bak utgjevingane. Utgjevarane/forlaga har eg delt i tre: *medlemsforlag* (forlag som er medlemmer av Den norske Forleggerforening), *uavhengige forlag* og *eige forlag*. Den siste kategorien inneheld til dømes ulike organisasjonar og einskildpersonar. I årar

1925, 1950 og 1975 er rundt halvparten av tekstane gjevne ut på eige forlag. Ein stadig aukande del av tekstane har vorte gjeven ut på medlemsforlag. Det gjeld faktisk òg viss lærebøker ikkje er medrekna. Dei fleste av dei nynorske lærebøkene kjem ut på dei tre største forlaga Aschehoug, Cappelen og Gyldendal, og i avhandlinga viser eg at det samtidig nesten utelukkande er lærebøker desse forlaga gjev ut på nynorsk. Mangfaldet innanfor nynorsk sakprosa, viss ein kan kalla det det, er det *Det Norske Samlaget, andre, uavhengige forlag og eige forlag* som står for.

Samla sett har over 80 prosent av tekstane i materialet kome ut i Oslo eller i eitt av dei fire vestlandsfylka Hordaland, Rogaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Alle åra har over halvparten av tekstane kome ut i Oslo. I Oslo held dei aller fleste forlaga til, men mange av tekstane frå eige forlag er òg gjevne ut i Oslo. Det gjeld til dømes tekstar gjevne ut av Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Ser ein vekk frå Oslo, kjem det meste av nynorsk sakprosa ut på eige forlag i dei fire vestlandsfylka. Og mesteparten av tekstane som ikkje er gjevne ut i Oslo, er gjeven ut på eige forlag. Størstedelen av den nynorske sakprosaen vert altså gjeven ut i to område: der forlaga held til og der nynorskbrukarane bur.

Gjennom den sjette variabelen, *format*, har eg undersøkt tekstane ut frå fire ulike boktypar, *serie*, *verk*, *billigbok* og *praktbok*, og ut frå ei fordeling i to format, *bok* og *småtrykk*. I inndelinga i dei to formata bok og småtrykk har eg følgt bokdefinisjonen til UNESCO, som seier at ei bok er eit ikkje-periodisk skrift på minst 49 sider. Skrifter med færre enn 49 sider har eg kalla for småtrykk. Ein klart aukande del av tekstane utover på 1900-talet er *bøker*, viser materialet mitt. Men dette er nok like mykje ei generell historisk utvikling som noko som er spesielt for nynorsk sakprosa, vil eg tru. Av dei fire boktypane skal eg berre kort kommentera *seriane*. I alle seriane eg har kome over, er det humanistiske emne som dominerer, sjølv om nokre av seriane blant anna òg var eit forsøk på å utvikla ein nynorsk terminologi innanfor nye fagområde. Eit døme på ein slik serie er *Norske folkeskrifter*, som vart gjeven ut av Det Norske Samlaget, Noregs Ungdomslag og Studentmållaget i Oslo frå 1902 og framover.

*Omsetjingar* er den siste variabelen. Berre litt over ein tidel av tekstmaterialet er omsetjingar. Størsteparten av omsetjingane har originalutgåver på bokmål. Og dei fleste av desse er lærebøker. Eg har ikkje hatt kapasitet til å gjera parallelle undersøkingar av bokmålssakprosaen, og det finst heller ikkje noko særleg materiale å halda seg til. Eit av dei få arbeida som er gjort, vart gjort i 1957 av dåverande universitetsbibliotekar Kaare Haukaas. I arbeidet og teksten med titelen *Litteraturspråket i tidsrommet 1946 til 1955. Ei statistisk etterrøking* tek Haukaas føre seg all litteratur som kom ut mellom 1946 og 1955. Han ordnar tekstanne i faggrupper som liknar på emnegruppene i Dewey, og han deler tekstanne inn i fire språkkategoriar, *nynorsk*, *bokmål*, *bæ mål* og *utanlandsk*, med særleg fokus på korleis fordelinga er mellom nynorsk og bokmål. I det same arbeidet ser han på fordelinga av omsetjingar innanfor dei to målformene. Han viser at ein

tydeleg større del av sakprosaen som er skriven på bokmål, enn den som er skriven på nynorsk, er omsetjingar i perioden han undersøkjer.

Eg skal gå over til å sjå på kva dette kvantitative materialet kan fortelja om domenet for den nynorske skriftkulturen. Eg har altså kome fram til åtte hovedfunn. Fleire av dei har eg allereie kommentert. Det gjeld den geografiske fordelinga av utgjevarstader (punkt 6), og det gjeld den store delen nynorsk sakprosa som vert gjeven ut på eige forlag (punkt 4). Og det gjeld dei manglande omsetjingane innanfor nynorsk sakprosa (punkt 7). Alle desse tre punkta rører for så vidt ved domenesørsmålet, men eg skal her sjå på domene meir i forhold til fagområde og bruk og dermed konsentrera meg om dei tre fyrste av dei åtte hovedfunna.

Dei to funna eg ikkje har kommentert, går på at det ser ut til å ha skjedd ei kommersialisering innanfor nynorsk sakprosa først dei siste åra (punkt 5), og at det ser ut til at nynorsk har vorte mindre kontroversielt med tida, at det har skjedd ei slags normalisering (punkt 8). Desse punkta lèt eg liggja her. Eg skal gå til dei tre fyrste punkta.

Punkt 1 skal eg ikkje gå så mykje meir inn på – dei tre tabellane taler for seg sjølve – men det seier altså noko om ei manglande domeneutvikling innanfor nynorsk sakprosa. Det er i stor grad slik at dei sakprosadomena som nynorsken erobra på eit tidleg tidspunkt, dei har han enno. Få nye domene ser ut til å ha kome til i laupet av 1900-talet. Sjølv om det har vorte gjeve ut fleire og fleire nynorske sakprosabøker utover på 1900-talet, er fordelinga og forholdet vertikalt innanfor dei ulike variablane prega av ein meir eller mindre tydeleg stabilitet heile tida. *Humanistisk vitskap* er det viktigaste vitskaplege diskursfellesskapet alle åra, osv.

For, punkt 2: *Domenet for den nynorske sakprosaen er i heile perioden humaniora, skulen og lokalsamfunnet. Innanfor realfag, teknologi og fritid/hobby er nynorsk så å seia fråverande i det 20. hundreåret og i nynorskhistoria i det heile.* Det skal eg utdjupa ved å sjå nærmare på tabellane ovafor. Fyrst skal eg sjå på diskursfellesskap (tabell 1). Eg kan ikkje her forklara kva som er meint med alle desse 16 diskursfellesskapa, men eg skal kommentera nokre få av dei.

Diskursfellesskapet eg har kalla for *statens tekstar*, gjev ut eller nyttar blant anna sjangeren læremiddel. Eg har plassert desse tekstane her sidan dei står i ein slags mellomposisjon mellom forлага og dei statlege læreplanane. Læremiddel eller lærebøker er den klart største sjangeren innanfor diskursfellesskapet *statens tekstar*. Og av tabellen går det fram at *statens tekstar* er det største diskursfellesskapet alle åra. Skulen er altså eit av dei viktigaste og største domena for den nynorske skriftkulturen, ifølgje materialet mitt. Det vert òg understreka ved at læremiddel er den største sjangeren innanfor nynorsk sakprosa (jf. tabell 2).

Samla sett er *lokalhistorie* det nest største diskursfellesskapet. Det er det nest største diskursfellesskapet frå 1950 og framover. I 1925 var berre *ungdomslag*

*og mållag og statens tekstar* større enn *lokahistorie*, medan det var fleire som var større i 1900. Ein særleg auke i talet på tekstar innanfor dette diskursfellesskapet kom i 1999. Diskursfellesskapet *lokahistorie* er altså knytt til *lokalsamfunnet*, og både einskilde lokalhistorikarar og ulike lokale historielag/sogelag utgjer diskursfellesskapet. Sjangrane bygdebok/folkelivsskildring/folkeminne, historie/kulturhistorie/historiske skrifter og ættebok er dei viktigaste sjangrane innanfor dette diskursfellesskapet (jf. tabell 2).

Av dei vitskaplege diskursfellesskapa er *humanistisk vitskap* heilt klart det største og viktigaste alle åra. Av dei andre vitskaplege diskursfellesskapa viser *samfunnsvitskap* ei slags positiv utvikling mot slutten av hundreåret, med ein solid auke i 1975 og 1999 i forhold til dei tidlegare åra. Artikkelsamlingar, rapportar og populære fagbøker/innføringsbøker er dei sjangrane som dreg dette talet opp mot slutten av hundreåret. Dette kan kanskje visa ei slags lita utviding av domenet for den nynorske skriftkulturen.

Ser ein på dei andre diskursfellesskapa, ser ein til dømes at *naturvitskap* berre har gjeve ut 15 av tekstane i materialet. Og 10 av tekstane er ordna under diskursfellesskapet *privat næringsliv*.

Desse tendensane vert understreka når ein ser på kva slags Dewey-emnegrupper som er dei mest og minst dominerande (tabell 3). Øvst i tabellen står ”Samfunnsvitskap”. Det verkar kanskje litt underleg, men det skuldast at mange av lærebökene er plasserte i denne emnegruppa, i tillegg til alt anna som har å gjera med skular, folkehøgskular, ungdomslag og ein del andre lag og rørsler. Lover er også plasserte i denne emnegruppa.

Emnegruppa ”Geografi og historie” er den nest største emnegruppa. Det skuldast hovudsakleg *lokahistorisk* litteratur av ulike slag.

Og den tredje største emnegruppa er ”Språk og språkvitskap”. Lærebøker i norsk for grunnskulen og den vidaregåande skulen og ordbøker er dei største sjangrane her. Særleg kom det til ein del dialektordbøker i 1999, jf. auken for diskursfellesskapet *lokahistorie* det året. Interessant er det at mange av tekstane her er knytte til målsak og tilgrensande emne. Mellom 30 og 50 prosent av tekstane i denne emnegruppa handla om *målsak* og *nynorsk* og liknande emne i åra 1900, 1925, 1950 og 1975. I 1999 var dette talet nede i rundt 20 prosent, noko som kanskje speglar litt rolegare forhold i målsaka eller målstriden mot slutten av hundreåret. I det nemnte arbeidet til Kaare Haukaas kjem han fram til noko av det same for perioden mellom 1946 og 1955. Han har ei faggruppe han kallar for ”Språkvitskap”, og han skriv at dei fleste nynorskbökene i denne faggruppa er knytt til norsk språkgransking og målreising. Og han skriv vidare: ”Stadnamngransking og målforestudiar vart drivne av nynorskfolk” (1957:8). Det er altså ikkje berre det at humaniora er så dominerande, det er også slik at det særleg er norske forhold det vert skrive om på nynorsk innanfor humaniora.

Over 60 prosent av tekstmaterialet eg har undersøkt, hører til dei tre emnegruppene ”Samfunnsvitskap”, ”Geografi og historie” og ”Språk og språkvitskap”. Og dei tre er dei største emnegruppene alle åra.

Ottar Grepstad har i *Nynorsk faktabok 1998* også med ein tabell der sakprosabøker er ordna etter dei ti hovudemnegruppene i Dewey (Grepstad 1998:155). Tabellen hans tek føre seg perioden fra 1970 til 1994, og han deler tekstane inn i tre språkkategoriar: nynorsk, bokmål og engelsk. Tabellen til Grepstad viser den same tendensen som tabellen min gjer, men Grepstad har i tillegg altså med bokmålstekstar. Grepstad viser at ”Samfunnsvitskap” er den største emnegruppa innanfor bokmålssakprosaen også. Men her er ”Nytta vitskap og tekniske fag” den andre største emnegruppa, mens ”Geografi og historie” er den tredje største gruppa. Størst forskjell mellom nynorsk og bokmål er det i emnegruppa ”Nytta vitskap og tekniske fag”. Av alle tekstane i tabellen til Grepstad er ca. 0,8 prosent av tekstane nynorsk sakprosa tilhøyrande denne emnegruppa, mens 19 prosent av bokmålstekstane er å finna i denne emnegruppa. Når til dømes ”Naturvitenskap” har så mange tekstar som 47 i tabellen min over emnegrupper i Dewey, er det på grunn av at ein del lærebøker, til dømes i matematikk, er plasserte her. Ser ein vekk frå lærebøkene, finst det svært få nynorske sakprosabøker som handlar om naturvitenskaplege emne.

Den nemnte tabellen til Grepstad viser at nynorskprosenten er størst i emnegruppene ”Språk og språkvitskap”, der nynorskprosenten er på 17,7 prosent, ”Litteratur” (bøker om litteratur, ikkje skjønnlitteratur), der 13 prosent av tekstane er på nynorsk, og ”Historie og geografi”, med 12,1 prosent av tekstane på nynorsk. Alle desse tre emnegruppene er knytte til humaniora og humanistiske emne og understrekar soleis humaniora som eit av dei viktigaste domena for den nynorske skriftkulturen.

Trond Andreassen trekkjer i *Bok-Norge* (2000) fram hobbybøkene som ein særleg stor og aukande bokkategori. Han skriv at det til dømes i 1999 kom ut heile 43 bøker om mat og drikke. Andre typiske hobbybøker handlar til dømes om hagestell, interiør og reiser. Ingen slike bøker er å finna i tekstmaterialet mitt frå 1999. Kaare Haukaas kom heller ikkje over ei einaste hobbybok på nynorsk blant tekstane frå perioden mellom 1946 og 1955 (1957:9). Ser ein på bransjestatistikken til Den norske Forleggerforening, noko Ottar Grepstad gjør i *Nynorsk faktabok 1998*, vert dette ytterlegare understreka (Grepstad 1998:167 f.):

**Målform i bøker frå organiserte forlag 1987-1995**

Nye titlar for allmennmarknaden frå medlemsforlag i Den norske Forleggerforening

	1987		1988		1989		1990		1991		1992		1993		1994		1995		1996	
	NN	BM																		
<b>SKJØNNLITTERATUR</b>																				
Norsk prosa	27	202	24	173	24	175	19	203	33	225	18	233	28	266	19	281	28	238	31	314
Omsett prosa	3	286	5	291	0	293	1	300	4	289	4	300	2	313	2	450	2	344	1	400
Dikt og skodespel	19	87	22	102	25	99	15	70	16	70	25	59	28	71	26	74	30	62	25	102
<b>Sum</b>	49	575	51	566	49	567	35	573	53	584	47	592	58	650	47	805	60	644	57	816
<b>BARN OG UNGDOM</b>																				
Norske bøker	19	119	22	121	22	131	22	114	20	135	21	197	21	216	21	195	27	203	20	175
Omsette bøker	13	178	12	179	7	170	10	151	13	188	12	310	12	292	7	301	6	278	6	269
Teikneseriar i bokform	0	25	0	22	0	7	0	6	0	0	0	4	0	4	0	1	0	1	0	0
<b>Sum</b>	32	322	34	322	29	308	32	271	33	323	33	511	33	512	28	497	33	482	27	444
<b>SAKPROSA</b>																				
Memoarar, biografiar, essay	1	90	9	89	7	70	8	76	7	90	4	82	10	81	6	69	2	84	10	95
Historie, kulturhistorie	0	66	14	46	8	75	12	119	9	64	6	42	7	67	5	83	2	89	17	97
Filologi, språk	0	9	0	5	0	6	1	3	0	4	0	9	1	9	0	1	3	2	2	21
Filosofi, psykologi, pedagogikk	0	42	0	25	2	37	0	29	1	44	2	38	0	43	2	37	0	39	0	45
Samfunnsvitenskap, politikk, sosiologi	5	61	3	29	4	80	3	33	2	55	0	59	4	60	3	32	2	84	2	53
Debatt	0	4	0	14	0	21	0	25	0	48	4	18	0	18	2	28	0	19	0	14
Kunst, arkitektur, teater, film, musikk	1	16	1	17	2	15	0	13	1	24	0	31	0	35	4	18	5	34	0	40
Naturvitenskap	0	5	0	13	1	7	0	13	0	19	0	9	0	9	1	5	0	25	0	15
Religion	1	21	2	28	1	22	0	41	2	69	0	56	1	65	0	68	5	59	1	48
Medisin, hygiene, helselære	0	19	0	30	0	18	0	19	0	33	0	27	0	23	0	20	0	19	0	20
Geografi, reiseskildringar, guidar	1	19	0	18	0	16	0	38	2	67	0	46	0	45	2	31	0	54	1	41
Kokebøker, mat og drikke	2	36	3	22	2	31	0	18	3	32	0	20	3	20	0	18	1	37	0	55
Dyr og husdyr	0	12	0	11	0	12	0	10	0	14	0	10	0	10	0	10	0	12	2	18
Sport, friluft, leiker, jakt og fiske	0	11	0	36	0	17	0	18	0	30	0	40	0	32	0	43	0	29	0	28
Hobby- og nyttebøker	0	34	0	43	0	44	4	43	6	72	1	77	0	75	0	58	7	90	0	72
Spel, spørjebøker, humor	7	28	9	46	6	27	5	31	1	39	5	47	2	20	7	19	0	37	5	21
Data	0	10	0	11	0	2	0	3	0	1	0	1	0	0	0	4	0	1	0	0
Teknikk, bil, båt, fly	0	2	0	2	0	6	0	2	0	4	0	4	0	5	0	0	0	6	0	1
Oppslagsverk, leksikon, biletverk	1	58	0	49	1	28	3	47	1	55	0	55	6	45	1	23	0	37	0	34
<b>Sum</b>	19	543	41	534	34	534	36	581	35	764	22	671	34	662	33	567	27	757	40	718
<b>Til saman</b>	100	1440	126	1422	112	1409	103	1425	121	1671	102	1774	125	1824	108	1869	120	1883	124	1978

Kjelde

Rapportar frå forлага i bransjestatistikk for Den norske Forleggerforening 1991 og 1996

Sist oppdatert februar 1998

Det vert mange nullar under dei to store n-ane for nynorsk her.

Med det har eg nokså kort og overflatisk vist kva som ser ut til å vera hovuddomenet eller -domena for den nynorske sakprosaskriftkulturen eller eventuelt for den nynorske skriftkulturen i det heile. Eg har verken her eller i hovudoppgåva samanlikna med bokmålsskriftkulturen i særleg grad. Det finst knapt noko tilgjengeleg samanliknbart materiale på dette området, det er den enkle grunnen til kvifor. Og innanfor rammene av eit hovudoppgåveprosjekt var det heller ikkje mogleg for meg å gjennomføra ei parallel undersøking av den bokmålske sakprosaen. Med tanke på at nynorskbøkene ifølgje *Nynorsk faktabok 1998* har utgjort mindre enn ein tidel av alle bokutgjevingane i landet dei siste tiåra (Grepstad 1998:147), seier det seg sjølv at det hadde vore uoverkomeleg å gjer noko slikt innanfor eit hovudoppgåveprosjekt.

Eg skal kort kommentera det tredje av dei åtte hovudfunna òg: *Nynorsk sakprosa er avhengig av statlege støtteordningar og idealistiske organisasjonar for å halda bokproduksjonen oppe*. Støtteordningar kjem til dømes lærebøker og samlagsbøker til gode. Nynorske lærebøker finst særleg som følgje av vedtaka om parallelutgåver av nynorske lærebøker frå 1969 og 1974. Eg nemner etter

ein gong at medan det er Aschehoug, Cappelen og Gyldendal som gjev ut dei fleste nynorske lærebøkene, er det samtidig slik at det stort sett berre er lærebøker desse forlaga gjev ut av bøker på nynorsk i det heile.

Det Norske Samlaget har fått støtte frå staten stort sett heile tida sidan 1881, då det fekk støtte til å setja om Bibelen til nynorsk. I tillegg har det vore slik, skriv blant andre Trond Andreassen i *Bok-Norge*, at det sokalla Nynorsktilskotet, som vart etablert i samband med Kulturfondet i 1965, i praksis har gått til Samlaget det òg, sjølv om det i utgangspunktet ikkje har vore øyremerk til Samlaget (Andreassen 2000:203). Andre forlag har i liten grad vore interesserte i støtta. Samlaget har dermed kunna halda oppe ei viss breidd i utgjevingsprofilen, medan dei største forlaga stort sett har gjeve ut *lærebøker* på nynorsk.

Når det gjeld det eg kallar for idealistiske organisasjonar, skal eg berre nemna at tekstane frå dei seks diskursfellesskapa *lokalhistorie*, *ungdomslag* og *mållag*, *lekmannsrørsla*, *landbruk/skogbruk/bondereising*, *fritidsaktivitetar* og *fråhaldsrørsla* til saman utgjer ein tredel av det samla tekstmaterialet. Tekstane frå desse diskursfellesskapa utgjer saman med læremidla som høyrer til diskursfellesskapet *statens tekstar*, nærmare 54 prosent av den samla tekstmengda i materialet. Over halvparten av tekstane er altså gjevne ut direkte eller indirekte på grunn av statlege støtteordningar og idealistiske organisasjonar og rørsler.

Kan så denne domenesituasjonen forklarast på noko vis? Kan dei åtte hovudfunna forklarast? Ja, det vil eg tru, og eg gjer eit forsøk på å forklara dei i avhandlinga. Eg skal avslutta med nokre kommentarar om dette. I forsøket på ei forklaring føreslår eg at den manglande utvidinga til nye domene ikkje berre har hatt med ei stenging og manglande godtaking frå utsida, den hegemoniske kulturen, å gjera, men at det heller ikkje har funnest noka særleg medviten satsing på domeneutvikling innanfor den nynorske skriftkulturen. Tidleg vart den nynorske skriftkulturen forankra meir i ideologi enn i bruk. Og ressursane vart etter kvart heller sette inn på å styrkja nynorsken innanfor dei domena der han hadde fått fotfeste frå først av, til dømes skulen, staten, lokalsamfunnet og humaniora, enn på å ta i bruk nynorsken innanfor nye fagområde og domene. Og gjennom å stadfesta dette avgrensa domenet gong på gong, vert kan hende fordommane på utsida tilsvarande skjerpa og til dømes knytte til tankar om at nynorsken berre passar i visse samanhengar. Desse to kreftene, ei frå innsida og ei frå utsida av den nynorske skriftkulturen, kan så ha verka gjensidig forsterkande på einannan. Med eit avgrensa domene for den nynorske skriftkulturen som resultat.

## **Litteratur**

- Andreassen, Trond. 2000. *Bok-Norge. En litteratursosiologisk oversikt*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget
- Aure, Anton. 1916. *Nynorsk boklista. Skrifter i bokform paa norsk – bygdemaal og landsmaal – 1646-1915*. Kristiania: Nikolai Olsen
- Aure, Anton. 1921. *Nynorsk boklista. Andre bandet 1916-1920 (med tillegg til fyrste bandet)*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Aure, Anton og Olav Dalgard. 1926. *Nynorsk bokliste. Tridje bandet 1921-1925*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Gallis, Arne. 1942. *Nynorsk bokliste. Fjerde bandet 1926-1935 (med tillegg)*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Grepstad, Ottar. 1998. *Nynorsk faktabok 1998*. Oslo: Nynorsk Forum
- Haukaas, Kaare. 1957. *Litteraturspråket i tidsrommet 1946 til 1955. Ei statistisk etterrøking*. Oslo: Kringkastingsringen
- Lynghammar, Vidar. 2002. *Nynorsk sakprosa 1900-1999. Nynorsk skriftkultur sett gjennom den nynorske sakprosaen*. Hovudoppgåve. Oslo: UiO
- Nasjonalbibliografiske data 2000:2 (cd-rom)*. Oslo: Nasjonalbiblioteket
- Swales, John. 2001. *Genre Analysis. English in academic and research settings*. 8. oppl. Cambridge: University Press



# Jorda rundt i kavbåt og andre klassikarar

Per Egil Hegge

Å flytta innanrikske språkgrenser er ein tung operasjon, men å dulta borti språkmurar og gi dei ein aldri så liten bulk, høyrer festlivet til. Oppkveika som eg vart av ei oppleving for snart tre veker sidan, vil eg, trass i overskrifta - og eg skal koma attende til overskrifta - framføre dette på nynorsk. Det medfører føre for at det for somme kan høyrast som knot, dels av di de ikkje er vane med at det kjem nynorskord ut av akkurat denne munnen, dels av di den midtnorske intonasjonen ikkje har telemarks- eller gudbrandsdalseigenskapar. Eller skulle eg seie gudbrandsDALseigenskapar?

Dei eldre mellom dykk hugsar kanskje - på tale om intonasjon - ein utanriksminister som heitte John Lyng. Han snakka finnøndersk på opp til fleire språk, dette er Flettfrid Andresens sobre morsmål og diksjon, og det fonetiske høgdepunktet i hans fem år som utanriksminister var nok da han ynskte sin amerikanske yrkesbror velkommen til landet på Bodø flystasjon med dei historiske orda: "Welcome to Norway, din rusk."

Dean Rusk var ein røsleg kar, så dette var spinnande galen uttale på absolutt rett plass andsynes heilt rett mann. Feil, trykkfeil inkludert, kan bli svært så meiningssberande og innhalds- og assosiasjonsrike: Min personlege rekord er frå eit stykke eg skreiv om den russiske lyrikaren Osip Mandelstam, som døydde i ein av Stalins fangeleirar, og, skreiv eg, vart gravlagd "i en umerket massegrav". I avisato det at han "ble gravlagt i en utmerket massegrav". Det kan ein sjølv sagt også kalle det.

Men altså, den store opplevinga: Det er få institusjonar i Noreg der nynorskprosenten er lågare enn i Norske Selskab, som held til i Akersgata, og som er ei djerv, om kanskje lett geriatrisk, vidareføring av det som Johan Herman Wessel tok til med i København for over 200 år sidan. Det er (eller kanskje var) ein finare herrekubb som no altså er sokken så lågt at dei har teke opp meg som medlem. Tidene er ikkje som før. Mellom dei dagane dei feirar, er mortensdagen, altså 11. november. Då har dei gåsemiddag, og det skal haldast ein gåsetale av ein gåsetalar. Dette vert rekna som ei stor ære, og det skal ikkje vera ein vanleg festtale. Talaren, som har hemmelegstempla identitet inntil han er vorten introdusert, står svært fritt, men bør nok legge inn nokre få tilknytingspunkt til gås, og til han som gav navn til mortensdagen. Det var, som de sikkert veit, heilag Martin, som levde frå 317 eller tri hundrad sauksjan, som gamle folk seier i Sogn, til 397. Han var sant nok fødd i 316, men det lyder betre med sauksjan når det først skal vera fest. Han kom til verda i Pannonia (nokon som veit kvar det er?) og døydde på sotteseng som biskop i Tours i Frankarland. Han var den første som vart heilagkåra utan å ha kvalifisert seg til det gjennom å døy som martyr.

Vel.

Eg tenkte her gjeld det å blinke ut to delmål: 1) Utføra oppdraget på ein minneverdig måte, ja, faktisk slik at det blir hugsa og ikkje dett ned i eit svart hol av gløymsle, trass i all geriatrien, og 2) Syrgje for at eg ikkje ein gong til skulle koma til å bli plaga med dette. Så difor heldt eg gåsetalen på nynorsk - med innleiande åtvaring om at dersom dette vart så sterkt at det kunne skipla ei normal og helseforsvarleg matmelting, ja, så fekk dei som såg seg i føre, ta ein avstikkar til biljardrommet eit kvarters tid.

Då overraskinga hadde lagt seg - utan protestar og utan at så mykje som ein einaste treiv etter dørklinka i språkleg panikkangst - gjekk dette forbausande bra. Det var til og med ein banksjef som sa at han, trass i oppvekst i Oslo 3, hadde vore bankmann i Kinsarvik nokre år, og ved tilsetjinga noko ottesamt hadde gjort merksam på at han ikkje kunne tala nynorsk. Til svar fekk han at "du treng ikkje tala nynorsk, men du skal skriva nynorsk". Så det hadde han lært seg.

No skal ein gåsetale i Norske Selskab rimelegvis ha eit innslag av gastronomisk grunntekst, og gastronomien er i ferd med å bli eit nynorskdomene, frå tagale smalahöve til Ingrid Espelid med ein liten persillekvast etter at me har juksa aldri så lite, til Arne Brimi med einebær, rjuper, kreklingvin og sjalottlauk - og til Lars Barmen ute ved dei drivande garn og kjøt som er gått ut på dato. Det letta sikkert både blodtrykket og presset på dei indre organ. Men truleg blir det ei stund til neste nynorske gåsetale i Norske Selskab, som altså skriv navnet med b til slutt og utan bestemt artikkel. Og jamvel dei mest heilhuga og ekspansjonskåte målmenn bør slå frå seg tanken på at dette er ein bastion som ventar på å bli hersett og kverrsett av nynorskingane. Sjølv i samband med historiske gåsemidagar skal ein ikkje gape over for mykje.

Etter dette djupdykket i norsk samtidshistorie hadde eg tenkt å gå i barndomen og plaga dykk med den, jamvel om han etter kvart ligg ganske langt tilbake. Eg vokste opp i Innherad, i ei bygd der Olav Duun var lærar eitt år (og klaga over at det var så fagert der at han ikkje kunne bli, for han fekk ikkje skrive noko. Han drog då til Singsås, eit svært fornuftig og estetisk sett godt grunngjeve val ut frå eit slikt kriterium). Det er og ei bygd som var endestasjonen for Aasmund Olavsson Vinje på den reisa som han skildrar i *Ferdaminni*. Faktisk var det dit han verkeleg skulle, dette med kroninga i Trondheim var berre eit påskot. På Inderøy skreiv han "Her ser eg fagre fjord og bygdir", og det hadde og gjorde han han rett i, og han skreiv om silda og flyndra og. Peter Egge la nokre av romanane sine dit, og da eg gjekk i første klasse, var den mest interessante skole-eleven ein vanskeleg framslenging som var flink i fotball og sløyd og heitte Nils Aas.

Det var ei nynorskbygd, med ein folkehøgskule der Nils Sivertsen, far til seinare statsråd Helge Sivertsen, var styrar, og der diktarapparatet Vesaas (som det heiter i ei sjølvbiografisk bok av den kvinnelege delen), Martin A. Hansen, Ib Schønberg og andre ofte var gjester på kulturkveldar. Og da var det fullt. For

dei som kjenner sin Snorre, var det på dei traktene Olav Tryggvason tok seg ein tur inn fjorden i 997, etter at han hadde grunnlagt Trondheim, for å sjå etter om kristendomen sat der inne i bygdene. Han var ikkje heilt sikker. Og rett nok - dei heldt blot på Mære på den andre sida av Borgenfjorden da han kom dumpande på dei. Da hovdingen Svartskjegge baud kongen å fylgje gamal skikk og blote med bøndene som før, kom det til litt knuffing, og på ein eller annan måte vart Svartskjegge drepen. Da baud kongen dei kristendomen, og bøndene let seg døype, skriv Snorre.

Dette er altså det som i norsk politikk heiter eit føyeleg folkeslag. Neste gong det vart vanskeleg, var godt og vel 900 år seinare, da Telemarkspresten Halfdan Wexelsen Freihov fekk kall på Inderøy og lyste velsigninga med orda "Herren vere med dikkon." Det skapte forargning, og ein av bøndene hadde teke så godt vare på arven frå Svartskjegge at han sa på kyrkjebakken: "Kain skjønn, hain Jesus sa da vel itj Herren vere med dikkon, hain sa Herren være med Eder."

Alt må vera på originalspråket, som Aksel Sandemose sa ein julekveld han ikkje fann den danske utgåva av Bibelen, etter det Erling Nielsen har fortalt.

Skolebiblioteket var solid, kommunen hadde pengar. Det vil seie, det hadde kommunen ikkje, men biblioteket hadde bøker.

Mine første politiske barndomsminne er ein far som pla koma illsint heim frå møta i kommunestyret der Bondepartiet etter ein gong hadde stemt ned det obligatoriske framleggelsen hans om å løyve 150 kroner til eitt eller anna kulturføremål. Etter fleire nei tok han elevane sine - ja da, han var lærar og kyrkjesongar - med på tyttebærtur, baud dei å selgje tyttebæra til foreldra, og for pengane kjøpte dei blokkfløyter, og så starta han musikkundervisning. Ein av elevane hans heitte Ketil Haugsand, som no er cembalist og musikkprofessor i Köln, ein annan heiter Per Olav Kvistad Uddu og er profesjonell musikar og administrator og leier komiteen for Olavsdagane i Trondheim.

I skolebiblioteksamlinga fann eg det eg trudde var det meste av nynorskdiktaren Jules Vernes produksjon, eg var sikker på at Jules Verne skreiv på nynorsk, kvar han no enn hørde heime i kongeriket, truleg på Vestlandet ein stad. *Ei reise rundt månen* var litt for teknisk. Men *Jorda rundt i kavbåt*, som andre kanskje kjenner under tittelen *En verdensomseiling under havet* - det var saker. Det same var *Tsarkureren*, enda eg aldri heilt forsto kva ein kurer eigenleg var, eller kvifor ein trengde slike når Augusta på postkontoret måtte ha gjort same nytta, ho var da så påliteleg.

Vi hadde ei dansk hushjelp, og ho hadde merka seg denne interessa for Jules Verne, så i julegave eit år fekk eg *Kaptein Nemo* på dansk frå henne. Men det vart ikkje det same, det hjelpte ikkje at mor av og til las høgt for far frå Martin A. Hansens bøker. Jamvel om dansk vart det første framandspråket mitt.

Og det er stadig ikkje det same. For meg er det heilt umogleg å lesa Bibelen på bokmål eller riksmål, det blir melkepapp, det blir mest som når Jan Erik Vold

omset seg sjølv til nynorsk og gjer IKKE til IKKJE og reknar det for ei bragd. Det stundar til jul, og juleevangeliets ord om at ”de ble meget forferdet” høyrest som ei NTB-melding om ein krisesituasjon av moderat omfang langt borte. Men når du hører at ”dei vart følante redde”, da forstår du at her er det alvor, at ”dæm vart skikkele skræmt å ja”. Det kan bli verre enda, og alle som driv med språk og omsetjing, veit mykje om slike komplikasjonar: Hos ein dansk ven kom eg ein gong over ei dansk utgåve av *Juvikfolke*, og eg navigerte meg fram til ”I stormen” mot slutten av boka, der Lauris og den mannlege hovudpersonen, Odin, skal over fjorden for å hente dokter. Duun slår den tragiske grunntonen an med den monumentale og ryggmargsskrapande setninga ”Så bar det i veg”.

På dansk sto det: ”Saa tog de afsted.” Det blir ikkje det same. Det blir noko heilt anna. Og eg gjorde som den unge mannen i Matteusevangeliet, kap. 19 - og her siterer eg på riksmål - og gikk bedrøvet bort, lengst mogleg vekk frå bokhyl-la.

Som osloman gjennom meir enn 40 år, med tidvise opphold i utlandet i over tolv av dei, har eg også gått bort frå nynorsken i det yrkesmessige. Det kjem av opportunisme. *Aftenposten* kjem aldri til å jamstille nynorsk og bokmål, jamvel om refrengen frå den interne spottevisa frå ein redaksjonsfest på 60-talet konge er historie: ”Vi er redaksjonen i den kongeblå avisens, nu, frem og kursus og etterpå”. Dette er eit lite kjent meisterverk forfatta av Øyvind Thorsen, Knut A. Nilsen og Knut Bjørnskau, dei tre som hadde ansvaret, dersom det skulle ha vore det rette ordet, for heilsida ”På siden” i laurdagsavisene fram til ca. 1990.

Men det har vore litt interessant å sjå neste generasjon. Så eg skal plaga dykk med det og, jamvel om eg no blir personleg og til dels privat, og dette berre er anekdotisk sosiologisk materiale og dermed ikkje held mål som vitskap.

Vi har tre barn, alle er fødde på 60-talet, og alle har gått på skule i Oslo eller i Washington. Ingen av dei vart utsette for nynorsk, den eldste ikkje før ho vende heim som 15-åring for å gå på Oslo Katedralskole. Der kom nynorsken inn i hennar liv for første gong. Og det vart ein bøyg - inntil ho tenkte: Her har eg lært meg engelsk, fransk og dansk og er godt i gang med italiensk, og så skulle det vera uråd med nynorsk? Ho kom av seg sjølv på å studere det med same metode som ho hadde brukt for å læra utalandske framandspråk. Det er sjølv sagt betre å gjera som Berge Furre, og gå til Norsk målførearkiv og be dei peike ut den staten i landet der dei talar den beste nynorsken, og så ta sommarjobb der som onnekær, år etter år. Men det ligg 50 år tilbake. For 20 år sidan var det knappast eit alternativ for ei 15 år gammal jente med foreldre som enno budde i utlandet.

Nr. 2 kom heim frå USA med oss året etter og gjekk på det første kullet som hadde IB-eksamen i sikte, eksperimentklassa på Berg her i Oslo. Der hadde dei ikkje nynorsk, ikkje i det heile. Gamlefars såg med mishag på dette, men det er ikkje så mykje ein kan tvinge 15 år gamle gutter til. Det hender ein skal la naturen gå sin gang, innafor rimelege grenser. Så han vart etter kvart gift med ei Vossa-jente og bur på Voss, der eit snart fem år gammalt barnebarn ringjer til

farfar med overdådig skarre-r og spør: ”Korleis e det med dekjan”? Og da har det seg ikkje annleis enn at setlane sit laust framføre fødselsdagar og slikt.

Den tredje driv med Informasjonsteknologi og kjem ikkje til å åpne Windows eller vindauge til nynorsken, som han meiner er det største oppkonstruerte tøv som finst. Men det meiner han stort sett om norsk skole i det heile, så han språkdiskriminerer ikkje. Og han har profilerte og svært klåre og bastante oppfatningar om det meste, kvar han no måtte ha det frå.

Med utsyn både til og frå alderdommens gyngestol er det ikkje så mykje meir å seie. Om eg blir pensjonist, skal eg bruka ein del av denne alderdommen til å lese jubileumsutgåva av Olav Duun - og irritere meg blå over at ein klåfingra forlagsredaktør har retta på den dialektprega nynorsken hans. For under desse rettingane leikar det stadig fisk - og kavbåtar - ned i kavet.

Og då ber det i veg.

Takk for at de høyrd på, og for at de stort sett klarte å halde dykk vakne.

Eit PS: Overskrifta på dette bidraget var - om nokon hugsar så langt tilbake eller har sett på timeplanen – ”Jorda rundt i kavbåt og andre klassikere”.

Det vil knapt vera overraskande om eg fortel at den vanlege, raude etterskrifta på stiloppgåvene på gymnaset for over 40 år sidan jamnt kokte ned til: ”Ja, men tenk om du kunne halde deg innafør oppgåva”.

Eg har gjennom åra tenkt mykje på det. Men eg har ikkje gjort så mykje med det.

Og når eg ser meg attende, har det visst ikkje gått så aller verst likevel.